St prp nr 1
(1998-99)

FOR BUDSJETTERMINEN 1999

Miljøverndepartementet

Utgiftskapittel: 1400-1471,2422 og 2465

Inntektskapittel: 4400-4471

Med oversikt over den samla miljøvernpolitiske satsinga

Dette er side 2.
Den skal være blank

Ryggtittel:

St prp nr 1 (1998-99) Miljøverndepartementet

Miljøverndepartementet
Kap. 1400-1471, 2422, 2465 og 4400-4471

St prp nr 1
(1998-99)

FOR BUDSJETTERMINEN 1999

Miljøverndepartementet

Tilråding frå Miljøverndepartementet av 18. september 1998,
Godkjent i Statsråd same dag.

Føreord

St prp nr 1 frå Miljøverndepartementet består av 3 kapittel. I kap 1 blir det gitt eit oversyn over dei resultat som er nådd og hovudprioriteringane i miljøvernpolitikken. I kap 2 blir det gjort greie for dei nasjonale miljømåla. Kap 3 gir ei framstilling av mål, verkemiddel og budsjettframlegg frå departementet.

I kap 1 blir det gjort greie for kva resultat som er oppnådd i miljøvernpolitikken i Noreg, kategorisert etter ulike resultatområde. Samstundes blir dei hovudutfordringane vi står framfor i åra som kjem omtala. Deretter blir dei viktigaste politiske prioriteringane i budsjettet for 1999 frå Miljøverndepartementet presentert, saman med miljøvernpolitikken på budsjetta til andre departement. Det blir gjort greie for miljøprofilen i det samla statsbudsjettet.

I kap 2 blir omtala dei nasjonale, tverrsektorielle miljømåla der også andre sektorar og aktørar enn den statlege miljøforvaltninga har verkemiddel. Dei nasjonale resultatmåla representerer øvste *operative* nivå i ein hierarkisk målstruktur. Resultatmåla er ei konkretisering og operasjonalisering av dei strategiske miljøvernpolitiske måla, og viser kva resultat som skal oppnåast innanfor det enkelte resultatområde. Dei nasjonale resultatmåla skal saman med sektorvise resultatmål danne ein heilskapleg og logisk struktur, i den forstand at sektorvise mål skal kunne avleiast frå og aggregerast til nasjonale mål. Dei sektorvise måla for Miljøverndepartementet er omtala i kap 3. Alle resultatmåla er gruppert i ulike resultatområde (sjå omtale under).

Kap 3 presenterer dei sektorvise resultatmåla til miljøvernforvaltninga, dvs der statleg miljøvernforvaltning sjølv har verkemiddel. Der Miljøverndepartementet har verkemidla i sin heilskap under eit nasjonalt resultatområde, er det i kap 3 berre vist til omtalen av resultatområde i kap 2. I kap 3 framgår også budsjettframlegget frå Miljøverndepartementet delt på kvar enkelt programkategori.

Miljøverndepartementet har ein resultatområdestruktur med 11 resultatområde med tilhøyrande resultatmål og resultatindikatorar. Kvart resultatområde omhandlar eit miljøvernpolitisk tema og uttrykkjer regjeringa sine miljøvernpolitiske satsingar innanfor dette.

Resultatområda er som følgjer:

1. Vern og bruk av biologisk mangfald
2. Friluftsliv
3. Kulturminne og kulturmiljø
4. Ureining av hav- og vatn
5. Helse og miljøfarlege kjemikaliar
6. Avfall og attvinning
7. Klimaendringar, luftureining og støy
8. Internasjonalt miljøvernsamarbeid, internasjonal assistanse, nord- og polarområda
9. Regional planlegging
10. Kart og geodata
11. Organisasjon og økonomi

Det er gjort ei nærare avgrensing av kvart resultatområde i kap 2.

INNHALD

Side

1. Innleiing

1.1 Hovudutfordringar og hovudelement i den nasjonale miljøvernpolitikken 7
1.2 Oppnådde resultat 9
1.3 Viktige prioriteringar for 1999 for Miljøverndepartementet 12
1.4 Miljøvernpolitiske satsingar på budsjetta til andre departement 20
1.5 Miljøprofilen i avgiftsopplegget 26

2. Nasjonale miljømål

2.1 Vern og bruk av biologisk mangfald 28
2.2 Friluftsliv 37
2.3 Kulturminne og kulturmiljø 41
2.4 Ureining av hav- og vatn 45
2.5 Helse- og miljøfarlege kjemikaliar 49
2.6 Avfall og attvinning 53
2.7 Klimaendringar, luftureining og støy 56
2.8 Internasjonalt miljøvernsamarbeid, bistand, nord- og polarområda 65
2.9 Regional planlegging 75
2.10 Kart og geodata 78
2.11 Organisasjon og økonomi 80

3. Miljøverndepartementet sine mål, verkemiddel og budsjettframlegg

Programkategori 12.10 Fellesoppgåver, forskning og administrasjon. ... 82

Resultatområde 11 Organisasjon og økonomi 82
Kap
1400 Miljøverndepartementet (jf. kap 4400) 86
4400 Miljøverndepartementet (jf. kap 1400) 87
1401 Opplysningsverksemd, tilskot til organisasjonar 88
1406 Miljøvernavdelingane ved fylkesmannsembeta (jf. kap 4406) 90
4406 Miljøvernavdelingane ved fylkesmannsembeta (jf. kap 1406) 93
1410 Miljøvernforskning (jf. kap 4410) 94
4410 Miljøvernforskning (jf. kap 1410) 98

Programkategori 12.20 Biomangfald, friluftsliv og kulturminne. 99

Resultatområde 1 Vern og bruk av biologisk mangfald 100
Resultatområde 2 Friluftsliv 107
Resultatområde 3 Kulturminne og kulturmiljø 110
Kap
1422 Naturvern og kulturminnevern 114
1425 Vilt og fisketiltak (jf. kap 4425) 115
4425 Refusjoner fra viltfondet og Statens Fiskefond (jf. kap 1425) 121
1426 Statens naturoppsyn (jf. kap 4426) 123
4426 Statens Naturoppsyn (jf. kap 1426) 125
1427 Direktoratet for naturforvaltning (jf. kap 4427) 126
4427 Direktoratet for naturforvaltning (jf. kap 1427) 136
1429 Riksantikvaren (jf. kap 4429) 137
4429 Riksantikvaren (jf. kap 1429) 145

Programkategori 12.30 Miljødata, ureining og miljøeffektivitet 146

Resultatområde 4 Ureining av hav og vatn 147
Resultatområde 5 Helse- og miljøfarlege kjemikaliar 150
Resultatområde 6 Avfall og attvinning 155

Kap
1441 Statens forurensningstilsyn (jf. kap 4441) 162
4441 Statens forurensningstilsyn (jf. kap 1441) 170
1442 Vatnmiljø-, avfalls- og spesialavfallstiltak 172
1443 Miljøovervaking og akutt ureining..... 176
1449 Refusjonsordningar for spesialavfall - bilvrak og spillolje 178
2422 Statens miljøfond 179

Programkategori 12.50 Regional planlegging, areal og kartpolitikk...... 180

Resultatområde 9 Regional planlegging..... 181
Resultatområde 10 Kart og geodata 184
Kap
1463 Regional og lokal planlegging 189
1465 Statlege kjøp av tenester i Statens kartverk 192
2465 Statens kartverk (jf. kap 5491 og 5603)..... 194

Programkategori 12.60 Internasjonalt samarbeid, klima, nord- og polarområda. 198

Resultatområde 7 Klimaendringar, luftureiningar og støy..... 199
Resultatområde 8 Internasjonalt miljøvernsamarbeid, hjelp, nord- og polarområda..... 202
Kap
1470 Internasjonalt samarbeid, tiltak for luftmiljø og polarforvaltning (jf. kap 4470) 205
4470 Internasjonalt samarbeid, tiltak for luftmiljø og polarforvaltning (jf. kap 1470) 209
1471 Norsk Polarinstitutt (jf. kap 4471)..... 210
4471 Norsk Polarinstitutt (jf. kap 1471)..... 212

Oversyn over budsjettframlegget frå Miljøverndepartementet 213

Tilråding. 219

Framlegg til vedtak. 220

1. INNLEIING

1.1. Hovudutfordringar og hovudelement i den nasjonale miljøvernpolitikken

Hovudutfordringar

Naturgrunnlaget på jorda set rammer for aktiviteten til menneska. Produksjons- og forbruksmønsteret er i dag eit trugsmål mot globale fellesressursar. Redusert biologisk mangfald, auka konsentrasjon av klimagassar i atmosfæren og spreiing av helse- og miljøfarlege kjemikaliar trugar miljøet og sjølve livsgrunnlaget på jorda. Den ujamne globale fordeling av materiell levestandard og sjansar for menneska er i seg sjølv djupt urettvis og også eit trugsmål mot miljøet. Dei rike land har eit hovudansvar for å redusere si belastning på miljøet til eit nivå som gir alle menneske i verda høve til å nyte godt av like livsvilkår. Men vi har også eit hovudansvar for å samarbeide med utviklingslanda om å skape ei økonomisk utvikling som er berekraftig og rettvis i alle delar av verda.

Vi står også overfor store utfordringar for å sikre den nasjonale og lokale miljøkvaliteten i Noreg. Eitt døme er luftureining og støy som er eit alvorleg helse- og trivselproblem i mange norske byar og tettstader. I tillegg til å påføre mange menneske store plager, inneber dette store kostnader for samfunnet knytt til ma sjukefråvere og behandling.

Miljøvernpolitikk handlar ikkje berre om korleis vi skal unngå å skade livsgrunnlag, miljø og helse. Det dreier seg også om korleis vi skal leggje tilhøva til rette for at den enkelte kan velje det gode liv. Vi har spesielt gode føresetnader i Noreg for å utvikle samfunn med nærleik til natur, og for å ta vare på kultur- og naturminne som skaper identitet og visdom til å byggje samfunnet vidare på.

Det er nær samanheng mellom globale, nasjonale og lokale miljøutfordringar. Same kjelde er ofte årsak til både lokale, nasjonale og globale miljøproblem, og dei globale miljøproblema skuldast summen av lokale miljøpåverknader. Dette må møtast med lokal handling og endring. Det ligg eit potensiale for betre livskvalitet og ei meir berekraftig utvikling i å leggje til rette for eit meir miljøvenleg lokalsamfunn. Kommunane har ei viktig rolle i dette arbeidet, men dei er avhengig av samarbeid med innbuarane sine og med næringslivet i eigen kommune.

Å produsere og forbruke med mindre miljøslitasje og mindre bruk av ikkje fornybare ressursar, blir sentralt. Sjølv om miljøslitasjen ved produksjon og forbruk av det enkelte produkt blir redusert (betra miljøeffektivitet), vil dei samla miljøproblema framleis auke dersom veksten i den totale vare- og tenesteproduksjonen og i forbruket meir enn oppveg miljøbetringane knytt til det enkelte produkt eller teneste. Det er den generelle bruken av verkemiddel i form av avgifter og reguleringar frå styresmaktene, og krav frå forbrukarane og offentlege innkjøparar, som til sjuande og sist kan gjere det lønsamt for verksemder og forbrukarar å bli meir miljøeffektive, slik at samansetjing og nivå på vare- og tenesteproduksjonen blir endra i meir miljøvenleg retning.

I St meld nr 58 (1996-97) «Miljøvernpolitikk for en bærekraftig utvikling - Dugnad for framtida», St meld nr 35 (1996-97) «Om rovviltforvalting», St meld nr 29 (1996-97) «Regional planlegging og arealpolitikk», St meld nr 29 (1997-98) «Norges oppfølging av Kyotoprotokollen» og St prp nr 54 (1997-98) «Grønne skatter» er det lagt eit grunnlag for korleis dette arbeidet kan konkretiserast.

Regjeringa vil møte miljøutfordringane med følgjande hovudgrep:

- å halde ved like det som allereie er oppnådd
- å utvikle ny politikk ma ved å integrere miljøomsyna i det økonomiske systemet og sektorpolitikkane
- å gjere det mogeleg for den enkelte som individ å velje å leve eit miljøvenleg liv, og som borgar ta ansvar i politiske prosessar som sikrar ei meir miljøvenleg samfunnsutvikling

På følgjande område er det særleg viktig å utvikle ny politikk:

- Berekraftig bruk og vern av biologisk mangfald
- Klimaendringar
- Helse- og miljøfarlege kjemikaliar
- Lokal luftkvalitet og støy
- By og tettstadutvikling
- Nord- og polarområda
- Kulturminne og kulturmiljø

Av desse 7 områda meiner regjeringa at arbeidet med berekraftig bruk og bevaring av det biologiske mangfaldet, tiltak for å avgrense utslepp av klimagassar, og miljø- og helsefarlege kjemikaliar og arbeidet med lokal luftureining og støy er spesielt viktige i eit langsiktig perspektiv. Behovet for å heve ambisjonsnivået og auke innsatsen er størst på desse områda, og dei krev nært samarbeid med sektorstyresmakter og internasjonalt samarbeid.

Skadeverknadene av lokal luftureining og støy har vore undervurdert, særleg i byane og tettstadene. Sjølv om ein i dei seinare år i større grad har samordna areal- og transportplanlegging, har ein ikkje gitt kollektivtransporten gode nok rammevilkår i høve til privatbilismen. Regjeringa vil gi dette arbeidet høg prioritet.

Miljøutfordringane på Svalbard, i nordområda generelt og i Russland, vil i åra framover kreve stor merksemd. Noreg kan med si uavhengige stilling i Europa spele ei sentral rolle i arbeidet med å styrkje miljøvernet i Russland og integrasjonen av Russland i internasjonale miljøavtaler.

Arbeidet med avfall og rovvilt er krevjande. Dei samla avfallsmengdene i samfunnet aukar framleis. Regjeringa vil i avfallspolitikken spesielt fokusere på å redusere avfallsmengdene og å auke attvinninga. Regjeringa vil samstundes halde oppe distriktsjordbruket og eit vern av dei store rovdyra. Dette vil krevje eit breitt spekter av tiltak. Førebyggjande tiltak mot rovviltskadar har høg prioritet. Regjeringa legg opp til brei lokal deltaking i forvaltninga, og held fram med forsøk der meir avgjerdsmakt blir lagt til kommunane.

Hovudprinsippa i den nasjonale miljøvernpolitikken

Mykje er oppnådd i miljøpolitikken, og på enkelte område er også miljøtilstanden betra. Det gjeld særleg i kampen mot forsuring og utslepp frå sjølve produksjonsprosessane. På dei fleste område er det dessverre slik at sjølv om miljøinnsatsen har auka, så går likevel utviklinga i feil retning. Sjølv om vi vinn att ein større del av avfallet enn før, havnar meir avfall i deponi eller i lite energieffektive forbrenningsovnar, pga. den enorme veksten i kasserte produkt. Dei inngrepsfrie områda går raskt attende, sjølv om vi vernar meir landareal enn før. Dette krev at ambisjonane og verkemidla i miljøvernpolitikken blir haldne ved like og styrka, og at miljøvernpolitikken blir betre lokalt forankra og integrert i det økonomiske system og sektorane, slik at miljøomsyn blir grunnleggjande i utviklingsprosessane i samfunnet.

Den enkelte må i langt større grad ha høve til å velje miljøvenleg. Dette krev langt betre tilgang på god miljøinformasjon, utvikling av miljøvenlege alternativ, og innsyn og ei open haldning i miljøforvaltninga. Det føreset også at det offentlege tek miljøengasjementet til innbuarane på alvor, td ved å følgje opp kjeldesortering med gode system for handtering av avfall. Ved auka bruk av grøne skattar vil prisane på produkta i større grad gi informasjon om miljøkostnadene knytt til produkta, og påskjøne miljøvenleg åtferd.

Regjeringa meiner at den enkelte tek ansvar når han eller ho blir vist tillit. Miljøvernpolitikken må i langt større grad forankrast i det lokale folkestyre. I planleggingsprosessar må dei nasjonale interessene gjerast tydelege på eit tidleg tidspunkt. Ei betre lokal forankring av miljøvernpolitikken er ein føresetnad for å utløyse det potensiale som ligg i berekraftig bruk av ressursane og for å dempe konfliktane mellom miljøvernpolitikken og distrikta. Dette er ein avgjerande føresetnad for at miljøvern skal ha støtte i befolkninga i framtida.

Det marknadsøkonomiske system fremjar effektivitet og god ressursutnytting, men berre om prisane speglar dei verkelege kostnadene. For ma arbeidskraft og kapital står verksemdene overfor marknadsprisar. Dette stimulerer dei til ei kritisk vurdering av ressursbruken. Utslepp av klimagassar og miljø- og helsefarlege kjemikaliar, tap av biologisk mangfald ved rovdrift på ressursane og lokal luftureining og støy, er kostnader som marknadsaktørane ikkje vil ta omsyn til dersom ikkje samfunnet korrigerer rammevilkåra ved å ta i bruk skattar og avgifter eller andre verkemiddel. Regjeringa la våren 1998 fram St prp nr 54 (1997-98) "Grønne skatter", der prinsippet om eit skatteskifte frå raud skatt (skatt på inntekt og arbeid) til grøn skatt (skatt/avgift på ureining og ressursbruk) vart fastslått. Auka bruk av grøne skattar sikrar prinsippet om at "ureinar skal betale", noko som er både rettvist og som gir ei kostnadseffektiv tilpassing på tvers av sektorane. Det vil løne seg for forbrukaren som veljer miljøvenleg, og det vil fremje val av miljøeffektive løysingar i næringslivet. På denne måten vil det økonomiske system arbeide for miljøet, ikkje mot.

Regjeringa startar med dette budsjettet ei gjennomgripande integrering av miljøansvar i dei ulike sektorane. Gjennom sektorvise miljøhandlingsplanar skal budsjetta til dei ulike

departementa vurdere i kva grad tidlegare oppsette miljømål er nådd, setje nye mål og gjere greie for verkemiddel og tiltak. I år er slike miljøhandlingsplanar innarbeida i budsjetta til Samferdsledepartementet og Forsvarsdepartementet. Neste år vil i tillegg Olje- og energidepartementet og eitt eller to andre departement lage ein slik sektorvis miljøhandlingsplan. Dessutan vil Miljøverndepartementet i budsjetthandsaminga for neste år leggje fram den første årlege gjennomgang av "Rikets miljøtilstand og Regjeringens miljøprofil". Her vil Regjeringa presentere eit samla oversyn over miljøtilstand, miljømål og resultat, samt tilhøve til tidlegare mål og framlegg til justeringar i verkemiddelbruken, på tvers av sektorane. Eit viktig ledd i arbeidet med å ansvarleggjere dei ulike departementa er å gjere staten si eiga verksemd meir miljøvenleg. Regjeringa har difor starta prosjektet "Grøn stat".

Regjeringa vil understreke at det er viktig at den enkelte får høve til å velje å leve miljøvenleg, at miljøvernpolitikken i størst mogeleg grad må forankrast i lokale deltakande prosessar, at allmenta sin tilgang til naturen må sikrast og at ureinaren skal betale. Mål og ambisjonar må fastsetjast etter føre-var-prinsippet, naturen si tolegrense og internasjonale avtaler. Val av verkemiddel skal forankrast i prinsippet om at miljøvernpolitikken må bli betre integrert i den enkelte sektor, og vidare at miljøproblema også skal førebyggjast og løysast til lågast mogelege kostnader for samfunnet.

Det er særleg viktig å sikre allemannsretten, då den er ein føresetnad for at komande generasjonar kan ha eit nært tilhøve til naturen som all støtte til miljøvern byggjer på. Nærleik til natur gir betre forståing for miljøutfordringane og kan skape eit godt grunnlag for miljøvenlege haldningar.

Regjeringa vil leggje særleg vekt på prinsippa om at:

- den enkelte må få høve til å velje å leve miljøvenleg
- miljøvernpolitikken må i størst mogeleg grad forankrast i lokale deltakande prosessar
- ureinaren skal betale
- miljøvernpolitikken må integrerast i den enkelte sektor
- allmenta sin tilgang til naturen må sikrast

1.2. Oppnådde resultat

Miljøvernarbeidet er komplekst og tidkrevjande. Konkrete resultat av igangsett politikk vil difor først vise seg etter fleire år. I 1998 har Regjeringa teke initiativ til og/eller fremja følgjande:

- St meld nr 29 (1997-98) «Norges oppfølging av Kyotoprotokollen». Noreg fekk viktige gjennomslag i forhandlingane om ma differensierte utsleppsforpliktingar, innføring av fleksible mekanismar for gjennomføring som eit supplement til nasjonale reduksjonar av utslepp, og at pliktene i samband med utslepp skal omfatte seks klimagassar. Noreg var blant dei første landa som la fram ein strategi for å oppfylle Kyotoprotokollen. Det blir elles vist til avsnitt 1.3
- St prp nr 54 (1997-98) «Grønne skatter». Dette blir følgt opp i form av konkrete framlegg om avgifter i statsbudsjettet for 1999. Dette er eit viktig steg i retning av å endre skatte- og avgiftssystemet i miljøvenleg retning. Det kan spesielt framhevast at verkeområdet til CO2-avgifta blir føreslått utvida til å omfatte område som i dag er fritekne for avgift, og at det blir gjort framlegg om å innføre ei avgift på slutthandsaming av avfall. Det blir vist til nærare omtale i avsnitt 1.4
- regjeringa har vedteke å ratifisere endringane i Montrealprotokollen, som regulerer ozonreduserande stoff, hausten 1998 ved kongeleg resolusjon
- det er utarbeida miljøhandlingsplanar for både samferdslesektoren og Forsvaret. Desse blir presenterte i Samferdsle- og Forsvarsdepartementet sine budsjettproposisjonar. Planane inneheld tiltak innanfor dei miljøvernpolitiske resultatområda og gir eit godt grunnlag for det vidare arbeidet med miljøvern i desse sektorane
- auka løyvingane til enøk-tiltak med 20 mill kroner. Gjennom større satsing på bioenergi blir det rekna med at tilgangen på slik energi vil auke med om lag 0,4 TWh. Det blir elles vist til avsnitt 1.5 for nærare omtale av miljøprofilen i statsbudsjettet
- igangsett prosjektet "Grøn Stat". Prosjektet omfattar 10 statlege verksemder. Prosjektet har som mål å auke energieffektiviteten og redusere avfallsmengdene mv frå statleg verksemd
- arbeidet med å styrkje kunnskapsgrunnlaget for berekraftig bruk og vern av biomangfald er vidareført ved at det er utarbeida ein plan for overvaking av biomangfald, og

ei handbok for kommunal kartlegging og verdiklassifisering av biomangfald som no er til utprøving i fleire kommunar

- det er lagt stor vekt på å styrkje samarbeidet med lokalsamfunn og kommunar i naturforvaltninga. Det er opna for at kommunane kan få delegert ansvar for forvaltninga av verneområde. Det er vidare igangsett forsøk der kommunane og regionale nemnder og utval får delegert mynde innanfor rovviltforvaltninga
- regjeringa har lagt stor vekt på at arbeidet med førebyggjande tiltak mot rovviltskadar skal intensiverast. Det er fastsett nye grenser for kjerneområdet for jerv i Sør-Noreg
- regjeringa medverka gjennom ein emisjon i Norsk avfallshandtering AS (NOAH) hausten 1997 til å få på plass sluttfinansieringa av NOAH sitt behandlingsanlegg for organisk spesialavfall i Brevik. Når dette anlegget blir sett i drift i 1999, vil det vere nasjonal kapasitet for handsaming av praktisk talt alt spesialavfall
- som ei oppfylling av avtala med departementet, har Norske Skog no igangsett prosjektering av eit avsvertingsanlegg for returpapir i Skogn. Anlegget, som etter planen blir sett i drift i første kvartal 2000, vil medverke til å løyse avsetningsproblema på returpapirmarknaden
- som eitt av dei første land i verda har Noreg sikra etablering av eit landsomfattande retursystem for innsamling og behandling av elektrisk- og elektronisk avfall. Forskrift og avtale mellom Miljøverndepartementet og bransjen som regulerer dette vart vedtekne i mars 1998 og trer i kraft 1. juli 1999
- regjeringa har skjerpa måla for luftkvalitet, og skissert kva tiltak som må gjennomførast for å nå tilfredsstillande luftkvalitet i byar og tettstader.
- arbeid er starta for å tilretteleggje for betre tilgang på informasjon om helse- og miljøfarlege kjemikaliar, ma ved at det er nedsett ei gruppe med representantar frå forbrukar- og miljøvern-, arbeidstakar- og arbeidsgjevarorganisasjonane som skal vurdere korleis behovet for kjemikalieinformasjon kan imøtekomast
- for å redusere den omfattande bruken av kjemikaliar er det utarbeida og sendt på høyring eit framlegg om å lovfeste plikt til å erstatte farlege kjemikaliar med mindre farlege alternativ
- for å redusere bruk og utslepp av dei høgst prioriterte kjemikaliane er det ma vedteke nye avgrensingar for bruk av enkelte farlege kjemikaliar, forbod mot kvikksølvtermometer, utarbeida framlegg til ny forskrift om utfasing av enkelte PCB-haldige produkt og forskrift om forbod mot bruk av visse farlege kjemikaliar i tekstilar
- den statlege oljevernberedskapen er vidareutvikla. Gjennom etableringa av Indre kystoppsyn er både overvaking og beredskapsevne betra
- Noreg har vore sentralt i framforhandling av to europeiske avtaler om miljøgifter.

Avtalene, som vart vedtekne i Århus i juni 1998, set forbod mot eller avgrensar utslepp og bruk av ei rekkje miljøgifter. På same tid starta arbeidet med ein global konvensjon om regulering av miljøgifter. Noreg har også vore sentralt i framforhandlinga av ein global konvensjon om betre informasjon og samtykke ved eksport av farlege kjemikaliar som vart vedteken i Rotterdam i september 1998. På ministermøtet i OSPAR-konvensjonen i Lisboa i juli 1998, vart det vedteke eit nytt og bindande regelverk for disponering av utrangerte offshore-installasjonar, ambisiøse strategiar for å redusere utsleppa av radioaktive stoff og miljøgifter til det marine miljø, og eit nytt anneks til konvensjonen om vern og bevaring av økosystem og biologisk mangfald

- frå norsk side blir det lagt stor vekt på å sikre ei betre koordinering av arbeidet mellom internasjonale konvensjonar og organisasjonar. Miljøvernministeren deltok våren 1998 i ei spesialoppnemnt gruppe for effektivisering av miljøvernarbeidet i FN. Innstilling frå gruppa vil bli handsama under FN si Generalforsamling hausten 1998
- Noreg har arbeida for integrering av miljøomsyn i verksemda til sentrale internasjonale organisasjonar. Innafor OECD er det no sett i gang ein prosess for integrering av berekraftig utvikling som ei sentral strategisk målsetjing for verksemda i organisasjonen
- Noreg har teke opp den auka radioaktive ureininga frå Sellafield med dei andre nordiske land, medverka til ei felles nordisk oppmoding til den britiske regjeringa og til at saka kom i fokus på ministermøtet under OSPAR-konvensjonen i Portugal sommaren 1998. På møtet vart det vedteke ein strategi om utslepp av radioaktive stoff til det marine miljø som inneber ei plikt for Frankrike og Storbritannia til å redusere sine utslepp vesentleg. Det er også teke initiativ til eit program for overvaking av radioaktiv ureining langs norskekysten
- regjeringa har underteikna ein intensjonsavtale med Russland om utviding av talet på målestasjonar for overvaking av radioaktivitet i nordområda

- regjeringa har gitt økonomisk støtte til utskiftinga av radioaktive energikjelder med solcelleteknologi i 4 fyr på russisk side av Varangerfjorden
- det er utarbeida framlegg til rikspolitiske retningslinjer om førebels etableringsstopp for kjøpesentra. Framlegget har vore på høyring og regjeringa tek vidare stilling til saka i løpet av hausten 98
- regjerinnga prioriterer ei god utvikling av storbyane. Samarbeidsforum for storby-utvikling er etablert. Deltakande byar er: Oslo, Bergen, Trondheim, Stavanger og Tromsø
- lokal Agenda 21 har vore ei sentral satsing for regjeringa i denne budsjettperioden. Ei sentral koordineringseining er etablert i Miljøverndepartementet. I samarbeid med KS er det etablert regionale Agenda 21-knutepunkt som skal dekkje heile landet. Det er halde ein LA 21-konferanse i Fredrikstad, og meir enn 50 kommunar og 3 fylkeskommunar har gjennom politisk fatta vedtak slutta seg til prinsippa i Fredrikstaderklæringa. Omlag 200 kommunar er i gang med ulike typar LA 21-relatert prosjekt og prosessar relatert til lokal Agenda 21
- det er halde internasjonale konferansar i Miljøverndepartementet sin regi vedrørande:
  - vidareføring av arbeidet knytt til grenseoverskridande miljøutfordringar, som er ei oppfølging av Espookonvensjonen
  - vidareutvikling av grunnlaget for ei heilskapleg og økosystembasert forvaltning av Nordsjøen
- Statens miljøfond er oppretta for å stimulere verksemder til å ta i bruk og vidareutvikle ny miljøteknologi. Miljøfondet blir forvalta av Statens nærings- og distriktutviklingsfond.

I løpet av dei seinare åra er ma følgjande resultat oppnådd:

- norsk bruk av dei ozonreduserande stoffa klorfluorkarboner (KFK), halon, karbontetraklorid og metylkloroform er i løpet av dei siste 10 åra redusert med 65 - 100 %. Alle dei ozonreduserande stoffa som er omfatta av Montrealprotokollen, er regulert i Noreg. Internasjonale forpliktingar og nasjonale mål for dette arbeidet er så langt oppfylt
- forpliktande europeisk samarbeid har ført til vesentlege reduksjonar i forsurande utslepp dei siste åra. Nedfallet av svovel over Noreg vart redusert med 47 % frå 1988 til 1996. Dei norske utsleppa av svoveldioksid (SO_2) er redusert med om lag 79 % frå 1980 til 1997. Krav til Noreg i Svovelprotokollen frå 1994 er at utsleppa i år 2000 skal reduserast med 76 % i høve til 1980-nivå
- gjennom Nordsjø-deklarasjonane og nasjonale vedtak har Noreg tidlegare hatt konkrete mål for 40 miljøgifter. Utsleppa av desse stoffa er redusert med 50-95 % dei siste 10-15 åra, noko som betyr at dei tidlegare måla i all hovudsak er nådd. Desse utsleppsreduksjonane skuldast hovudsakleg reduksjonar i punktutslepp frå industrien. For å nå nye nasjonale mål, er det i den seinare tida spesielt arbeida for å redusere utsleppa frå produkt. Td har samarbeid med næringslivet medført at bruk og utslepp av dei truleg hormonhermande stoffa alkylfenol er redusert med 30 % frå 1995 til 1996 for dei viktigaste produktgruppene, og for enkelte utvalte produktgrupper redusert med ytterlegare 20 % frå 1996 til 1997
- gjennom arbeidet med oppfølging av Nordsjø-deklarasjonane, er tilførslene av fosfor til dei "utsette områda" i Nordsjøen (det vil seie kystområda frå svenskegrensa til Lindesnes) redusert med 44 % frå 1985 til 1996. Det nasjonale målet om 50 % reduksjon av fosfor er dermed snart nådd. Reinsekapasiteten for fosfor ved kommunale avløpsanlegg har auka sterkt over heile landet. I landbruket har overgang til jordarbeiding om våren og mindre spreiing av husdyrgjødsel utanom vekstsesongen medverka sterkt til å redusere tilførslene av fosfor til bekkar, elvar, vatn og fjordar
- attvinningsdelen for hushaldsavfall auka frå 9 % i 1992 til 29 % i 1997. Det er likevel framleis stort potensiale for auka attvinning, og kommunar med godt utbygde attvinningssystem har oppnådd 70-80 % attvinning av dette avfallet
- det bilaterale miljøvernsamarbeidet med Russland er organisert med faste arbeidsgrupper, der departementet sine ytre etatar (Statens forurensningstilsyn, Direktoratet for naturforvaltning, Norsk polarinstitutt, Riksantikvaren) har oppretta samarbeidsprogram med tilsvarande russiske styresmakter sentralt og lokalt. Arbeidet i atomgruppa blir vidareført i nært samarbeid med Utanriksdepartementet og Statens Strålevern. I tillegg til prosjektsamarbeid på dei ulike områda, blir det lagt auka vekt på kompetanseutvikling for å styrkje evna i russisk miljøforvaltning til å sikre ei berekraftig forvaltning av miljøet
- det er utarbeida framlegg til enkelte endringar i kulturminnelova. Framlegga skal ma medverke til å bremse den utvikling vi i dag ser med skadar på og øydelegging av automatisk freda kulturminne og kulturminne som fell utanfor lova

- den verna delen av arealet i fastlands-Noreg er om lag 6 %
- Noreg har også, som eitt av dei første land i verda, fått ei eiga lov som regulerer framstilling og bruk av genmodifiserte organismar, av omsyn til helse, miljø og ei berekraftig utvikling
- Miljøverndepartementet har starta ein gjennomgang av det regelverket vi har i dag med sikte på å identifisere ordningar som motverkar privat verneinnsats
- vernebygget over Domkirkeruinen på Hamar er ferdigstilt. Den offisielle opninga skjedde den 9. august 1998. Vernebygget er med på å sikre eitt av våre viktigaste kulturminne for ettertida
- ny skjærgårdspark er opna i Søgne-Mandal sommaren 1998. Jostedalsbreen nasjonalpark er utvida og dermed er første oppfølgingsvedtak i den nye nasjonalparkplanen gjennomført
- forskrift om deklarering og merking av mikrobiologiske produkt vart fastsett av Miljøverndepartementet i januar 1998. EU har ikkje reglar på området
- det er auka forståing for samanhengen mellom god arealplanlegging og viktige miljømål. Dei aller fleste kommunar har kommuneplanar eller delplanar som gir føringar for arealbruken i kommunane. For større tiltak og prosjekt blir konsekvensane for miljø, naturressursar og samfunn utgreidd. Arealpolitikken er følgt opp gjennom plansaksforvaltninga. Planleggingspraksis er betra gjennom forsøks- og utviklingsarbeid, ma innanfor fylkesplanleggingа og gjennom opplæring og iverksetjing av nye føresegner om konsekvensutgreiingar
- arbeidet med by- og tettstadutvikling har dei seinere åra vore særleg konsentrert om Miljøbyprogrammet. Det blir også samarbeida med andre byar og byområde, spesielt om tema utbyggingsmønster og bytransport, sentrumsutvikling og betre arealutnytting i byar og tettstader

1.3. Viktige prioriteringar for 1999 for Miljøverndepartementet

Budsjettet for Miljøverndepartementet utgjer i 1999 til saman 2734,8 mill. kroner for 1999. I 1998 viste budsjettet ein vesentleg auke fordi Statens miljøfond vart oppretta med ei låneramme på 500 mill. kr og ein grunnkapital på 100 mill. kr. I revidert nasjonalbudsjett for 1998 vart låneramma og grunnkapitalen redusert og grunnkapitalen er no sett inn på konto i Noregs bank.

Dersom Statens miljøfond blir halde utanfor samanlikninga både for 1998 og 1999, viser budsjettet for 1999 ein auke på 3 %.

Budsjettet for 1998 inneheldt i tillegg fleire enkelttiltak som no er gjennomførde og som difor er tekne ut av budsjettet for 1999. Ma gjeld dette aksjekapitalen til Norsk avfallshåndtering a/s (NOAH) på 66 mill. kroner.

Vern og bruk av biologisk mangfald

Biologisk mangfald er grunnlaget for verdiskapning, velferd og livskvalitet for menneska ved at det medverkar med mat, hus, klede, energi og medisinar. Det er også avgjerande for vatnhushald, lokalklima og reinsing av luft og vatn. Mangfaldet gir verdiar innan rekreasjon, friluftsliv, turisme og kulturarv. Som ei oppfølging av konvensjonen om biologisk mangfald skal det utarbeidast ein eigen handlingsplan for biologisk mangfald. Regjeringa fører ein restriktiv politikk på genteknologifeltet der etikk og tryggleik for helse og miljø står sentralt. Dette inneber ma forbod mot genmodifisert mat og dyrefór med gen som er resistente mot antibiotika, strengare merkjereglar enn EU og forbod mot kloning av dyr. Forhandlingane av ein global protokoll om overføring av genmodifiserte organismar mellom land under konvensjonen om biologisk mangfald vil bli sluttført i 1999.

Kunnskap om biomangfald og dei verdiar det har skal styrkjast gjennom eit statleg-kommunalt program for kartlegging, verdiklassifisering og overvaking. Geografisk informasjon om naturtypar, planter og dyr skal gjerast tilgjengeleg for kommunane og dei som tek avgjerder på alle nivå. Satsinga skal ma medverke til at dei kommunale planprosessane blir lettare å føreseie.

Gjennom plan- og bygningslova er kommunane sentrale forvaltarar av biomangfald. Kommunal natur- og ressursforvaltning er ein viktig føresetnad for vern og berekraftig bruk av livsmangfaldet. Arbeidet med rikspolitiske retningslinjer for å ivareta det biologiske mangfaldet er sett i gang. Agenda 21 skal brukast aktivt ma for å leggje betre til rette for deltaking og engasjement frå befolkninga si side på feltet.

Regjeringa har nedsett eit utval som skal gjennomgå den totale situasjonen for laksebestandane og gjere framlegg om framtidige forvaltningsstrategiar og tiltak innan utgangen av 1998.

Det vil i komande år bli lagt vekt på å ivareta miljøomsyna i fiskeri- og havbrukspolitikken.

Arbeid med Samla plan for vassdrag, ny vassdragslov og konsesjonsbehandling av fleire større kraftutbyggingar vil bli høgt prioritert.

Barskogvern Vest-Noreg vil bli vedteke i 1999.

Arbeidet med konfliktdempande tiltak vil halde fram og det vil bli utbetalt vederlag til grunneigarar som har område på bruttolista for vern også i 1999. Regjeringa legg vekt på auka lokal medverknad i førebuingane av vernevedtak. Dette medfører noko lenger tidsbruk og auka utgifter. Arbeidet med ei stortingsmelding om vern i kystområda er sett i gang med sikte på framlegging for Stortinget i vårsesjonen 1999.

Regjeringa legg opp til å iverksetje eit breitt spekter av tiltak for sikre ei forsvarleg forvaltning av dei store rovdyra, samstundes som det blir halde oppe eit aktivt jordbruk med høve til å utnytte utmarksbeita. Desse tiltaka vil ma innebere etablering av eit nasjonalt overvakingsprogram for store rovdyr. For særleg utsette brukarar blir det teke sikte på å medverke til omstilling til anna landbruksdrift, herunder omstilling til mjølkeproduksjon. Samstundes vil arbeidet med førebyggjande tiltak mot rovviltskadar bli intensivert, herunder sterkare grad av samordning mellom landbrukspolitiske og miljøvernpolitiske verkemiddel. Det blir teke sikte på å leggje fram ein Ot prp om lovfesting av retten til vederlag for skade av rovvilt i løpet av våren 1999. Ein tek også sikte på at eit nytt regelverk vil vere operativt frå beitesesongen for 1999. Som oppfølging av St meld nr 35 Om rovviltforvaltninga, vil det bli utarbeida fylkesvise forvaltningsplanar for dei store rovdyra.

Med opprettinga av Statens naturoppsyn (SNO) vil ein gjennom vegleiing, informasjon, oppsyn og skjøtsel styrkje den samla forvaltninga i våre verneområde, spesielt i nasjonalparkane. SNO vil såleis leggje opp til ein serviceorientert profil i høve til brukarar og lokalsamfunn. Oppbygginga av SNO vil måtte tilpassast det samla behov for forvaltning og skjøtsel i våre verne- og friluftsområde.

Målet for motorferdslepolitikken står fast. Miljøverndepartementet vil vurdere om gjeldande reglar fungerer godt nok og evt. om kommunane kan gjevast større mynde innanfor føremål med og rammer av motorferdslelova. Framlegg om restriksjonar på bruk av vatnskuterar er sendt på høyring.

Klimaendringar, luftureining og støy

Klimaendringar

Noreg var blant dei aller første landa som nasjonalt la fram ein strategi for å oppfylle Kyotoprotokollen. I St meld nr 29 (1997-98) Norges oppfølging av Kyotoprotokollen varslar Regjeringa at den vil arbeide for å få på plass dei naudsynte løysingane som gjer at Noreg oppfyller Kyoto-forpliktinga om at klimagassutsleppa i den gjeldande perioden 2008-12 ikkje skal vere meir enn 1% høgare enn i 1990. Dette inneber ein reduksjon på 6 % i høve til utsleppsnivået i 1996, og 22 % i høve til framskrivingar for 2010. I utforminga av politikken vil det vidare bli teke omsyn til at pliktene etter 2012 truleg blir strengare. Gjennom å ha eit langt tidsperspektiv ved utforminga av nasjonal verkemiddelbruk, vil ein allereie no leggje grunnlaget for investeringar som er fornuftige i eit langsiktig samfunnsøkonomisk og miljømessig perspektiv.

Regjeringa legg opp til at det innanfor ein relativt kort tidsperiode (2-5 år) blir sett inn verkemiddel som gjer at ein får utløyst dei billigaste nasjonale tiltaka. På noko lengre sikt vil det vere behov for ei gradvis utviding av verkemiddelbruken. Stortinget vil bli førelagt ein eigen proposisjon som grunnlag for norsk ratifikasjon av Kyotoprotokollen.

CO_2-avgifta er hovudverkemiddelet for reduksjon av CO_2-utslepp. Avgifter vil bli nytta som verkemiddel i høve til andre klimagassar der dette er føremålstenleg. Avgifta på sluttbehandling av avfall vil td medverke til å redusere metanutsleppa.

Regjeringa vil også ta i bruk fleksible gjennomføringsmekanismar for å oppfylle norske forpliktingar under Kyotoprotokollen. Protokollen slår fast at dette skal kome som eit supplement til nasjonale tiltak. Noreg vil vidareføre arbeidet på internasjonalt nivå for å få på plass eit godt regelverk for bruk av dei fleksible mekanismane. Dette må sikre ma reelle utsleppsreduksjonar, innsyn, tilstrekkelege rapporteringsrutinar og høve til sanksjonar.

Regjeringa varsla i St meld nr 29 (1997-98) at den ma vil utgreie eit nasjonalt system med omsettelege utsleppskvotar av klimagassar. Ved handsaminga av meldinga i Stortinget vart det bestemt å be Regjeringa utgreie og leggje fram eit nasjonalt kvotesystem som i allfall omfattar dei industrielle verksemdene som i dag ikkje er ilagt CO_2-avgift. Komiteen seier vidare at det bør gjelde alle gassar som er omfatta av Kyotoprotokollen. Regjeringa ble beden om å nedsetje eit utval av fagpersonar for å utgreie korleis eit slikt verkemiddel kan iverksetjast. Stortinget ga også retningslinjer som vil vere utgangspunkt for det vidare arbeidet. Utgreiinga skal omfatte ei vurdering av korleis andre sektorar kan inkluderast, og systemet skal knytast opp mot dei internasjonale fleksible mekanismane. Regjeringa vil om kort tid setje ned eit utval som skal utgreie eit nasjonalt kvotesystem for klimagassar i tråd med Innst Snr 247 (97/98). På grunnlag av ei slik utgreiing vil Regjeringa leggje fram eit forslag til vidare oppfølging i høve til Stortinget.

Regjeringa har lagt opp til å nytte avtaler med industrien på område der ein meiner at dette kan utløyse større reduksjonar enn ved bruk av andre verkemiddel.

Regjeringa vil også stimulere forskning og utvikling, forsøksverksemd og investeringar i energieffektive teknologiar, og marknadsintroduksjon av nye energiløysingar. Informasjon, etterutdanning og oppbygging av kompetanse skal også styrkjast.

Den sektorovergripande miljøvernpolitikken vil bli styrkja gjennom å innføre sektorvise miljøhandlingsplanar og vidareutvikle eit nasjonalt system for oppfølging av resultat. Her vil ansvaret til dei andre sektorane for energi- og ressursbruk stimulerast og synleggjerast.

Regjeringa vil føre ein aktiv politikk for å dempe veksten og flate ut energibruken på sikt. Samstundes vil tilhøva bli lagt til rette for at ny energitilgang i aukande grad kjem frå nye fornybare energikjelder som bio-, vind- og solenergi, og varmepumper. Det er eit mål at vi i eit normalår skal produsere elektrisitet frå fornybare energikjelder tilsvarande det norske forbruket, jfr. Stortinget si handsaming av St meld nr 58 (1996-97) Miljøvern-politikk for en bærekraftig utvikling og St meld nr 29 (1997-98) Norges oppfølging av Kyotoprotokollen. Regjeringa vil følgje opp innstillinga frå Energiutvalet gjennom ei eiga energimelding som tek for seg naudsynlege verkemiddel og tiltak for å møte ma miljøutfordringane i energisektoren. Regjeringa legg stor vekt på ei open haldning, og på deltaking frå alle aktuelle partar i utforminga av politikken. I tråd med den nyleg vedtekne Århuskonvensjonen om ma offentleg deltaking i avgjerder som gjeld miljøet, vil det i samband med energimeldinga i forkant av Stortings-handsaminga bli lagt opp til ei nasjonal og fleire regionale samlingar.

Innanfor transportsektoren søkjer regjeringa å stimulere overgang til transportformer med lågare utslepp, meir energieffektive bilar og overgang til alternative drivstoff med lågare utslepp. Både avgiftspolitikken og andre verkemiddel, primært retta mot andre omsyn som lokale og regionale miljøproblem, vil medverke til å avgrense utsleppa av klimagassar frå transport. Det vil vidare bli lagt vekt på å stimulere utsleppsreduserande tiltak lokalt som del av regjeringa si oppfølging av lokal Agenda 21.

Miljøverndepartementet har det koordinerande ansvaret for arbeidet med å gjennomføre sektorvise miljøhandlingsplanar og vidareutvikle eit nasjonalt system for resultatopp-følging, jf. kap. 2. Det vil i samarbeid med Olje- og energidepartementet bli utarbeida ein miljøhandlingsplan for petroleums- og energisektoren i 1999.

Luftureining og støy

Dårleg luftkvalitet medfører helse- og trivselproblem i fleire byar og tettstader i Noreg. Regjeringa har på denne bakgrunn sett nye resultatmål for lokal luftkvalitet, med langt høgare ambisjonsnivå enn eksisterande krav. Ei realisering av måla vil krevje vesentleg skjerpa verkemiddelbruk og må byggje på samspel mellom aktuelle statlege styresmakter og kommunar og fylkeskommunar om ein heilskapleg verkemiddelbruk som ma vil omfatte piggdekkreguleringar, vegprising, styrkja kollektivtilbod, diverse punkttiltak og akutte tiltak mot dei trafikkrelaterte utsleppa, og verkemiddel og tiltak i høve til vedfyring og eventuelle andre stasjonære kjelder.

Regjeringa vil styrkje arbeidet med å redusere støyproblema i Noreg, og tek sikte på å utvikle nasjonale mål for støy i løpet av 1999. Vidare vil det bli nedsett ei interdepartemental arbeidsgruppe som skal kome med framlegg om tiltak for å sikre ein meir effektiv og samordna verkemiddelbruk i høve til støykjelder.

Helse- og miljøfarlege kjemikaliar

Utslepp og bruk av helse- og miljøfarlege kjemikaliar er eitt av dei alvorlegaste trugsmåla mot ei berekraftig utvikling. Ei gradvis ureining av jord, vatn og luft, og

opplagring av miljøgifter i næringskjedene, representerer eit alvorleg trugsmål mot det biologiske mangfaldet, matforsyninga og helsa for komande generasjonar.

Utsleppa av dei høgast prioriterte stoffa skal reduserast vesentleg og vil bli forsøkt stansa innan år 2000, 2005 og 2010. Det er ulike tidspunkt for ulike stoff. Dei farlegaste stoffa vil bli redusert først. I 1999 blir difor arbeidet med innføring av nye verkemiddel i høve til desse stoffa spesielt viktig. Miljøavgifter, reduksjonar og forbod vil bli vurdert for kvar av dei mest skadelege kjemikaliane.

Det internasjonale arbeidet på kjemikalieområdet vil få høg prioritet også i 1999. Noreg vil delta aktivt i utviklinga av regelverket til EU, og vil arbeide for ei stadig heving i dei miljøstandardar som gjeld i EØS-området. Vidare vil Noreg medverke sterkt i arbeidet innan FN sitt miljøprogram (UNEP) for ein global konvensjon om persistente organiske samband. Oppfølginga av nye internasjonale plikter vil også få høg prioritet. Spesielt viktig blir oppfølginga av miljøgiftsstrategien som vart vedteken på OSPAR-ministermøtet i juli, der det ma er slått fast at konkrete tiltak for ei rekkje miljøgifter skal fastsetjast innan år 2003.

For å redusere risikoen knytt til bruk av farlege kjemikaliar generelt i samfunnet er det naudsynt med ein breiare og meir samansett bruk av verkemiddel, samstundes som næringslivet må ta eit større ansvar. I 1999 vil det bli sentralt å samarbeide med utvalte bransjar for å få næringslivet til å ta eit større ansvar for kjemikaliehandtering og -produkt gjennom heile livsløpet. Vidare blir det teke sikte på å føreslå å gjere substitusjonsplikta rettsleg bindande på kjemikalieområdet ved at plikta blir innført i Produktkontrollova. Substitusjonsplikta inneber plikt til å byte ut helse- og miljøfarlege kjemikaliar med mindre farlege alternativ straks dette er teknisk mogeleg og økonomisk forsvarleg.

For å redusere den omfattande bruken av kjemikaliar er det vidare naudsynt å leggje til rette for miljøvenlege val og handlingar lokalt. Meir offentleggjering og betre tilgang på informasjon om kjemikaliar er ein føresetnad for at både enkeltindivid og verksemder skal kunne engasjere seg i arbeidet for å redusere utslepp og bruk av farlege kjemikaliar. Det vil difor bli lagt stor vekt på tiltak som betrar tilgangen på informasjon om helse- og miljøfarlege kjemikaliar i alle ledd i produktstraumen i samfunnet. Det vil bli nedsett eit lovutval som skal utgreie behovet for, og eventuelt utarbeide framlegg til, nye lover og forskrifter om miljøinformasjon.

Kjemikaliereguleringa blir generelt fastsett ut frå vernebehovet til sunne, vaksne menneske. Det kan vere naudsynt å gjennomføre særskilte tiltak for å hindre at særleg utsette grupper blir utsette for uakseptabel risiko. I 1999 vil det bli lagt særleg vekt på tiltak som reduserer den risikoen barn blir utsette for ved bruk og utslepp av helse- og miljøfarlege kjemikaliar.

Det er eit stort behov for betre kunnskap om tilførsler og effektar av helse- og miljøfarlege kjemikaliar. Det vil difor bli prioritert midlar til forskning og utgreiing på dette området. I forskninga vil det bli fokusert på ytterlegare kunnskap om kjelder til diffuse utslepp og om langtidseffektane.

Friluftsliv

Friluftsliv er verdifullt både for den enkelte og for samfunnet. Det gir gode naturopplevingar og har positive helseverknader. Nærleik til naturen gir forståing for miljøutfordringar og skaper miljøvenlege haldningar. Ein vil prioritere å fremje allemannsretten og det miljøvenlege friluftslivet. Tiltak vil bli sett i verk for å sikre allmenta tilgang, særleg til strandområda. Det vil bli spesielt fokusert på tilgjenge og høve til friluftsliv langs kysten på strekninga svenskegrensa t o m Hordaland. Skjærgårdsparken vil bli utvida med sluttføring til Lindesnes fyr, og arbeidet med Vestkystparken i Rogaland og Hordaland vil bli følgt opp. Betre tilgang for friluftslivet i strandsona vil også bli teke opp i tilknytning til endringar i bruk av statleg eigedom. Vidare er det behov for å hjelpe kommunane i deira innsats for å leggje til rette for ferdsle i strandsona. Det er viktig at plansystemet og friluftslova verkar saman for å fremje vilkåra for allmenn ferdsel. Forvaltninga av sikra friluftsområde må halde eit kvalitativt høgt nivå.

Vern av grøntstruktur i byar og tettstader vil bli følgt opp ma i miljøbyane. Samarbeidet med friluftslivet sine organisasjonar og helsestyresmaktene skal styrkjast. Dette vil medverke til å gi friluftslivet ein sentral plass i kommunane sitt arbeid med lokal Agenda 21. Vidare skal det positive samvirket mellom friluftsliv og kulturminnevern førast vidare med tanke på å utvikle nye tilbod innan friluftsliv, som t d tilrettelegging av nye kystleier.

Kulturminne og kulturmiljø

Kulturminne representerer ein verdifull ikkje-fornybar ressurs både når det gjeld økonomi, kunnskap, kulturhistorie og miljø. Kulturminne gir viktig kunnskap om tilhøvet mellom menneske og natur opp gjennom tidene og er viktige føresetnader for å styrkje menneska si tidsorientering. Kulturmiljøet ber også oppe kunnskapsverdiar både når det gjeld formgjevnad, lokaliseringsprinsipp, miljøvenleg materialbruk og byggjeteknikk.

Ved handsaminga av St meld nr 58 (1996-97) Miljøvernpolitikk for en bærekraftig utvikling ba Energi- og miljøkomiteen i Stortinget om at det vert nedsett eit offentleg utval for å utgreie mål, strategiar og verkemiddel i kulturminnepolitikken. Regjeringa vil kome attende til dette. Hovudutfordringane er elles knytt til eit styrkja styrings- og avgjerdsgrunnlag, etablering av økonomiske incentiv til eigarar av freda og verneverdige kulturminne, og å styrkje den regionale kulturminneforvaltninga i fylkeskommunen. Dette er følgt opp ma ved at det er utarbeida framlegg til endringar i kulturminnelova. Regjeringa gjer framlegg om vidare oppbygging av kulturminneforvaltninga i fylkeskommunen.

Som ledd i arbeidet med å revitalisere eldre byområde og sikre betre bruk av areal og bygningar, må det leggjast vekt på å finne god balanse mellom bruk og vern av verdifulle kulturminne. Lokal Agenda 21 skal innarbeidast som arbeidsform og perspektiv i kulturminneforvaltninga.

Regjeringa vil vurdere korleis vern av kulturminne kan utnyttast betre innan hjelpearbeidet som eit potensiale i høve til utfordringar knytt til demokratibygging, menneskerettar, utdanning og næringsutvikling.

Ureining av hav og vatn

For store utslepp av næringssalt kan føre til oppblomstring av algar, oksygensvikt og fiskedød, samstundes som det gir redusert vasskvalitet. Regjeringa legg difor vekt på at dei kommunale renseanlegga som står att å byggje skal stå ferdige i løpet av få år, og at målet om opprydding innanfor kommunale avløp dermed vil bli nådd. I det vidare arbeid vil hovudvekta bli lagt på kommunane si fastsetting av eigne miljømål for vasskjeldene og oppfylling av desse. Dette er vurdert som ei viktig satsing innanfor kommunane sitt arbeid med lokal Agenda 21.

For å vurdere behovet for ytterlegare reinsing av utslepp frå kommunal sektor, vil regjeringa gjennom overvakingsprogram følgje utviklinga av eutrofisituasjonen langs norskekysten, og då med spesielt fokus på ytre Oslofjord.

Regjeringa går vidare inn for ytterlegare reduksjonar i utsleppa til sjø av olje og kjemikaliar frå petroleumsverksemda. Hovudregelen vil vere at det for nye funn med sjølvstendige utbyggingsløysingar ikkje skal tillatast miljøfarlege utslepp (null-utslepp). I tillegg vil regjeringa arbeide for at ureinande utslepp frå skipsfarten blir ytterlegare redusert.

Regjeringa legg opp til at det i løpet av 1999 skal gjennomførast ei nærare undersøking av seks skipsvrak langs kysten med høgast ureiningspotensial. Undersøkingane vil gi grunnlag for å ta stilling til om, når og korleis ein eventuell tømmeoperasjon skal gjennomførast.

Avfall og attvinning

Avfall og avfallsbehandling er ma årsak til utslepp til jord, vatn og luft. Sjølv om attvinninga har auka dei seinare år, aukar likevel dei samla avfallsmengdene i samfunnet endå raskare. Avfallspolitikken vil framleis vere ein sentral del av miljøvernpolitikken. Ein brei gjennomgang av avfallsfeltet vart sist lagt fram i St meld 44 (1991-92) Om tiltak for reduserte avfallsmengder, økt gjenvinning og forsvarlig avfallsbehandling. Ei rekkje tiltak og verkemiddel er sidan gjennomført, og statistikken viser at attvinninga av avfall har auka vesentleg dei siste åra. Den generelle forbruksveksten m v fører likevel til at avfallsmengda som oppstår aukar. Det står difor att store utfordringer innan avfallsfeltet.

I 1999 vil regjeringa iverksetje den vedtekne avgifta på sluttbehandling av avfall og ordninga for auka innsamling av avfall frå elektriske og elektroniske produkt. Innsatsen vil aukast når det gjeld innsamling av nikkel-kadmiumbatteri, PCB-haldig avfall, emballasje for spesialavfall og avfall frå bygg og anlegg. For å redusere tolkningstvil og auke effekten av iverksette tiltak for avfall vil eit framlegg om endring av avfallsdefinisjonane i ureiningslova bli sendt på høyring. Regjeringa vil framleis vere pådrivar for at stadig fleire kommunar i aukande grad skal utnytte det lokale handlingsrommet for å leggje til rette for

avfallsløysingar som gir innbuarane høve til å velje miljøvenlege alternativ basert på kjeldesortering og attvinning.

Produkt fører med seg miljøbelastningar i heile livsløpet frå uttak av råvarer, produksjon, transport, bruk og til avfallshandteringa. Regjeringa legg vekt på at forbrukarar, næringsliv og offentleg forvaltning skal bli betre i stand til å redusere dei miljøproblem som produktet fører med seg frå «vogge til vogge». Ei heilskapleg tilnærming til produkt er viktig for å sikre at problema ikkje blir flytta frå ein fase til ein annan når det gjeld miljøproblem eller aktørar. Regjeringa meiner det er vesentleg at initiativ til tiltak og løysingar som fremjar utvikling og bruk av meir miljøeffektive produkt blir tekne av den enkelte sektor, bransje og verksemd. Dette kan vere tiltak i samband med produktutvikling, vektlegging av miljø ved utvikling av produktstandardar, tilrettelegging av informasjon om miljøeigenskapane til eit produkt, styrking av miljøretta kompetanse mv. Regjeringa vil støtte opp om dette arbeidet gjennom støtteordningar og utforming av rammevilkår som medverkar til at meir miljøeffektive produkt i eit livsløpsperspektiv blir tilbodne og omsette i marknaden.

For å sikre at det blir teke miljøomsyn allereie ved utvikling av nye produkt vil det i 1999 bli sett i gang eit prosjekt som skal spreie metodar og kunnskap om miljøvenleg produktdesign til små og mellomstore verksemder.

Bygg- og anleggsbransjen har sjølv teke initiativ til etablering av eit bransjeprogram "økobygg" som skal sikre ein meir miljøeffektiv bygg- og anleggsbransje. Regjeringa vil støtte programmet og gjennom eit samarbeid med aktørane i bygg- og anleggsbransjen auke kunnskapsnivået om meir miljøeffektive løysingar, og etablere føremålstenlege rammevilkår.

For at offentleg sektor også skal medverke til å utvikle marknaden for meir miljøeffektive produkt vil regjeringa arbeide for at det blir teke miljøomsyn ved offentlege innkjøp og drift og gjennomføre prosjektet «Grøn Stat». I høve til kommunal sektor vil dette satsingsområdet bli ivareteke gjennom arbeidet med lokal Agenda 21. Det må utviklast eit samarbeid mellom kommunale styresmakter, næringsliv og forbrukarar på lokalt plan for å finne lokalt tilpassa løysingar som fremjar produksjon og sal av miljøvenlege produkt.

Internasjonalt miljøvernsamarbeid, bistand, nord- og polarområda

Føremålet med Noreg sitt internasjonale miljøvernsamarbeid er å medverke til å løyse globale og regionale miljøproblem, og å sikre vår eigen miljøtilstand.

Miljøvernministeren har delteke i ei FN-gruppe som utgreidde korleis FN kan organisere sitt arbeid med miljøvernsaker på ein betre måte. Regjeringa vil leggje stor vekt på oppfølgingsarbeidet både gjennom handsaminga av rapporten i FNs Generalforsamling og i den vidare handsaming i dei styrande organa i UNEP. Særleg viktig er det å få styrkja UNEP og at det blir ei betre koordinering av arbeidet som blir gjort i UNEP og i sekretariata for dei forskjellige miljøvernkonvensjonane. Regjeringa legg vekt på at miljøvern får ein sentral plass i norsk bistand, ved at miljøstrategien som er utarbeida av Utanriksdepartementet, Miljøverndepartementet og NORAD blir følgd opp.

Komande forhandlingar i World Trade Organisation (WTO), som vil bli igangsett ved årtusenskiftet, vil omfatte emner som har stor innverknad på miljøet. Dette gjeld særleg jordbrukssektoren, visse tenestesektorar og immaterielle rettar. Noreg vil arbeide for at ein sikrar ei grundig handsaming av miljøspørsmål i samband med vidare liberalisering.

Noreg vil innanfor ramma av EØS-avtala arbeide aktivt for å påverke utviklinga av regelverket i EU på eit så tidleg tidspunkt som mogeleg. Det nordiske samarbeidet blir ein viktig kanal for å påverke avgjerder i EU og løyse problem i Norden sine nærområde. Det blir heilt sentralt å arbeide for at EØS-reglane på miljøvernområdet tek omsyn til norsk vernenivå og norske naturtilhøve. Innanfor OECD er det igangsett ein prosess for integrering av berekraftig utvikling som ei sentral strategisk retning for verksemda i organisasjonen. Noreg tek sikte på å spele ei aktiv rolle for å medverke til den omlegging som vil skje innan OECD. Noreg har underteikna ein ny konvensjon om tilgang til miljøinformasjon, allmenn deltaking i avgjerdsprosessar og tilgang til rettsmiddel i saker som gjeld miljø. Arbeidet med ratifikasjon og implementering av konvensjonen er starta.

Regjeringa vil i 1999 leggje stor vekt på arbeidet med å sikre ei berekraftig utvikling i Barentsregionen i samband med den aukande økonomiske aktiviteten i regionen. Det gjeld særleg miljøkonsekvensane av russisk olje- og gassutvinning. Ein vil arbeide for å sikre ei effektiv integrering av den arktiske miljøvernstrategien (AEPS) i Arktisk Råd og medverke aktivt til at arbeidet i Rådet for berekraftig utvikling i nordområda fullt ut ivaretek omsynet

til dei rammer naturen set. I det bilaterale norsk-russiske miljøvernsamarbeidet blir tiltak prioritert på områda radioaktivitet, havmiljø, oljevernberedskap, industriureining, biomangfald, kulturminnevern og utvikling av den regionale russiske miljøvernforvaltninga.

Svalbard skal takast vare på som eit nær på urørt villmarksområde, og skal utviklast som base for norsk og internasjonal forskning og miljøovervaking i nord. Miljøvernreglane for Svalbard er blitt hengande etter både i høve til endringar av samfunnsstrukturen og næringslivet på øygruppa, og i høve til utviklinga av miljøvernlovgjevinga for det norske fastlandet. Det er behov for ei vesentleg oppgradering, og eit eige utval vil i 1999 leggje fram si innstilling om ei eiga miljøvernlov for Svalbard. Vidare vil oppretting av eit folkevalt styringsorgan i Longyearbyen gi nye høve og utfordringar med omsyn til lokal forankring og deltaking i miljøvernarbeidet og lokal Agenda 21.

Regional planlegging

Ei berekraftig utvikling krev at den kommunale, fylkeskommunale og statlege planlegginga etter plan- og bygningslova blir brukt aktivt ma for å styre arealutviklinga i kommunane. Planprosessane skal medverke til meir deltaking. Perspektiva og utfordringane i lokal Agenda 21 skal integrerast i den ordinære planprosessen og leggjast til grunn ved revisjon av kommune- og fylkesplanar. Bruk av utgreiingar av miljøkonsekvensar i planarbeidet skal medverke til å få fram i lyset konfliktar og handlingsalternativ knytt til planprosessane.

Vidareutvikling av den nasjonale arealpolitikken er difor ei viktig utfordring. Opplæring og lovutvikling vil bli lagt til rette for ein betre planleggingspraksis i kommunar og fylke.

Nasjonale mål for den regionale planlegginga skal formidlast i forkant av dei regionale og lokale planprosessane, og fylkesmannen si samordningsrolle når det gjeld deltakinga av statlege regionale etatar i fylkesplanarbeidet skal gjerast meir tydeleg. Bruk av fylkesplanlegginga til arealplanoppgåver på tvers av kommunegrenser skal styrkjast.

By- og tettstadutvikling skal skje i samsvar med dei rikspolitiske retningslinjene for samordna areal- og transportplanlegging. Det blir lagt vekt på å stimulere utarbeiding av regionale planar for miljøvenlege transportløysingar, arealbruk og senterstruktur, herunder retningslinjer for lokalisering av varehandel. Slike planar skal avløyse førebels etableringsstopp for kjøpesenter og føreset å gi innspel til nasjonal transportplanlegging.

Miljøbyprogrammet gir viktige erfaringar om modellar for berekraftig byutvikling. Innsatsen på dette feltet vil bli vidareført i eit nytt "samarbeidsforum for storbyutvikling". Verkemiddel og planmodellar for fortetting med kvalitet i by- og tettstadsområde er ei spesiell utfordring.

Perspektiva frå lokal Agenda 21 skal integrerast på heile feltet både i plan- og utviklingsarbeid.

Programmet for arealdokumentasjon skal gi betre kunnskap om utviklinga innan arealbruk i sårbare og viktige område, og betre avgjerdsgrunnlaget for kommunale og regionale styresmakter når det gjeld arealbruk.

Kart og geodata

Regjeringa vil trappe opp arbeidet med elektroniske sjøkart langs norskekysten. Bruk av pålitlege elektroniske sjøkart i kombinasjon med moderne navigasjonssystem vil auke tryggleiken til sjøs. Bruk av slike system vil kunne redusere faren for skadar på personar og miljø, redusere materielle kostnader, og auke regulariteten, korte ned seglingsruter og styrkje næringsgrunnlaget langs kysten.

Etablering av databasar og produksjon av kart i digital form har lenge vore ei stor oppgåve, og vil framleis bli det i fleire år framover. Informasjonsgrunnlaget er i dag spreidd i ulike arkiv og register, og mellom ulike etatar. Bruk av geografisk informasjonsteknologi kan gjere informasjonen lettare tilgjengeleg både for planleggjarar, politikarar og publikum. Dette er eit viktig bidrag til eit meir ope samfunn, ma vil det kunne gjere lokal og regional arealplanlegging meir forståeleg for politikarar og folk flest.

Samarbeidet mellom stat og kommunar for å få til eit mest mogeleg rasjonelt og tilgjengeleg system vil halde fram og bli vidareutvika. Med tilgang til kart og geografisk informasjon i digital form kan data utnyttast betre og informasjonen bli lettare tilgjengeleg for alle partar.

Arbeidet med arealdokumentasjon i alle fylke vil halde fram. Regjeringa har starta arbeidet med ein gjennomgang av nasjonal kartpolitikk, og det blir teke sikte på å leggje fram ei stortingsmelding om dette våren 1999.

Satsingar innanfor fleire resultatområde

Lokal Agenda 21

Det er aukande interesse for grunnleggjande verdispørsmål i samfunnet. Samstundes viser undersøkingar at dei globale miljø- og ressursproblema vekkjer uro hos eit stort fleirtal av befolkninga. Nøkkelen til å omsetje denne uroa til handling er å skape og synleggjere dei lokale handlingsalternativa. Gjennom auka samvirke mellom kommune, lokalt næringsliv og lokalbefolkning med vekt på barn og unge, kan nye ressursar utløysast i miljøarbeidet. Lokal Agenda 21 er utfordringa frå Riokonferansen til kommunane om å ta berekraftig utvikling på alvor og gjere dette i samarbeid med innbuarane sine. Initiativet må kome nedanfrå, og dialog og samarbeid mellom kommunar, næringsliv og befolkning må forankrast lokalt. Frå miljøvernstyresmaktene si side vil innsatsen rettast mot å gjere det enkelt og lønsamt å velje miljøvenleg. Det skal leggjast til rette slik at informasjon om dette blir lett tilgjengeleg.

Lokal Agenda 21 femner vidare enn tradisjonelt miljøvern, og gjeld mange statlege sektorar. Gjennom den såkalla Fredrikstaderklæringa pliktar aktørar på tvers av sektorar og forvaltningsnivå å ta i bruk dei verkemiddel dei sjølv rår over for å skape ei berekraftig utvikling. Erklæringa er eit politisk dokument som vart lagt fram på den største miljø-konferansen i Noreg om lokal Agenda 21, i februar 1998. Miljøverndepartementet vil aktivt bruke erklæringa, for å målrette den statlege innsatsen i lokal Agenda 21-arbeidet. Erklæringa vil bli lagt til grunn for ei styrking og vidareutvikling av samarbeidet med departementa, kommunesektoren og andre sentrale aktørar, herunder Miljøheimevernet og organisasjonar innanfor den breie miljørørsla.

Innanfor LA-21-satsinga til departementet og kopla til det arbeidet som blir gjort på feltet by- og tettstadutvikling, vil det bli igangsett eit forprosjekt på temaet "Funksjonelle og attraktive tettstader i distrikta". Dette er ein delstrategi for å motverke fråflytting og stimulere tilflytting til distrikta. Arbeidet skal skje i samarbeid med Kommunal- og regionaldepartementet, Barne- og familiedepartementet og Kulturdepartementet.

I løpet av 1998 har hovudelement i infrastrukturen for miljøvernstyresmaktene sitt arbeid med lokal Agenda 21 kome på plass (regionale knutepunkt og etablering av møteplass på Internett). Dette arbeidet skal førast vidare. I 1999 blir det viktig for miljøforvaltninga å gripe tak i følgjande tema:

- biologisk mangfald
- energi og klima
- materielt forbruksmønster, avfall og attvinning
- helse- og miljøfarlege kjemikaliar (stoff) med særleg vekt på rein mat

Friluftsliv og kulturminne representerer lokale verdiar som skal vidareutviklast som identitetskapande og ansvarsmobiliserande element i lokal Agenda 21-arbeidet.

Informasjon og kommunikasjon

Det å vere open i forvaltninga, og folk sin rett til miljøinformasjon, står sentralt i informasjonsverksemda til Miljøverndepartementet. Under ministerkonferansen "Miljøvern for Europa"-prosessen i Århus i juni 1998 vart konvensjonen om rett til informasjon om miljøet underteikna av mellom andre Noreg. Konvensjonen er eit viktig steg i retning av meir open framferd og innsikt i miljøspørsmål for folk flest.

Miljøutfordringane er i dag svært samansette. Det er difor naudsynt å satse på kunnskap og informasjon for å få ei heilskapleg tilnærming til desse utfordringane. Det vil medverke til at det blir kasta meir lys på problema, og auke folk si forståing for alvoret i situasjonen og behovet for tiltak. Miljøverndepartementet legg vekt på informasjon som eit miljøvernpolitisk verkemiddel på dei ulike resultatområda. Det vil særleg bli lagt vekt på miljølære i skulen og produktinformasjon for forbrukarar og næringsliv. I den samanheng vil det bli nedsett eit lovutval som skal vurdere rettar og plikter i det eksisterande lovverket. Miljøverndepartementet skal styrkje og vidareutvikle sin del av internettarbeidet på ODIN. Miljøinformasjonen på Internett vil også bli betra gjennom etablering av «Miljøstatus Noreg» i regi av miljøvernforvaltninga. Lokal Agenda 21 vil få eiga heimeside på Internett.

Sidan 1996 har Miljøverndepartementet arbeida med å utvikle eit referansesystem for miljøinformasjon. Referansesystemet er ein database på Internett som inneheld referansar til viktig miljøinformasjon. Arbeidet er koordinert mot relevante europeiske standardar og mot tilsvarande systemarbeid i regi av det europeiske miljøagentur i København.

Forskning og utgreiing
Det er dokumentert eit stort kunnskapsbehov for å kunne finne føremålstenlege løysingar på miljøutfordringa. Dette gjeld både område der Miljøverdepartementet har eit sektoransvar, og miljøproblem som andre departement har eit hovudansvar for å løyse. FoU-innsatsen skal vidareutviklast som ein integrert og samorda del av departementet si verksemd, og vere ei sentral problemstilling i utvikling av det tverrfaglege og tverrsektorielle samarbeidet. Dette blir sett i samanheng med vitaliseringa av sektorprinsippet som skjer gjennom sektorvise miljøhandlingsplanar.

1.4 Miljøvernpolitiske satsingar på budsjetta til andre departement

For å nå målet om ei berekraftig utvikling må miljøomsyn integrerast i alle delar av samfunnet. Dette stiller krav både til utforminga av den overordna økonomiske politikken og til politikken på dei enkelte sektorar. Samstundes må tiltak og verkemiddel på enkeltsektorane samordnast på ein slik måte at dei samla effektane trekkjer i retning av lågare miljøbelastning og redusert ressursbruk.

Innsats for eit betre miljø og ei berekraftig utvikling krev at det på alle sektorar blir avsett midlar og ressursar for naudsynte tiltak og målretta verkemiddelbruk.
Omfanget av styresmaktene sitt arbeid på miljøvernområdet kan likevel ikkje målast berre på storleiken av budsjetta i dei enkelte departementa. Arbeid for eit betre miljø omfattar også avgjerder og aktivitetar som ikkje kjem direkte til uttrykk på utgiftssida i budsjetta. Dette kan vere å hindre miljøskadelege inngrep i naturen, innføring av reformer og regelendringar som skal gjere det lettare å ta miljøomsyn i offentleg og privat planlegging, og avgiftsordningar som skal stimulere til mindre miljøbelastande ressursbruk.

Stortinget slutta seg våren 1998 til intensjonane i St meld nr 58 (1996-97) «Miljøvernpolitikk for en bærekraftig utvikling» om arbeidet med det sektorovergripande miljøvernarbeidet. Sentralt her står utforming av sektorvise miljøhandlingsplanar, eit system for resultatoppfølging og dokumentet «Regjeringens miljøprofil og rikets miljøtilstand».

Føremålet med dei sektorvise miljøhandlingsplanane og eit forbetra rapporteringssystem er å betre avgjerdsgrunnlaget for regjering og Storting, slik at dei kan føre ein effektiv og heilskapleg miljøvernpolitikk samordna med politikken i sektorane. Dette skal skje gjennom eit betre avklart sektoransvar for miljøvern, ved ei meir systematisk evaluering av resultat og verkemiddel, og gjennom eit meir effektivt arbeid med rapportering og miljødata.

Dei tre elementa «sektorvise miljøhandlingsplanar», «nasjonalt resultatoppfølgingssystem» og dokumentet «Regjeringens miljøprofil og rikets miljøtilstand» skal inngå som ledd i ein sirkel av plan, rapportering og evaluering, kopla til den ordinære budsjettprosessen.

Dei sektorvise miljøhandlingsplanane skal gi eit bilde av samla miljøpåverknad i sektoren og det arbeidet som blir gjort for å løyse miljøvernproblema i sektoren. Planane skal utarbeidast og iverksetjast av sektordepartementa. Ein viktig del av arbeidet vil vere å etablere arbeidsmål der dette er føremålstenleg for å tydleggjere ansvaret, effektivisere arbeidet med verkemiddelspørsmål og leggje til rette for effektiv resultatoppfølging for kvar sektor innanfor ein samla og heilskapleg miljøvernpolitikk. Planen vil også klargjere roller og ansvarsdeling mellom og innanfor sektorar og mellom forvaltningsnivåa. Planane blir presentert i sektordepartementet sin budsjettproposisjon.

Rapporteringssystemet vil leggje til rette for ei meir målretta rapportering og bruk av miljødata som avgjerdsgrunnlag. Systemet vil byggje på dei indikatorar som blir nytta av mellom andre OECD.

Dokumentet «Regjeringens miljøprofil og rikets miljøtilstand» vil omfatte rapportering om utviklinga i miljøtilstanden, gjennomføring av tiltak og bruk av verkemiddel knytt til vedtekne mål, og ei omtale av regjeringa sin miljøprofil i høve til desse utfordringane. Dokumentet vil bli lagt fram årleg samstundes med statsbudsjettet, og vil fungere som rapportering til Stortinget, både om miljøstatus og om gjennomføringa av regjeringa sin miljøvernpolitikk.

Som tidlegare rapporterer regjeringa i samband med Miljøverndepartementet sin budsjettproposisjon om miljøprofilen i framlegget til statsbudsjett for 1999. Denne er ordna etter regjeringa sine miljøvernpolitiske resultatområde. Som tidlegare blir det også presentert ein tabell (sjå nedanfor) som gir eit samla oversyn over departementa sine løyvingar til miljøtiltak. Løyvingane er delt inn i tre kategoriar:

Kategori I: Reine miljøtiltak
Kategori II: Tiltak med vesentleg miljømotivasjon
Kategori III: Tiltak med delvis miljømotivasjon

Tabellen viser løyvingane til miljøverntiltak i framlegget til statsbudsjett fordelt på departement og kategori. Tabellen viser at løyvingane til reine miljøverntiltak går ned frå 6285 mill. kroner i SIII 1998 til 5979,7 mill. kroner i 1999. Ein stor del av denne nedgangen skuldast ein reduksjon i budsjettet til Miljøverndepartementet, som følgje av at låneramma og grunnkapitalen i Statens miljøfond er redusert med rundt rekna 50 prosent, jf. kap. 1.3. Ser vi bort frå reduksjonane til miljøfondet, er løyvingane til reine miljøtiltak om lag uendra. Tiltak med vesentleg miljømotivasjon går opp med om lag 380 mill. kroner til 7203,7 mill. kroner, mens tiltak med delvis miljømotivasjon viser ein beskjeden auke til 6374 mill. kroner. Fiskeridepartementet, Landsbruksdepartementet og Olje- og energidepartementet ha hatt ein auke i sine løyvingar til reine miljøtiltak.

	Reine miljøverntiltak (mill. kr)		Tiltak med vesentleg miljø-motivasjon (mill. kr)		Tiltak med delvis miljø-motivasjon (mill. kr)	
	SIII	Framlegg	SIII	Framlegg	SIII	Framlegg
Departement:	1998	1999	1998	1999	1998	1999
Arbeids- og administrasjonsdepartementet*	5,5	7,0	-	-	-	-
Barne- og familiedepartementet	4,2	4,2	-	-	-	-
Finans- og tolldepartementet	12,3	12,5	-	-	-	-
Fiskeridepartementet	60,3	68,3	247,1	255,4	910,6	978,3
Forsvarsdepartementet	544,0	488,9	106,0	75,4	77,0	41,9
Justisdepartementet	27,2	28,7	21,0	27,0	13,7	13,9
Kyrkje-, utdannings- og forskningsdepartementet	282,7	283,4	379,0	374,9	797,8	795,4
Kommunal- og regionaldepartementet	25,7	25,7	223,3	224,0	-	-
Kulturdepartementet	360,1	364,0	79,7	106,1	-	-
Landbruksdepartementet	907,4	956,0	-	-	3247,0	3319,5
Miljøverndepartementet	2631,0	2335,5	363,2	399,3	-	-
Nærings- og handelsdepartementet	124,4	125,4	153,0	152,0	381,6	365,2
Olje- og energidepartementet	252,0	330,5	155,0	164,0	108,0	70,0
Samferdsledepartementet	204,7	203,6	4533,1	4829,0	83,3	84,7
Sosial- og helsedepartementet	35,5	36,0	22,6	26,0	282,7	285,2
Utanriksdepartementet**	808,0	710,0	540,0	570,0	420,0	420,0
Sum alle departement	6285,0	5979,7	6823,0	7203,7	6321,7	6374,1

*) Tala omfattar ikkje Statsbygg/rehabilitering av verneverdige statlege bygningar. For 1999 utgjer dette 28,6 mill kroner. Enøk-tiltak i regi av Statsbygg er tekne med.

**) Norsk bistandsstatistikk bygger på standarder som fastsettes i OECD/DAC. Inndelingen i miljøkategorier er noe forskjellig fra Miljøverndepartementets inndeling.

Løyvingane til miljøverntiltak som det er gjort framlegg om kan eit stykkje på veg delast opp etter dei miljøvernpolitiske resultatområda. Ein vesentleg del av utgiftene til reine miljøtiltak (kategori I) blir brukt til å møte høgt prioriterte utfordringar, slike som vern av det biologiske mangfaldet, klimatiltak, vern av kulturminne og kulturmiljø, og til internasjonalt miljøvernsamarbeid inkludert miljøretta bistand. Mykje av miljøinnsatsen skjer likevel i form av tiltak som vedkjem meir enn eitt resultatområde. I det følgjande blir kort gjennomgått ein del av dei største budsjettsatsingane, dels på tvers av resultatområda og dels innanfor kvart resultatområde.

For ei meir detaljert omtale av miljøverntiltak på budsjetta til andre departement, blir det vist til budsjettproposisjonen frå det enkelte departement. Denne omtalen omfattar:

- ei beskriving av utfordringar knytt til miljø- og ressursforvaltninga på departementet sitt ansvarsområde
- ei beskriving av mål som er sett for departementet sitt arbeid med desse utfordringane
- ein rapport om resultat som er oppnådd i 1997

- ei beskriving av tiltak i framlegget til budsjett for 1999 retta mot ressurs- og miljøomsyn

Forsvaret og samferdslesektoren har utarbeida sektorvise miljøhandlingsplanar som del av 1999-budsjettet.
Handlingsplanen for miljøvern i Forsvaret er utarbeida på grunnlag av strukturendringane som er omtala i St meld. nr 22 (1997-98) Hovedretningslinjer for Forsvarets virksomhet og utvikling i perioden 1999-2002. Eit felles system for leiing og rapportering av miljøvernarbeidet vil bli innført. Dette vil krevje tilførsel av kompetanse og utvikling og tilpasning av indikatorar og rapporteringssystem. Blant dei sentrale tiltak i 1999 vil vere:

- utvikle ny mal for rapportering av sektoren sitt miljøvernarbeid
- utpeike faglege støtteeiningar i organisasjonen og utarbeide direktiv som regulerer ansvar og oppgåver for einingane innanfor dei miljøvernpolitiske resultatområda
- revidere retningslinjene som ivaretek miljøomsyn under øvingar
- utarbeide utfyllande retningslinjer for å ivareta miljøomsyn ved innkjøp av materiell og eigedom, bygg og anlegg

Miljøhandlingsplanen for samferdslesektoren er utarbeida med basis i dei føreliggjande budsjettrammene, langtidsplanar og andre relevante styringsdokument på samferdsle- og miljøområdet. Samferdslesektoren er ei vesentleg kjelde til fleire miljøproblem, men dei område som er særleg viktige er: vern og bruk av biologisk mangfald, kulturminne og kulturmiljø, klimaendringar, luftureining og støy. Prioriteringar og aktivitetar i 1999 er attgitt i Samferdsledepartementet sin miljøhandlingsplan og budsjett, og er ikkje med her.

For ein meir utfyllande presentasjon av miljøhandlingsplanane blir det vist til budsjettproposisjonane for Samferdsledepartementet og Forsvarsdepartementet. Det blir teke sikte på å utarbeide tilsvarande miljøhandlingsplan for ma olje- og energisektoren til 2000-budsjettet.

Omtalen av miljørelaterte avgifter står i avsnitt 1.5. I kap. 2 blir det gitt ei framstilling av regjeringa sin politikk for dei miljøvernpolitiske resultatområda. Her blir nærare omtala kva verkemiddel som blir nytta i høve til dei ulike utfordringane, og samarbeidet mellom miljøvernstyresmaktene og andre aktørar, inkludert andre departement. Omtalen av Miljøverndepartementet sine verkemiddel og budsjettpostar står i kap. 3.

Tverrgåande budsjettsatsingar

Ei rekkje av departementa sine budsjettsatsingar rettar seg mot mange miljøutfordringar, og kan ikkje på ein føremålstenleg måte omtalast under eitt i resultatområda for miljøvernforvaltninga. Blant dei viktigaste av desse tverrgåande satsingane er:

Den økonomiske politikken skal medverke til at den økonomiske utviklinga skjer på ein forsvarleg måte også i høve til miljøet. Finansdepartementet har hovudansvaret for det økonomiske opplegget i statsbudsjettet.
Statistikk for naturressursar og miljø er ein sentral del av avgjerdsgrunnlaget for miljøvernpolitikken. Statistisk sentralbyrå spelar ei viktig rolle i arbeidet med å utarbeide og vidareutvikle statistikken. Eit nytt område i 1999 vil vere å studere miljøkonsekvensar av økonomisk vekst ut frå ulike inntektsnivå. Det vil også bli studert kva endra normer for miljøutviklinga kan føre til.

Landbruksdepartementet arbeider aktivt i høve til jordvern. Jordvern er viktig for å ta vare på dyrkbar jord for komande generasjonar. Det medverkar også til å sikre kulturmiljø og kulturminne, og det biologiske mangfaldet knytt til jordbrukslandskapet.

Arbeidet for estetisk kvalitet i våre fysiske omgjevnader er vesentleg for mangfald i opplevingar og livskvalitet. Kulturdepartementet leiar ei interdepartemental kontaktgruppe med representantar frå Arbeids- og administrasjonsepartementet, Nærings- og handelsdepartementet, Kyrkje-, utdannings- og forskningsdepartementet, Miljøverndepartementet, Kommunal- og regionaldepartementet og Samferdsledepartementet. Denne gruppa skal samordne statleg innsats på feltet.

Kommunal- og regionaldepartementet og Husbanken arbeider med byggjeskikk og god kvalitet i dei bygde omgjevnader. Departementet nedset Statens byggjeskikkutval som mellom anna driv rådgjevning om byggjeskikk i høve til kommunane.

Kyrkje-, utdannings- og forskningsdepartementet har i samarbeid med fleire andre departement utvikla eit verktøy kalla ”Nettverk for miljølære”, der elevar skal samle informasjon om miljøtilstanden. Dette kan til dømes gjelde undersøking av vasskvalitet,

kartlegging av plante- og dyreliv mv. Læringsarbeidet i skulen kan slik bli ein ressurs i miljøvernarbeidet og medverke til ei berekraftig utvikling.

Utdanning og forskning medverkar til å betre både befolkninga, verksemdene og andre avgjerdstakarar sin kunnskap om miljørelaterte emner og problemstillingar. Både Kyrkje-, utdannings- og forskningsdepartementet og Nærings- og handelsdepartementet arbeider for å spreie kunnskap og for å styrkje kunnskapsgrunnlaget gjennom forskning og opplæring, med sikte på å fremje ei berekraftig utvikling. Det blir lagt særleg vekt på langsiktig og tverrfagleg kompetansebygging på feltet. Barne- og familiedepartementet gir støtte til forskningsprosjekt om berekraftig forbruk. Tilskot til forskningsføremål på miljøsektoren blir vidareført om lag på same nivå som i 1998.

Barne- og familiedepartementet og Kyrkje-, utdannings- og forskningsdepartementet har eit ansvar i høve til respektive barnehagane og skuleverket. Barne- og familiedepartementet gir dessutan tilskot til frivillige barne- og ungdomsorganisasjonar som arbeider med miljøvern, mellom anna Natur og Ungdom og Blekkulfs miljødetektivar.

Gjennom den forbrukarorienterte miljøsatsinga ønskjer regjeringa å leggje til rette for at forbrukarane lettare skal kunne ta miljøomsyn ved val av varer og tenester. Perspektivet om berekraft og korleis ein kan leggje til rette for miljøinformasjon til forbrukarane vil stå sentralt i den komande St meld om forbrukarpolitikken.

Arbeidet med å styrkje det nordiske svanemerket og få til ei best mogeleg samordning mellom det norske merkesystemet og EU sin ECO-label vil halde fram. Den økonomiske stønaden til positiv miljømerking vil bli vidareført på same nivå.

Offentleg sektor skal vere ei drivande kraft og gå føre i arbeidet for eit berekraftig samfunn. Regjeringa vil gjennomføre prosjektet "Grøn stat" for å prøve ut korleis miljøomsyn best kan integrerast i drifta av statlege verksemder og kva konsekvensar dette vil ha. Arbeids- og administrasjonsdepartementet og Miljøverndepartementet er ansvarleg for prosjektet, mens Statens forurensningstilsyn er tillagt ansvaret for gjennomføringa. Det er valt ut ti etatar som skal delta. Prosjektet startar hausten 1998 og vil bli avslutta i 2000.

Gjennom prosjektet «Økobygg», som er finansiert av fire departement i fellesskap (Miljøverndepartementet, Olje- og energidepartementet, Kommunal- og regionaldepartementet og Arbeids- og administrasjonsdepartementet) blir det arbeida for miljøforbetringar i byggebransjen. Prosjektet legg opp til konkrete mål som kan kvantifiserast, td i form av prosentvis reduksjon av energibruk i bygningar, Co_2-utslepp, mengde avfall til deponi ol. Statsbygg arbeider også med eit prøveanlegg for geovarme ved det nye Rikshospitalet i Oslo. Dersom dette prosjektet lukkast, vil geovarme kunne bli eit reelt alternativ som energikjelde.

I stortingsmeldinga om reiseliv som blir fremja hausten 1999, vil Nærings- og handelsdepartementet vurdere korleis miljøutfordringane i reiselivet skal møtast.

Innanfor dei miljøvernpolitiske resultatområda til Regjeringa kan følgjande hovudsatsingar nemnast:

Vern og bruk av biologisk mangfald

Framlegg til statsbudsjett inneheld omfattande løyvingar til tiltak som skal medverke til å ta vare på og til berekraftig bruk av det biologiske mangfaldet. Over budsjettet til Miljøverndepartementet blir det løyvt 498,6 mill kroner.

På Olje- og energidepartementet sitt budsjett er det venta brukt om lag 2,5 mill kroner til forvaltning av verna vassdrag og diverse oppryddingstiltak i vassdrag.

I Forsvarsdepartementet sin miljøhandlingsplan er det sett opp ei rekkje mål og tiltak for forsvaret si handtering av det biologiske mangfaldet. Det er teke sikte på systematisk å kartleggje og følgje utviklinga i det biologiske mangfald i område med militær aktivitet, ta særlege omsyn ved militær aktivitet og leggje omsynet til det biologiske mangfald til grunn ved viktige avgjerder. Kystvakta si overvaking og kontroll av havet utanfor Noreg er ein viktig føresetnad for ei berekraftig forvaltning av fiskeriressursane.

Fiskeridepartementet sitt budsjett inneheld tiltak innanfor overvaking og kartlegging av fiskeressursane, i tillegg til sikring mot rømming og kamp mot sjukdom og parasittar i havbruksnæringa. Løyvingar til reine miljøtiltak på dette resultatområdet er rekna til 41,5 mill. kroner. Arbeidet med å innføre miljøovervakingsverktøyet Modellering-Overvaking-Matfiskanlegg (MOM) vil halde fram i 1999. Systemet vil ma kunne dokumentere miljøverknader av havbruksverksemd.

Ein stor del av dei reine miljøtiltaka på Landbruksdepartementet sitt budsjett (vel 450 mill kroner) er relatert til biologisk mangfald. Over jordbruksavtala blir løyvd særskilte midlar til kulturlandskap, tilskot til seterdrift og økologisk landbruk. Også ein vesentleg

del av FoU-midlane på Landbruksdepartementet sitt budsjett er retta inn mot biologisk mangfald. Landbruksdepartementet ved veterinærstyresmaktene driv omfattande vegleiing for å redusere bruken av antibiotika innanfor landbruk og fiske. Elles inneheld budsjettet til departementet ei rekkje tiltak innanfor jordbruk, skogbruk og reindrift som gjeld området biologisk mangfald.

Det interdepartementale samarbeidet om trygg framstilling og bruk av genmodifiserte organismar skal førast vidare. I dette samarbeidet deltek Miljøverndepartementet saman med mellom andre Sosial- og helsedepartementet, Landbruksdepartementet, Fiskeridepartementet, Justisdepartementet og Nærings- og handelsdepartementet. Det vil særleg bli lagt vekt på å få til ei samordning av regelverket for genteknologi, næringsmiddel og fòrvarer.

Friluftsliv

Størstedelen av løyvingane til reine miljøtiltak innanfor dette resultatområdet går over Miljøverndepartementet sitt budsjett. Fleire andre departement har likevel ansvar for aktivitetar som har verknad for friluftslivet. Satsing på friluftsaktivitetar i skular og barnehagar over budsjettet til Kyrkje-, utdannings- og forskingsdepartementet er viktig for å formidle verdien av friluftsliv til nye generasjonar.

Gjennom ordninga «Spesielle tiltak i landbrukets kulturlandskap» (STILK-ordninga – om lag 38 mill kroner) gir Landbruksdepartementet støtte til å fremje tilgjenge, oppleving og landskapsbilde i eller i samanheng med jordbrukslandskapet. Over Landbruksdepartementet sitt budsjett er også føreslått å løyve 9,4 mill kroner til fjelltenesta i Nord-Noreg.

Kulturminne og kulturmiljø

Ein vesentleg del av løyvingar og tiltak innanfor kulturminnevernet ligg på andre departement sine budsjett. Kultur- og miljøpolitikk er i mange tilfelle samanfallande. Arbeid og verkemiddel i Kulturdepartementet omfattar kulturverntiltak, tilrettelegging og museal verksemd.

På Justisdepartementet sitt budsjett er gjort framlegg om 2 mill kroner til kulturminnetiltak på Svalbard.

Gjennom det lokale brannvern er Kommunal- og regionaldepartementet engasjert i sikring av verneverdige bygningar. Dette skjer i samarbeid med Riksantikvaren. Det blir også løyvd driftsmidlar til Samisk kulturminneråd over budsjettet til Sametinget.

Arbeids- og administrasjonsdepartementet er gjennom Statsbygg engasjert i forvaltninga av verneverdige statlege bygningar. For 1999 er det gjort framlegg om ei løyving på 28,6 mill. kroner til dette føremålet. Også Samferdsledepartementet løyver midlar under resultatområdet kulturminne og kulturmiljø, ma til Vegmuseet og vedlikehald og restaurering av verneverdige veganlegg og jernbanebruer.

Landbruksdepartementet løyver pengar til å setje i stand eller til freda bygningar i landbruket og til bevaring av kulturminne og kulturmiljø i inn- og utmark gjennom skjøtsel og vedlikehald (STILK-ordninga). Ein reknar med at dette vil bli om lag 38 mill. kr for 1999. Departementet medverkar også til å ta vare på norske kulturmiljø gjennom støtte til seterdrift.

Ureining av hav og vatn

Ein stor del av løyvingane til reine miljøtiltak, 228,3 mill kroner går over Miljøverndepartementet sitt budsjett og er knytt til arbeidet for å redusere utsleppa av næringssalt til Nordsjøen (Nordsjøplanen). Også på Landbruksdepartementet sitt budsjett blir det løyvd vesentlege midlar til dette arbeidet. For 1999 er det gjort framlegg om i underkant av 200 mill kroner. Ein vidarefører satsinga på eksisterande og nye tiltak, samt på betre samordning av eksisterande verkemiddel.

På Forsvarsdepartementet sitt ansvarsområde har Forsvaret og miljøvernstyresmaktene gjennom Indre kystoppsyn, organisasjonen Kystberedskap og Aksjonsleiing (KYBAL) utvikla eit nært samarbeid med omsyn til å førebyggje ureining til havs og i vatn, eventuelt oppdage og iverksetje avbøtande tiltak.

Som følgje av dei krav Noreg har forplikta seg til gjennom EØS-avtala, blir det arbeida med eit program for kvalitet på vassforsyning. Over budsjettet til Kommunal- og regionaldepartementet er det gjort framlegg om 66 mill kroner til dette programmet i 1999, dvs. om lag same sum som i år.

Fleire departement har ansvaret for tiltak som skal hindre utslepp og andre ureiningar til havs. Nærings- og handelsdepartementet har ansvaret for skipstryggleiken, mens Kommunal- og regionaldepartementet har ansvaret for tryggleik og arbeidsmiljø i petroleumsverksemda. Fiskeridepartementet har ansvar for tiltak i farleiene.

På Nærings- og handelsdepartementet sine ansvarsområde arbeider Bergvesenet med tiltak for å redusere avrenning av tungmetall frå nedlagde gruver. Innanfor ramma av Regjerings-programmet for vassforsyning held Norges Geologiske Undersøkelse (NGU) fram med kartlegging og undersøkjingar av grunnvatnførekomster i område der vatnkvaliteten i eksisterande vassverk ikkje er tilfredsstillande.

Helse- og miljøfarlege kjemikaliar

Av løyvingane til reine miljøtiltak på dette området går det meste over Miljøverndepartementet sitt budsjett, for 1999 141,5 mill kroner. Over Landbruksdepartementet sitt budsjett blir det innanfor dette resultatområdet løyvd midlar til førebyggjande tiltak mot plantesjukdomar, tiltak for dyre- og plantehelse og miljø- og næringstiltak i jordbruket. Sosial- og helsedepartementet arbeider gjennom Folkehelsa ma med å utgreie og delta i overvaking av miljøureining og miljøgifter.

Avfall og attvinning

Dei offentlege utgiftene på dette området fell i hovudsak på kommunane. Løyvingane over statsbudsjettet går over Miljøverndepartementet sitt budsjett. For 1999 er det gjort framlegg om 305,2 mill kroner.

Klimaendringar, luftureiningar og støy

Av dei midlane som er føreslått til reine miljøtiltak på dette resultatområdet går vel 265 mill kroner over Miljøverndepartementet sitt budsjett. Dei andre løyvingane går i første rekkje over budsjetta til Samferdsledepartementet og Olje- og energidepartementet.

Eit viktig tiltak for å redusere miljøproblema er å stimulere til betre teknologi gjennom forskning og utvikling (FoU). I 1998 blir Norges forskningsråd si satsing innan miljøteknologi vidareført. I tillegg har NFR eit program for utvikling og demonstrasjon av teknologiske løysingar som skal redusere utslepp av drivhusgassar. Programmet er samfinansiert av Miljøverndepartementet, Olje- og energidepartementet og Nærings- og handelsdepartementet. Forskninga innanfor miljøsektoren vil mellom anna fokusere på miljøvenlege, fornybare energiteknologiar som vind, bioenergi og solenergi, i tillegg til utvikling av teknologi for effektiv bruk av energi.

Til enøk-tiltak er gjort framlegg om til saman 270 mill kroner over budsjettet til Olje- og energidepartementet i 1999. Desse midlane skal brukast til å vidareføre og styrkje den statlege enøk-verksemda og satsinga på nye fornybare energikjelder og energieffektive teknologiar. I den statlege enøk-verksemda inngår informasjon, opplæring, nettverksbygging og støtte til energieffektiv teknologi. Det skal gjennomførast tiltak som stimulerer til kommunal deltaking i utviklinga av spillvarme, nye fornybare energikjelder og effektiv bruk av energi ved rehabilitering og nybygging. Stortinget har vedteke innføring av fritak for investeringsavgift for bioenergi, vindenergi, varmepumper og fjernvarmeanlegg, og produksjonsstønad for vindkraft. Det blir også arbeida med eit enøk-avtalesystem retta mot industrien, der det blir etablert forpliktingar til enøk-arbeid i verksemder og bransjar.

Over budsjettet til Nærings- og handelsdepartementet blir det løyvd midlar til NoxRED-programmet som skal medverke til å redusere utslepp av nitrogenoksyd frå motoranlegg på skip i nasjonal konkurranseutsett skipsfart.

Skogplanting kan vere eit relevant tiltak i klimasamanheng. For 1999 blir det føreslått avsett ca. 40 mill kroner over Landbruksdepartementet sitt budsjett. For 1998 er det øyremerka 8 mill kroner til tiltak for auka bruk av bioenergi. Dette vil bli vidareført om lag på same nivå i 1999. Overvakingsprogram for skogskadar er Noreg sin medverknad i eit internasjonalt opplegg for skogovervaking som legg grunnlag for internasjonale vedtak og tiltak mot skadar frå luftureining. Programmet vil bli vidareført i 1999 med framlegg om ei løyving på 4 mill kroner.

Internasjonalt miljøvernsamarbeid, bistand, nord- og polarområda

Utviklingsbistand

Utanriksdepartementet vil også i 1999 halde fram med bistanden på miljøområdet på eit høgt nivå. For 1999 er det gjort framlegg om 595 mill kroner til reine miljøtiltak. Under særløyvinga for miljøtiltak på kap. 0155 er føreslått løyvd 310 mill kroner. ODA-delen til GEF/Miljøprotokollen er for 1999 rekna til 43,8 mill kroner (GEF = Den Globale Miljøfasiliteten, ODA = Official Development Assistance). Norske samarbeidsland og regionar, spesielt Afrika, vil bli prioritert i det bilaterale arbeidet. Sentrale målsetjingar frå dei globale miljøvernkonvensjonane og frå FN-kommisjonen for berekraftig utvikling (CSD) vil bli søkt gjennomført i den vidare bistandsinnsatsen.

Målet med støtta er å

- styrkje institusjonell kapasitet og teknisk/økonomiske føresetnader i mottakarlanda for å integrere miljøomsyn i si utvikling og for å overhalde internasjonale miljø-forpliktingar
- medverke til å styrkje kunnskap og fagleg kompetanse i mottakarland om miljø-problem og samanhengen mellom miljø og utvikling

Bistand til ikkje ODA-godkjende land og internasjonale miljøtiltak (kap. 0197)

Det blir føreslått løyvd 95 mill kroner til reine miljøverntiltak i 1999. Den ikkje ODA-godkjende delen av GEF er for 1999 utrekna til 20 mill kroner. I tillegg er det gjort framlegg om stønad også til miljøprosjekt innanfor samla tilsegnsfullmakter på 200 mill kroner til tiltak i Sentral- og Aust-Europa, kap. 197, post 70.

Svalbard

På budsjettet til Justisdepartementet er det gjort framlegg om å løyve 3,5 mill kroner til reine miljøverntiltak på Svalbard i regi av Sysselmannen. Føremålet er å sikre den tilnærma urørde villmarksnaturen på Svalbard.

1.5 Miljøprofilen i avgiftsopplegget

I handsaminga av St prp nr 54 (1997-98) «Grønne skatter» vedtok Stortinget ei rekkje skatte- og avgiftsendringar. Desse vedtaka er lagt inn i skatte- og avgiftsopplegget for 1999, innan ei provenynøytral ramme:

- CO_2-avgifta blir utvida til å gjelde luftfarten, godstransport i innanriks sjøfart og supplyflåten. Desse sektorane vil bli ilagt ei avgift på 100 kroner pr tonn CO_2, noko som tilsvarer ein avgiftssats på 0,26 kroner pr liter.
- Det blir innført ei SO_2-avgift på 3 kroner pr. kg SO_2 på bruk som i dag er friteken for avgift.
- Spillolje blir ilagt både CO_2-avgift og SO_2-avgift.
- Det blir innført ei avgift på sluttbehandling av avfall. Avgifta på avfall som blir levert til deponering er 300 kroner pr. tonn. Avgifta på avfall som blir levert til forbrenning blir gradert med ei grunnavgift på 75 kroner pr. tonn og ei tilleggsavgift på opptil 225 kroner pr. tonn som blir gradert etter energiutnytting. Treforedlingsindustrien får fritak for avgifta på restavfall frå utnytting av returfiber.
- Fritaket for autodieselavgift blir fjerna. Bussdrift som har rett på tilskot blir kompensert fullt ut, også for utgifter knytt til auka meirverdiavgift.
- For å kompensere meirkostnader for luftfarten ved innføring av ei CO_2-avgift, blir flyseteavgifta redusert frå 130 til 106 kroner på utanlandsflygingar og frå 65 til 53 kroner på innanlandsflygingar.

- Det blir gitt fritak for investeringsavgifta på vindkraftanlegg, bioenergianlegg, varmepumper, fjernvarmeanlegg, tidvatnsanlegg og mikro- og minikraftanlegg. Det blir også gitt tilskot til vindkraftanlegg tilsvarande halv el-avgift pr. produsert kWh, dvs. 4,21 øre pr. kWh.
- Satsen i minstefrådraget blir auka frå 20 til 21 pst. og øvre grense blir for inntektsåret 1999 auka slik at det provenymessig tilsvarer dei netto avgiftsaukene som følgjer av dei vedtekne framlegga i St prp nr 54 (1997-98) «Grønne skatter».

Regjeringa såg stortingsproposisjonen om grøne skattar som eitt steg i retning av den naudsynte omlegginga i miljøvenleg retning.

På bakgrunn av dei energipolitiske måla, føreslær Regjeringa å auke el-avgifta med 2,5 øre pr. kWh. Frå januar 1997 til juli i år er elles gjennomsnittsprisen på kraft til hushaldningane gått ned med om lag 20 pst. eller rundt 10 øre pr. kWh. For å unngå ein miljømessig uheldig overgang til fyringsolje til oppvarming, blir det gjort framlegg om ei grunnavgift på mineralolje på 19,1 øre pr. liter.

Også andre av skatte- og avgiftsforslaga vil ha positive miljøverknader. Regjeringa sitt framlegg til innstramming i frådraget for reiseutgifter mellom heim og arbeidsstad, vil stimulere til «kameratkøyring» og bruk av offentlege transportmiddel.

Vrakpantavgifta blir føreslått auka frå 900 til 1200 kroner, i samband med ein auke av vrakpanten frå 1000 til 1500 kroner. Vrakpanten har stått uendra sidan 1986, og auken blir føreslått for å halde oppe ein tilstrekkeleg økonomisk motivasjon til å levere inn bilvrak.

Som ei oppfølging av Grøn skattekommisjon har ei interdepartemental arbeidsgruppe med representantar for Miljøverndepartementet, Finansdepartementet, Nærings- og handelsdepartementet og Statens forurensingstilsyn vurdert utforminga av avgifter på enkelte helse- og miljøfarlege kjemikaliar. Arbeidsgruppa tilrådde at det blir innført avgifter på dei klororganiske løysemidla trikloreten og tetrakloreten og på trevirke impregnert med miljøgiftene kopar, krom og/eller arsen. Regjeringa meiner det er behov for ytterlegare avklaringar før det eventuelt kan gjerast framlegg om å innføre avgiftene. Før det kan gjerast framlegg om ei eventuell avgift på trykkimpregnert trevirke er det behov for ein del prinsipielle og praktiske avklaringar. For avgifter på trikloreten og tetrakloreten er det behov for å avklare enkelte avgiftstekniske spørsmål. Regjeringa tek sikte på å gjere framlegg om avgift på trikloreten og tetrakloreten i Revidert nasjonalbudsjett 1999, slik at eventuelle avgifter kan innførast frå 1.7.1999.

2. NASJONALE MILJØMÅL

2.1 RESULTATOMRÅDE 1 : VERN OG BRUK AV BIOLOGISK MANGFALD

Resultatområdet omfattar berekraftig forvaltning, bruk og vern av arter og bestandar, deira leveområde og ressursgrunnlag. Under dette høyrer vilt- og fiskeforvaltning, bioteknologi, og forvaltning av alle naturtypar og naturområde, kulturlandskap og kulturmarker. Resultatområdet femner dermed også miljøeffektar ved arealinngrep, hausting og spreiing av framande organismar. Miljøeffekten av ureining er dekt av resultatområde 4, 5, 6 og 7. Biologisk mangfald i polare område er handsama under resultatområde 8 (internasjonalt miljøvernsamarbeid).

Resultatområdet femner også internasjonalt arbeid med ma oppfølging av konvensjonar og andre internasjonale prosessar og avtaler for å sikre vern og berekraftig bruk av biologisk mangfald.


Resultatområdet må sjåast i samanheng med resultatområde 2 (friluftsliv), 3 (kulturminne og kulturmiljø), 9 (regional planlegging) og 4 (ureining av hav og vatn). Framstillinga her handlar om forvaltningsområda til Miljøverndepartementet.

2.1.1 Tilstandsbeskriving

Tap av biologisk mangfald er i global samanheng i ferd med å undergrave grunnlaget for ei berekraftig utvikling. Mellom 50 og 90 % av artsmangfaldet finst i dei tropiske regnskogane. Det er rekna ut at mellom 2 og 25 % av alle planter og fuglar i tropiske skogar vil vere utrydda i løpet av dei neste 25 åra. Mangfaldet går tapt også i andre økosystem som td nordlege barskogar, hav, kyst, korallrev, ferskvatn og jordbruksland. Det globale tapet er knytt til ei rekkje demografiske, økonomiske, institusjonelle og teknologiske tilhøve som fører til tap, fragmentering og dårlegare kvalitet på leveområde; introduksjon av framande organismar, overutnytting av biologiske ressursar; ureining av jord, luft og vatn; samt fare for ei global klimaendring. Endringar i naturtypar og leveområde for planter og dyr som følgje av inngrep, endra arealbruk og nye driftsformer i landbruket, er mellom dei viktigaste årsakene til tap av arter og bestandar i Noreg. Blant dei naturtypane som er mest utsette for endringar i Noreg kan nemnast elvedelta, beite- og slåtteenger og gammal skog. Om lag 100 arter er utrydda frå norsk natur i løpet av dei siste 50 åra.

Sjølv om det er busetnad på berre om lag 1,1 % av arealet i Noreg og ca. 3 % er jordbruksareal i drift, er storleiken av villmarksprega område (område meir enn 5 km frå tyngre inngrep) redusert frå om lag 48 % til 12 % av landarealet i perioden frå 1900 til 1994, jf. fig 2.1.1. I Sør-Noreg var prosentdelen i 1994 nede i 5 %. Inngrep som offentlege vegar, skogsvegar, kraftlinjer og kraftutbygging gir store utslag i denne statistikken. Reduksjonen i storleiken av desse områda har skjedd raskere dei siste 15 åra enn tidlegare i dette hundreåret.


Figur 2.1.1 Reduksjon i attverande område i Noreg med villmarkspreg frå 1900 til 1994.



Kilde: Brun, M. NOU-1986, Statens kartverk - Miljøenheten 1992/1996/1998, Direktoratet for naturforvaltning (DN). Grafisk produksjon: Statens kartverk - Miljøenheten 1998 / DN 1998

Regjeringa vil i løpet av vårsesjonen 1999 leggje fram ei stortingsmelding om vern langs kysten. Arbeidet med verneplanar som i vesentleg grad omfattar sjøareal vil bli utsett til stortingsmeldinga om vern i kystsona er handsama.

Fig. 2.1.2 Prosentfordeling av vern i kystsona pr. 01.01.98



Dei fleste truga eller sårbare arter i Noreg er i dag knytt til våtmark, skog eller kulturlandskap. Forvaltninga av desse naturtypane betyr difor mykje for bevaring av artsmangfaldet. Forsuring som i dag skjer på om lag ein firedel av arealet i Noreg, har ført til reduksjon av biologisk mangfald i ferskvatn.

Aukande snøskuter- og barmarkskøyring medfører skade på naturmiljøet og redusert trivsel i naturen.

Biologisk mangfald er grunnlaget for velferda og livskvaliteten til mennesket ved at det medverkar til mat, hus, klede, energi og medisinar. Dei største trugsmåla mot mangfaldet i Noreg er endringar i naturtypar og leveområde for planter og dyr, ulike former for ureining, overbeskatting av arter og spreiing av framande organismar. Hausting av levande, marine ressursar er vesentleg for sysselsetjing og busetjing i kystdistrikta samstundes som haustinga medfører store eksportverdiar for fellesskapet. Marint biologisk mangfald er dårleg kartlagt, og det er i tillegg utfordringar knytt til vern og bruk av det marine mangfaldet. Øydeleggingar i form av menneskeleg påverknad som t d tråling på korallrev er i ferd med å forringe mangfaldet. Hausting av vilt i form av jakt er på same måten ein viktig friluftslivsaktivitet for mange og gir i tillegg mat av høg kvalitet. Årleg førstehandsverdi av felt hjortevilt er td i storleiksordning 400 mill. kr pr. år. Enkelte viltarter gir stor avkastning.

Av tabell 2.1.1 framgår at ei rekkje arter i Noreg er å rekne som direkte truga eller sårbare. I ei oversikt utarbeida av Direktoratet for naturforvaltning i 1996 er dei store rovdyra ulv og bjørn klassifisert som respektive «direkte truga» og «sårbar», mens jerven er «sjeldan». Gaupa blir rekna som «omsynskrevjande og fåtalig». Den til dels alvorlege situasjonen for dei store rovdyra skuldast først og fremst konfliktar i høve til reindrift og husdyr på beite. St meld nr 35 for 1996-97 «Om rovviltforvaltning» oppgir at det i landet finst gjennomsnittleg 26-55 bjørnar, minst 130-190 jerv og minst 500-600 gauper. Ulvebestanden i Skandinavia aukar. Oppdaterte bestandstal for vinteren 1997/98 viser at det er seks familiegrupper i Skandinavia. To av desse familiegruppene har tilhald i Noreg. Bestandsutviklinga blir nøye følgt av viltstyresmaktene.

Tabell 2.1.1 Oversikt i 1998 over utrydda, direkte truga, sårbare, sjeldne og omsynskrevjande arter i Noreg av pattedyr, fuglar, karplanter, lav, biller og sopp:

Artsgruppe	*Talet på norske arter*	*Utrydda*	*Direkte truga*	*Sårbar*	*Sjeldne, men ikkje direkte truga*	*Omsyns-krevjande*
Pattedyr	*80*	*1*	*1*	*2*	*3*	*15*
Fuglar	*249*	*6*	*5*	*9*	*16*	*10*
Karplanter	*1310**	*26*	*46*	*70*	*123*	*98*
Lav	*430*	*2*	*16*	*11*	*18*	*21*
Biller	*3424*	*41*	*28*	*127*	*-*	*454*
Sopp	*7000*	*7*	*87*	*148*	*333*	*188*

* I tillegg kjem 1162 innførte arter, underarter og sortar.

Utvikling av genmodifiserte produkt har kome lengst på planter. Her bli teknologien nytta dels til å endre eigenskapar som td motstandsevne mot insekt eller plantevernmiddel, og dels til å utvikle nye eigenskapar ved sjølve produktet som påverkar td smak, næringsinnhald, og det at det held seg lenger. Mange av produkta er også antibiotika-resistente. Nokre av desse eigenskapane kan på kort sikt føre til redusert bruk av sprøytemiddel. Dei langsiktige, økologiske konsekvensane er derimot meir usikre. Av 27 omsøkte produkt i EU har 14 til no blitt godkjent for marknadsføring. Regjeringa fører ein restriktiv politikk på genteknologifeltet. I tråd med dette har Noreg sagt nei til fem genmodifiserte produkt som inneheld antibiotikaresistente gen. Produkta er; mais, oljeraps og sikorisalat, og to vaksinar mot rabies og pseudorabies. Då spreiing av genmodifiserte organismar kan utgjere eit alvorleg potensielt trugsmål for helse og miljø, er det naudsynt å byggje opp overvakings- og kontrollrutinar i samband med marknadsføring, utsetjing og ved transport og import av genmodifiserte organismar. I Noreg er det gitt løyve til forsøk med utplanting av nokre genmodifiserte planter. Søknader om feltutsetjing av levande genmodifiserte organismar blir praktisert restriktivt etter genteknologilova. Denne lova er harmonisert med regelverket til EU.

Introduksjonar av arter eller bestandar som ikkje førekjem naturleg i eit område trugar artsmangfaldet, og er internasjonalt rekna som det største trugsmålet mot biologisk mangfald etter øydeleggingа av areal. Dette skjer gjennom ma konkurranse, genetisk påverknad og spreiing av sjukdom. Spreiing av framande arter skjer på grunn av ma omfattande transportverksemd, handel, turisme, friluftslivsaktivitetar, import av dyr og planter og via ballastvatn i fartøy.

Skog dekkjer 37 % av landarealet i Noreg. Av dette dekkjer den produktive delen om lag 22 %. Om lag 10 % av det produktive skogarealet kan definerast som «naturskog» (urskog som er noko påverka) og berre om lag 0,5 % som «urskog». Nær halvparten av dei truga eller sjeldne artene har sitt leveområde i skogen, og dei fleste er knytt til produktiv skog i låglandet. Ma vegbygging og bestandskogbruk medfører fragmentering av leveområda til ei rekkje plante- og dyrearter som er avhengig av større, samanhengande skogsområde.

Kulturlandskapet i landbruket blir endra pga. at drift blir nedlagt eller driftsformer endra. I tillegg skjer det endringar i landskapet som følgje av nedbygging eller anna bruk av areala. Til dømes er om lag 3 % av våre plantearter og om lag 10 % av våre fuglearter truga på grunn av endring i driftsformer. Veksten av byar og tettstader har fram til 1970-åra i stor grad gått føre seg på jordbruksareal. Det har også vore ein nedgang i grøntområde i byar og tettstader som i første rekkje har gått ut over strandsoner, skogholt og bekkeløp. Berre 20-30 % av dei naturområda som fanst i byar og tettstader på 1950-talet er att i dag.

Myr, våtmarker og strandsona er mellom dei mest truga naturtypar i Noreg, sjølv om tilhøva varierer mellom landsdelane. Særleg er strandsona langs sjø, vassdrag og elvedelta svært utsett for inngrep i form av ma vegbygging, oppdyrking, bustadbygging og regulering av vassdrag. Kystsona er den mest utnytta delen av landet. Den sterke veksten i oppdrettsnæringa har ført til aukande press på kystsona, ma fordi arealbehovet til oppdrettsanlegga er stort. Kystfarvatnet tener også som mottakar for utslepp frå busetnad, industri og landbruk. Våtmarker er viktige nøkkelområde for ei lang rekkje plante- og dyrearter - dei regulerer vassforsyning, fungerer som naturlege renseanlegg og utjamnar flomtoppar.

Langtransportert ureining i form av sur nedbør har utrydda om lag 2500 fiskebestandar i Sør-Noreg. Effekten av sur nedbør er størst på Sørlandet, men store delar av Sør-Noreg elles og Aust-Finnmark er også berørt (jf. res.omr. 4).

Dei norske laksebestandane er no nede på eit historisk minimumsnivå. I 41 elvar er laksestammene utrydda, i 54 er dei sterkt truga og i 147 er dei sårbare eller har nedsett produksjon pga. ulike trugsmålsfaktorar (jf. tabell 2.1.2).

Parasitten *Gyrodactylus salaris* har ein dramatisk effekt på laksebestanden i elvar som er smitta. Dersom tiltak ikkje blir iverksette, vil bestanden om få år vere truga av utrydding.

Direktoratet for naturforvaltning og Statens Dyrehelsetilsyn har utarbeida revidert strategi og handlingsplan for nedkjemping av lakseparasitten *Gyrodactylus salaris*. Det blir lagt opp til auka vekt på smitteavgrensande tiltak og evaluering av rotenonbehandling av infiserte vassdrag med sikte på å betre metoden ved behandlingar i framtida.

Tabell 2.1.2 Talet på registrerte vassdrag som har eller har hatt bestandar av anadrom laksefisk og talet på vassdrag med utrydda, truga og sårbar bestand. Det er registrert totalt 1222 vassdrag med bestandar av anadrome laksefisk. Kjelde: Direktoratet for naturforvaltning

Art	Talet på vassdrag			
	Vassdrag med registrert bestand	Bestanden utrydda	Bestanden truga	Bestanden sårbar
Laks	668	42	55	154
Sjøaure	1221	25	38	261
Sjørøye	126	2	2	12

2.1.2 Strategiske mål

Det biologiske mangfaldet i Noreg skal takast vare på og også i framtida ha høve til å utvikle seg. Dette inneber at arter og bestandar som finst naturleg i Noreg skal sikrast på livskraftige nivå, og at utnytting av areal og levande ressursar skal skje innanfor økologisk forsvarlege rammer.

2.1.3 Status for arbeidet og forventa resultat

Nasjonale resultatmål for resultatområde 1 Vern og bruk av biologisk mangfald:

Nasjonale resultatmål:	**Resultatindikatorar:**	**Status:**
A. Truga og sårbart biologisk mangfald skal takast vare på og om mogeleg restaurerast.	- Omfang av vern av ulike naturtypar, større samanhengande og urørte naturområde og kulturpåverka miljø. - Omfang av sårbare økosystem. - Del truga arter av virveldyr, høgare planter og endemiske arter, og arter innan grupper av virvellause dyr, lågarestående planter, sopp og mikro-organismar.	Det blir gjennomført fylkesvise verneplanar, verneplan for barskog og nasjonalparkplan. Arbeidet med verneplanar som i vesentleg grad omfattar sjøareal vil bli utsett til stortingsmeldinga om vern i kystsona er handsama. Det blir arbeida med å revidere raudlista (liste over truga og sårbare arter) og med å utvikle forvaltningsstrategiar og planar for artene. Målsetjingar og prinsipp for forvaltning av store rovdyr er fastlagt. Regionale forvaltningsplanar vil bli utarbeida. Det er oppretta genbankar for anadrome laksefisk, frø og sæd frå buskap og jordbruksvekstar og deira ville slektningar.
B. Bruk av biologisk mangfald skal vere økologisk berekraftig, herunder skal sektorane sitt ansvar for å sikre berekraftig bruk og avgrense tap av biologisk mangfald som følgje av anna næringsverksemd vidareutviklast.	- Sektorpolitikk, -planar og pol. dokument som attspeglar ansvarstilhøve. - Tal truga bestandar av arter som kan utnyttast og dyrka arter der den genetiske variasjon er sikra	Miljøvernomsyn er innarbeida i delar av landbrukspolitikken, ma gjennom enkelte overføringar over jordbruksavtala, og det blir arbeida med miljøregistreringar i skog. Det blir også arbeida med miljømål for fiskeria. Det er utarbeida ein første generasjon miljøhandlingsplan for samferdsle og forsvar.
C. Eit heilskapleg kunnskapsgrunnlag om biologisk mangfald og dei verdiar det har skal etablerast på ein slik måte at det er lett tilgjengeleg for dei som tek avgjerder på kommunalt til nasjonalt nivå.	- Eksisterande informasjon er gjort tilgjengeleg og teken i bruk av relevante brukarar (sektorar, fylke og kommunar). - Talet på kommunar som har kartlagt sitt biologiske mangfald. - Talet på element frå framlegg til nasjonal overvaking av biologisk mangfald ivaretekne av igangsette overvakingsprogram. - Miljøinformasjon tilgjengeleg gjennom ulike informasjons-kanalar og nye elektroniske informasjonskanalar.	Eit 5-årig statleg-kommunalt program for kartlegging, verdiklassifisering og overvaking av biomangfald er igangsett i 1998. Naturbase 2.0 er under utvikling. Arbeidet med bestandsregistrering knytt til dei store rovdyra er intensivert.

D. Biokonvensjonen og andre internasjonale avtaler skal følgjast opp og vidareutviklast for å sikre ein samla og effektiv nasjonal og internasjonal innsats på feltet.	- Nasjonal rapportering til partsmøta under dei ulike konvensjonane om oppfølginga av norske forpliktingar. - Ein nasjonal handlingsplan om vern og berekraftig bruk av biomangfald vil bli utarbeida i tråd med pliktene i konvensjonen for biologisk mangfald. - Bevaring og berekraftig bruk av biologisk mangfald er integrert i relevante sektorielle eller tverrsektorielle planar, program og politikk. - Utarbeida materiale om global tilstand, utviklingstrendar og utfordringar i høve til å ivareta biologisk mangfald.	Noreg sine plikter i høve til konvensjonen om biologisk mangfald, CITES, Ramsar-, Bern- og Bonn-konvensjonane og andre avtaler blir følgde opp. Nasjonal rapport til konvensjonen om biologisk mangfald ferdigstilt til partsmøtet i 1998. Som norsk kontaktpunkt for mekanismen for informasjonsutveksling under Biodiversitets-konvensjonen har Direktoratet for naturforvaltning utvikla Internett-basert informasjon om arbeidet med konvensjonen. Den vil bli operativ i løpet av 1998 og vidareutvikla i tråd med konvensjonen sine krav og det internasjonale arbeid på feltet. Nasjonal rapport til Ramsar-konvensjonen ferdigstilt til partsmøtet i 1999. Arbeid med nasjonal handlingsplan for biologisk mangfald er starta i 1998, planlagt ferdigstilt i 1999. Forhandlingar om Biosafety-protokoll under konvensjonen om biologisk mangfald er igangsett, og er venta ferdige i 1999. Utarbeida rapport om utfordringar knytt til å ta vare på biologisk mangfald i ferskvatn, som er innarbeida i eit arbeidsprogram under konvensjonen om biologisk mangfald. Ny Trondheims-konferanse om biologisk mangfald planlagt i 1999, med tema berekraftig bruk og tilnærming til økosystem.

2.1.4 Verkemiddel og samarbeid med andre aktørar

Vern og bruk av biologisk mangfald omfattar eit stort tal aktørar. Omsynet til vern og berekraftig bruk av biologisk mangfald må innarbeidast i all samfunnsplanlegging og sektorpolitikk. Fordi endringar i arealbruk og fysiske inngrep er blant dei viktigaste årsakene til tap av biologisk mangfald, er verkemiddel som regulerer arealbruken særleg viktige. Plan- og bygningslova er difor eit sentralt verktøy der kommunar og fylkeskommunar har eit særleg ansvar. Av andre verkemiddel for andre sektorar kan nemnast skoglova sine føresegner om allmenne interesser, mekanismane for godkjenning i energilovgjevinga når det gjeld inngrep i vassdrag, konsesjonsvedtektene i fiskerilovgjevinga og dei økonomiske verkemidla i landbrukspolitikken. For å sikre ei samla nasjonal oppfølging av utfordringa på feltet skal det i tråd med pliktene under konvensjonen om biologisk mangfald utarbeidast ein nasjonal handlingsplan for vern og berekraftig bruk av biologisk mangfald. Arbeidet vil starte i 1998, og planen vil bli utarbeida i samråd med aktuelle departement. Planen vil byggje på strategien for norsk arbeid med biologisk mangfald, jf. St.meld. nr. 58 (1996-97).

Dei juridiske verkemidla naturforvaltning sjølv rår over for å ivareta biologisk mangfald er omtala i kap. 3 under resultatområde 1.

Bioteknologi
Framstilling og bruk av genmodifiserte organismar er regulert i genteknologilova. Lova gjeld for alle levende organismar, og har til føremål å sikre etisk og samfunnsmessig forsvarleg framstilling og bruk av genmodifiserte organismar i samsvar med prinsippet om berekraftig utvikling. Genteknologilova implementerer to direktiv frå EU om inneslutta bruk (90/219EØF) og utsetting (90/220EØF), og er forvalta av respektive Sosial- og helsedepartementet og Miljøverndepartementet. Forvaltninga i Miljøverndepartementet av utsetting skjer i nært samarbeid med Sosial- og helsedepartementet, Landbruksdepartementet og Fiskeridepartementet. Elles er både Justisdepartementet, Kommune- og regional departementet, Kyrkje-, utdanning og forskningsdepartementet, Nærings- og handelsdepartementet og Utanriksdepartementet involvert. Desse departementa møtest jamnleg i Departementsutvalet for genteknologi.
Viktige stortingsmeldingar på feltet er St meld nr 8 (1990-91) «Om bioteknologi» med tilleggsmelding nr 36 (1990-91), og St meld nr 25 (1994-95) «Om mennesker og bioteknologi». Temaet er også omtala i St meld nr 58 (1996-97) "Miljøvernpolitikk for en bærekraftig utvikling". Handsaminga av nye søknader om marknadsføring skjer i samarbeid med ovannemnde relevante departement og underliggjande etatar.

Miljøverndepartementet har nyleg revidert rutinane for sakshandsaming som legg ansvaret for koordineringa av den faglege handsaminga av nye søknader om marknadsføring av EU-godkjende genmodifiserte produkt til direktoratsnivå. Regelverket på bioteknologifeltet er i rask utvikling i EU. Kontroversielle tema er godkjenning og merking av genmodifiserte produkt og patent på bioteknologiske oppfinningar. Noreg aksepterer ikkje merkereglane i EU og vil be om ei tilpassing i tråd med regjeringa sin politikk. På nasjonalt nivå er oppfølging av Stortings-vedtak om å endre genteknologilova til å innebere forbod mot kloning av dyr sentral. Noreg har, gjennom EØS-avtala, rett til å forby genmodifiserte produkt som er i strid med lova. Dette i motsetning til EU-landa som må akseptere fleirtalsvedtak.

Vassdragsforvaltning
Inngrep i vassdrag er i hovudsak regulert av vassdrags- og energistyresmaktene gjennom vassdragsreguleringslova som regulerer kraftutbygging eller gjennom vassdragslova som regulerer dei fleste andre inngrep. Miljøomsyn blir ivaretekne gjennom konsesjonsprosessane, der Direktoratet for naturforvaltning og fylkesmannen uttaler seg og gjer framlegg om avbøtande tiltak. Miljøkonsekvensane ved større vassdragsreguleringar blir utgreidde i samsvar med føresegnene om konsekvensutgreiingar i plan- og bygningslova.

341 vassdragsobjekt - om lag 20 % av det samla vasskraftpotensialet i Noreg - er i dag verna mot kraftutbygging gjennom Stortinget si handsaming av Verneplanane I-IV for vassdrag. Regjeringa fastsette i 1994 rikspolitiske retningslinjer for forvaltninga av verna vassdrag for å sikre vassdraga mot andre inngrep. Kommunane legg desse til grunn for si planlegging i verna vassdrag. For mange vassdrag gjeld at verneverdiane er dårleg dokumenterte og/eller at dokumentasjonen er vanskeleg tilgjengeleg. Dette er eit problem for kommunane i deira forvaltning av vassdraga. Det er difor etablert eit samarbeidsprosjekt mellom Direktoratet for naturforvaltning og Norges vassdrag og energiverk for å samanstille kjent kunnskap om verneverdiane i desse vassdraga. Dette arbeidet skal vidareførast i 1999.

Gjennom Samla Plan for vassdrag er det etablert eit heilskapleg system for forvaltninga av dei vassdraga som representerer det attverande vasskraftpotensialet i Noreg. Direktoratet for naturforvaltning har ansvaret for den administrative oppfølginga av Samla plan for vassdrag. Det skal vidare gjennomførast ein rullering av Samla plan for vassdrag. Revisjonen skal skje ved at metoden for vurdering av prosjekt blir justert i høve til endringar med omsyn til økonomi og teknikk, kunnskapsgrunnlag og satsingsområde i miljøforvaltninga. Enkeltprosjekt skal plasserast i kategori på grunnlag av justerte kriterium. Arbeidet skal gjennomførast som eit samarbeidsprosjekt mellom Direktoratet for naturforvaltning og Norges vassdrags- og energiverk.

Fiskeri
Norsk forvaltning av dei levande marine ressursane er basert på eit omfattande system som dels regulerer uttaket av ulike bestandar og dels den tekniske næringsutøvinga gjennom fiskeristyresmaktene sine føresegner om ma bruk av selektiv reiskap, stenging av område, kvotar, bifangst, minstemål og maskevidde. Fastsetjing av kvotar skjer med grunnlag i vitskaplege råd frå det internasjonale havforskningsråd (ICES) og norske organ. For dei fleste bestandar av større kommersiell verdi blir fastsett årlege totalkvotar etter forhandlingar med andre nasjonar.

For fleire av våre viktigaste fiskeslag er målet for forvaltninga av ressursane følgt opp

gjennom nasjonal politikk og internasjonale avtaler. Det har medverka til markert styrking av bestandane og dermed auka utbyte for næringa. Dette gjeld td norsk-arktisk torsk, hyse og norsk vårgytande sild der FN-avtala om forvaltning av vandrande og sterkt migrerande fiskebestandar, jf. St prp nr 43 (1995 - 96), inneheld føresegner som kan gjere slutt på eit til dels utbreitt uregulert fiske på bestandane.

Eit tema som har fått særleg merksemd internasjonalt er fangst av sjøpattedyr. Norsk politikk på dette feltet er, som for anna forvaltning av levande marine ressursar, basert på berekraftig fangst av bestandar som kan tåle beskatning, mens truga eller sårbare bestandar må vernast. Innanfor desse rammene føregår det i dag avgrensa fangst av vågehval, grønlandssel, klappmyss, steinkobbe og havert. Andre arter av sjøpattedyr i norske farvatn er i dag enten verna eller artene er ikkje aktuelle for fangst.

Noreg har vore pådrivar i internasjonale forhandlingar for ei berekraftig forvaltning av levande marine ressursar. Eit forvaltningssystem som tek omsyn til korleis artene påverkar kvarandre har vore eitt av fleire mål for dette arbeidet. Det heilskaplege og økosystem-orienterte perspektivet som er lagt til grunn for fleirbestandstilnærminga er vidareutvikla og nedfelt i ei rekkje internasjonale eller regionale avtaler, konvensjonar og deklarasjonar som Noreg har slutta seg til dei seinare åra. Dette gjeld ma Agenda 21, FN-avtala om fiske på vandrande og sterkt migrerande fiskebestandar, konvensjonen om biologisk mangfald og Nordsjø-deklarasjonane. Det vart i 1998 arrangert ein «Workshop» om økosystem-tilnærming i forvaltninga av Nordsjøen. Målsetjinga med møtet var å føre vidare konseptet om økosystemforvaltning i marin samanheng, og å kome med råd om korleis forskning og forvaltning kan endrast eller leggjast til rette for ei økosystemforvaltning.

Havbruk

Regjeringa sin miljøpolitikk i høve til havbruksnæringa er fyldig omtala i St meld nr 48 (1994 - 95) «Havbruk - en drivkraft i norsk kystnæring». Politikken tek utgangspunkt i dei miljømål som er utarbeida av relevante fagstyresmakter. Spørsmål knytt til rømming og sjukdomsspreiing har fått særleg prioritet. Næringa blir regulert av fleire lover. Dei viktigaste av desse er oppdrettslova, fiskesjukdomslova og ureiningslova. Desse ivaretek ma omsyn til ytre miljø og biologisk mangfald, under dette føresegner om innførsle og utsetjing av framande organismar.

Skogbruk

Skogbruket er regulert gjennom Lov om skogbruk og skogvern som blir forvalta av landbruksstyresmaktene. Lova legg grunnlaget for forvaltninga av meir enn 90 % av skogarealet og gir føresegner om utøving av skogbruk innanfor ei miljømessig forsvarleg ramme. Lova føreset at tilhøva blir lagt til rette for eit fleirsidig skogbruk som tek omsyn til dei mange ulike verne- og brukarinteressene som er knytt til skogsnaturen.

Miljøprofilen i skogbruket vil bli drøfta i samband med ny melding til Stortinget om skogpolitikken.

Arbeidet med oversiktsplanlegging i skogbruket er intensivert dei siste åra. Slik plan-legging gir høve til å sjå større areal i samanheng, og prioritere bruken av verkemiddel slik at omsynet til biologisk mangfald kan ivaretakast utan omsyn til ma eigedomsgrenser. I tillegg er skogbruksplanlegging på eigedomsnivå eit grunnleggjande verkemiddel i arbeidet med å ta vare på det biologiske mangfaldet.

Miljøkompetansen i fylke, kommunar og hos den enkelte skogeigar er betra gjennom fleire opplærings- og informasjonstiltak, ma prosjekta «Aktivt skogbruk», «Rikare skog» og det pågåande prosjektet «Levande skog». Det er sett i gang eit arbeid med å registrere miljøverdiar i skog som omfattar både biologisk mangfald og kulturminne.

Jordbruk

Miljødimensjonen i jordbrukspolitikken får brei merksemd i St prp nr 8 (1992 - 93) «Landbruk i utvikling». I proposisjonen er det presisert at miljøinnsatsen i jordbruket må sjåast som ein del av næringspolitikken, ikkje minst fordi eit jordbruk som ivaretek omsynet til miljø er viktig for produktkvalitet og konkurranseevne. Nærare omtale av mål og verke-middel i landbrukspolitikken er gitt i st prp nr 67 (1997-98) «Jordbruksoppgjøret 1998 - endringer i statsbudsjettet for 1998 m m.». Omsynet til biologisk mangfald har fått ein sentral plass i den reviderte jordlova som trådde i kraft 1. juli 1995. Vidare inngår omsynet til biologisk mangfald som ein viktig premiss i forskrift om nydyrking.

Sidan slutten av 1980-talet er tilskotspolitikken endra med sikte på å stimulere til meir tradisjonelle driftsformer for å få auka vektlegging på miljøomsyn. Det er også etablert tilskotsordningar for å ivareta spesielle kvalitetar i kulturlandskapet. Ved tildeling av det generelle areal- og kulturlandskapstillegget for grovfor, korn og anna planteproduksjon blir

det stilt krav om at det ikkje skal gjerast inngrep som vil føre til vesentleg dårlegare kvalitetar når det gjeld kulturlandskapet. Vidare blir det gitt tilskot til økologisk jordbruk der det blir lagt til rette for driftsmetodar og arealbruk som gir høve til eit variert plante- og dyreliv i kulturlandskapet. Det pågår eit arbeid med å utarbeide forvaltningsplanar for verdifulle kulturlandskap i fylka. Frå 1998 er det sett i gang eit system for overvaking av kulturlandskap i jordbruket. Forvaltninga av kulturlandskapet er tverrfagleg og tverrsektoriell og stiller store krav til samarbeid mellom dei ulike aktørane. God forvaltning av kulturlandskapet medfører at også kulturhistoriske og landskapsmessige verdiar blir tekne vare på.

Vern av den genetiske variasjonen i kulturplanter, husdyr og deira ville slektningar er eit svært viktig grunnlag for avls- og foredlingsarbeidet innan jordbruket. Det er eit nært nordisk samarbeid på dette feltet, og arvematerialet til 20 000 kulturplanter og deira nærståande viltlevande slektningar er no lagra i Nordisk genbank. I 1991 vart det etablert ein nordisk genbank for husdyr. Plantesjukdomslova og forskrifter etter skoglova regulerer saman med verkemidla til miljøvernforvaltninga, jf. kap. 3, resultatområde 1, innførsle og utsetjing av planter og insekt som kan gjere skade i landbruket.

Reindrift

St meld nr 28 (1991-92) «En bærekraftig reindrift», gir den første samla, prinsipielle gjennomgang av mål og verkemiddel for utviklinga av reindriftsnæringa i framtida. I meldinga blir det lagt vekt på å utvikle ei økonomisk og berekraftig reindriftsnæring, der næringsutøvarane er sikra akseptabelt inntektsgrunnlag samstundes som beiteuttak, driftsmønster og driftsmetodar er tilpassa naturgrunnlaget og nasjonale målsetjingar om å ta vare på naturmiljøet. Innsatsen er særleg retta mot å tilpasse reintalet til vinterbeita si bereevne. Ny distriktsinndeling i Finnmark og etablering av eit femårig omstillingsprogram for indre Finnmark er viktig i denne samanheng. Det blir også lagt auka vekt på omsynet til naturmiljøet ved bygging av reingjerder og ved bruk av motoriserte barmarkskøyretøy.

Samferdsel

For omtale av verkemiddel i samband med bygging av vegar, jernbane, flyplassar og havner blir det vist til samferdsledepartementet sin St prp nr 1(1998-99).

Forsvar

Forsvaret sitt engasjement byggjer på St meld nr 21 (1992-93) «Handlingsplan for miljøvern i Forsvaret», som er følgt opp gjennom Forsvarsdepartementet sin delplan om ta vare på og bruk av biologisk mangfald. Det blir elles vist til St prp nr 1 for Forsvarsdepartementet (1998-99).

Kommunane

Kommunane har ei sentral rolle i arbeidet med å førebyggje miljøproblem og å ta vare på naturverdiar. Kommunane disponerer viktige verkemiddel, i første rekkje plan- og bygningslova og delar av ureinings-, naturforvaltning- og landbrukslovgjevinga. St meld nr 29 (1996-1997) «Regional planlegging og arealpolitikk» legg vekt på at omsynet til biologisk mangfald blir innarbeida i kommunane sine arealplanar og andre styringsdokument etter plan- og bygningslova. Meldinga framhevar vidare at det er viktig å formidle dei nasjonale miljømål og prioriteringar til kommunane på ein klår og eintydig måte, og å sikre føremålstenleg rapportering frå kommunalt til statleg nivå. Det blir no arbeida med å utvikle ulike typar vegleiingsmateriale, utprøving av system for miljørapportering og resultatkontroll og utviklingsprosjekt for å sikre betre integrering av omsyn til biologisk mangfald i kommunal planlegging. Som ein del av dette skal kommunane innan 2003 ha kartlagt og prioritert det biologiske mangfaldet på sitt eige areal. Direktoratet for naturforvaltning har i 1998 utvikla eit framlegg til handbok for kartlegging av viktige areal for biologisk mangfald. Den er til utprøving i 7 kommunar. Handboka skal i 1999 vidareutviklast til å bli ein verdifullt reiskap i kommunane sitt arbeid med kartlegging, verdisetjing og ivaretaking av biologisk mangfald i den enkelte kommune.

2.2 RESULTATOMRÅDE 2: FRILUFTSLIV

Resultatområdet dekkjer innsats knytt til det å ivareta tilgangen til friluftsliv for folk gjennom å sikre rettar og leggje til rette for dette. Areal for friluftsliv og grunnlaget for haustingsaktivitetane blir også fremja gjennom arbeidet på resultatområde 1 (Vern og bruk av biologisk mangfald) og resultatområde 9 (Regional planlegging). Miljøkvalitetar som har innverknad på friluftslivet er ivaretekne gjennom resultatområde 3 (Kulturminne og kulturmiljø) og resultatområde 4 (Ureining av hav og vatn). Friluftsliv på Svalbard er ivareteke gjennom resultatområde 8 (Internasjonalt miljøvernsamarbeid, hjelp, og polarområda).

2.2.1 Tilstandsbeskriving

Friluftslivet til folk har i hovudtrekk vore stabilt dei siste 10-20 år. Rolege aktivitetar som spaserturar, soling og turar i skog og mark dominerar framleis ferie og fritid for folk flest. Det har likevel vore ein sterk auke i bruken av fjellet til friluftsliv i denne perioden, og sykling i naturomgjevnader har hatt eit stort oppsving på 90-talet. Fisking har framleis stor oppslutnad i den norske befolkninga, og 10 % av den mannlege befolkninga over 16 år er registrerte jegerar. Om lag 15 % av jegerprøvekandidatane er kvinner. Haustingsaktivitetane - med unntak av sopplukking - har sterkast fotfeste i tunt folkesette strøk. Td er deltaking i fiske blant ungdom om lag 35 % lågare i Oslo enn i Nord-Noreg.

Dei to siste tiåra har det skjedd viktige endringar i ungdomen sitt friluftsliv. Bruken av alpinanlegg har auka sterkt, mens skiløping i skog og mark har minska. Å plukke bær- og sopp ser ut til å bli stadig mindre populært. Derimot er sykkel- og løpeturar i naturomgjevnader noko ungdom driv med i langt større grad enn folk elles. Dette kan tyde på at det skjer ei dreining frå det enkle, naturnære og tradisjonelle friluftslivet til eit meir moderne, sportsprega friluftsliv med mindre vektlegging av naturoppleving. Støy knytt til fritidsaktivitetar og naturbruk er eit aukande problem.

Sjølv om friluftsliv framleis står sterkt som fritidsaktivitet, kan mangel på naturkontakt i kvardagen føre til at stadig fleire ikkje tilegnar seg grunnleggjande fysisk dugleik og naudsynlege kunnskapar for å opptre ansvarsfullt i naturen. Mange barn og unge får av ulike grunnar ikkje høve til å oppleve natur gjennom leik på eiga hand, og å lære ferdselskultur i samvere med vaksne. Kunnskapen om allemannsretten er dårlegare blant ungdom enn i den vaksne del av befolkninga. Manglande kartkunnskap og lita erfaring med friluftsliv inneber auka fare for ulykker, mellom anna i fjellet. Jakt og fiske som friluftslivsaktivitet kan på sikt bli svekt gjennom auka urbanisering, endra familiestrukturar og manglande tilknyting til bygdesamfunn.

Allemannsretten, retten til fri ferdsle, opphald og hausting i utmark, er i dag truga av ulike former for kommersialisering, privatisering og stengsler i strid med friluftslova. Ønskje frå ulike aktørar om å styrkje næringsgrunnlaget ved å bruke utmarksressursane meir aktivt kan kome i konflikt med den allmenne tilgang til ulike utmarksgoder.

Dei fysiske tilhøva for friluftsliv blir kontinuerleg svekte ved at attraktive naturområde blir redusert i storleik og kvalitet og attverande område blir gjort vanskeleg tilgjengelege. Nær tre av fire nordmenn bur i dag i byar og tettstader der nedbygging av areal og ulike barrierar svekkjer høva til å drive friluftsliv nær buområda, og transportbehovet knytt til utøving av friluftsliv aukar. Dette rammar særleg dei grupper som vanlegvis har dei dårlegaste føresetnader for å drive friluftsliv på grunn av liten mobilitet og/eller låg motivasjon.

Utfartsområda både ved kysten og i innlandet er truga av omfattande inngrep og forstyrringar. Mange enkelttiltak i kystsona, særleg langs Oslofjorden og på Sørlandskysten, har over tid redusert tilgjenget til sjøen. Liberal dispensasjonspraksis frå 100-meters-beltet langs sjøen, har enkelte stader ført til auka hytte- og bustadbygging langs strandområde som tidlegare var attraktive for friluftsliv. Dei områda som er tilgjengelege blir utsette for intens bruk, slitasje og forsøpling. I innlandet har vegar ført til oppsplitting av naturområde og dårlegare kvalitet på natur- og opplevingsverdiar. Attgroing, oppdyrking ol har vanskeleggjort ferdsel i kulturlandskapet.

2.2.2 Strategiske mål

Alle skal ha høve til å drive friluftsliv som helsefremjande, trivselsskapande og miljøvenleg aktivitet både i nærmiljøet og i naturen elles (jf. formålsparagrafen i friluftslova).


2.2.3 Status for arbeidet og venta resultat

Nasjonale resultatmål for resultatområde 2 Friluftsliv

Nasjonale resultatmål:	**Resultatindikatorer:**	**Status:**
A. Det tradisjonelle friluftslivet i tråd med allemannsretten er halde i hevd i alle lag av befolkninga, og blir utøva minst på 1996-nivå.	- Talet på ungdom som tek del i utvalte friluftslivsaktivitetar fordelt på kjønn og urbaniseringsgrad.	Om lag 56% av ungdomen driv fritidsfiske (57% av befolkninga generelt), 29% går på bær/sopptur (43% av befolkninga generelt), 69% på dagstur til fots i skog og mark (66% av befolkninga generelt), 30% på dagstur på ski i skog og mark (32% av befolkninga generelt) (1996).
	- Kunnskap om allemannsretten i befolkninga fordelt på alder, kjønn og geografi.	67% av den vaksne befolkninga kjenner omgrepet allemannsrett (1995/96). Det er meir uvisse knytt til kva allemannsretten inneber.
B. Område av verdi for friluftslivet skal sikrast mot nedbygging, inngrep og støy, og bli forvalta som grunnlag for miljøvenlege former for friluftsliv.	- Tilgjenge og kvalitet på område av verdi for friluftsliv.	Fylkesvise tilstandsrapportar under utvikling gjennom prosjektet «fylkesvise arealinformasjonssystem». (jf. res.område 9**)** Sjå også resultatområde 1 - inngrepsfrie område.
	- Talet på områdesikringar og ferdselstiltak.	99 område er sikra i 1997 ved kjøp eller servituttavtaler. 22 nye tilsagn er gitt, av dette er 13 nærområde. Pr. 31.12.97 er i alt 1.729 område sikra ved statleg medverknad, jf. fylkesvis fordeling i figur 2.2.1.
	- Dekningsgrad av driftsordningar langs kysten.	Skjærgårdsteneste er etablert i Oslofjordområdett. Tilsvarande ordningar er iverksett i Agderfylka (Skjærgårdsteneste). Samordna forvaltning av offentleg sikra område i Rogaland og Hordaland er iverksett under namnet «Vestkystparken».
C. Trafikksikker atkomst skal sikrast til naturprega areal innan rimeleg avstand frå bustader, skular og barnehagar, som grunnlag for dagleg leik og opphald i helsevenlege omgjevnader.	- Talet på skular og barnehagar med tilgang til naturprega område på meir enn 200 dekar innan 500 m uten å krysse trafikert veg.	Avstandsindikatoren blir utprøvd i miljøbyane. Grad av underdekning blir utgreidd i miljøbyen Gamle Oslo.

For å følgje utviklinga i vårt friluftsliv, vil det kvart tredje år bli gjennomført ei landsomfattande intervjuundersøking basert på eit nytt standardisert opplegg. Den første vart gjennomført i 1996 og undersøkjinga vil bli gjentatt i 1999. Dette gir viktig kunnskap om trendar i friluftslivet. Gjennom media og på annan måte er det spreidd informasjon om allemannsretten, og det er lagt vekt på å nå målgrupper i høve til aktivitetar som ma riding og sykling. Målretta innsats særleg mot barn og unge gjennom organisasjonar, barnehage og skule vil truleg medverke til at friluftslivstradisjonar og naturforståing blir halde ved lag og ført vidare til nye generasjonar. Stimulering til og tilrettelegging for haustingsaktivitetar som jakt og fiske, bærplukking og soppsanking er integrert i det samla arbeidet innan friluftsliv.

Figur 2.2.1 Sikra friluftslivsområde og skjærgårdsparkområde delt på fylke pr. 31.12.97.



Hovudtrasé for Pilegrimsleia Oslo-Trondheim via Stiklestad til svenskegrensa er ferdig tilrettelagt og merkt. Leia som går gjennom Gudbrandsdalen, utgjer ei samanhengande strekkje på 926 km mellom Oslo og Trondheim via Stiklestad til Sverige. Det blir også arbeida med å tilrettleggje og merkje ein trasé gjennom Østerdalen. Det er håp om at den vil vere klar i løpet av 1999. Det sektorovergripande samarbeidet skal følgjast opp vidare, og samarbeidet med svenske kulturminnestyresmakter om leier over grensa vidareførast.

Styrka koordinering med kulturminnevernet vil venteleg generelt kunna gi betre tilhøve for friluftsliv. Kysten vil vere eit prioritert område, jf. også under resultatområde 3 (Kulturminne og kulturmiljø) og i kap. 3 under resultatområde 2. Ved kåringa av Årets friluftsområde i 1997, Rallarvegen i Narvik kommune, vart det lagt vekt på kulturminne.

2.2.4 Verkemiddel og samarbeid med andre aktørar

Arbeidet til Staten på resultatområdet friluftsliv blir i det alt vesentlege utført av Direktoratet for naturforvaltning i samråd med andre miljødirektorat, fylkesmennene, interkommunale friluftsråd, fylkeskommunar og kommunar. Friluftsrådenes Landsforbund (FL) og Friluftslivets fellesorganisasjon (FRIFO) er viktige samarbeidspartnarar. Organisasjonane innan friluftsliv har ein viktig funksjon som berarar og formidlarar av friluftslivstradisjonar. Vi viser elles til omtale om frivillige organisasjonar i kapittel 3, budsjettkapittel 1401.

Planar for friluftslivet

Det offentlege arbeidet innan friluftsliv byggjer på revidert handlingsplan for friluftsliv mot år 2000 frå 1996. Planen er utarbeida på grunnlag av ma fylkesvise handlingsplanar for friluftsliv. Dei fylkesvise handlingsplanane og den reviderte handlingsplan for friluftsliv er utvikla i nært samarbeid med sektorstyresmakter og frivillige organisasjonar. Handlingsplanane gir difor godt grunnlag for sektorovergripande oppfølging og samarbeidstiltak både på sentralt og regionalt nivå, og samarbeid er etablert med ei rekkje aktørar. Gjennomføring av handlingsplanen vil vere avhengig av dei årlege budsjetta.

I tråd med målsetjinga for arbeidet med lokal Agenda 21 vil kommunane i samhandling med innbyggjarane ha hovudansvaret i arbeidet med å sikre befolkninga tilgang til friluftsliv. Viktigaste verkemiddel for kommunane er plan- og bygningslova. Ved ei koordinering av planlegging etter denne lov og bruk av friluftslova, lakse- og innlandsfisklova og viltlova har kommunane god reiskap for å sikre område og kvalitetar for friluftsliv. 108 kommunar har arbeida med grøntplanlegging eller stadanalysar der «grøne» spørsmål har fått ein framskoten plass. Eit prøveprosjekt i Molde og Bodø kommunar om planlegging, sikring og forvaltning av bynære markområde vart avslutta i 1998. Med bakgrunn i erfaringane frå prosjektet er ein vegleiar under utarbeiding i samarbeid med Landbruks-

departementet. Saman med vegleiarane om «Planlegging av Grønnstruktur» og «Kulturlandskap i kommuneplanleggingen» vil Bymarksvegleiaren danne eit komplett vegleiingsmateriale om å det å ta vare på naturområde i byar og tettstader.

Fleire fylkeskommunar har godkjent fylkesdelplan for friluftsliv. Nokre fylke har valt å utarbeide fylkesdelplan for både idrett og friluftsliv**.** Som ledd i oppfølginga av St meld nr 29 (1996-97) Regional planlegging og arealpolitikk, bør det i sterkare grad fokuserast på koplinga av friluftsliv mot andre prioriterte samfunnsinteresser som helse, kultur og næringsutvikling.

Eigne verkemiddel for miljøvernforvaltninga er omtala i kap. 3, under resultatområde 2.

Innsats i sektorane

Fleire sektorstyresmakter har ansvar for tilhøve og rår over verkemiddel som er sentrale for friluftslivet. God samordning med verkemiddel i andre sektorar blir etterstreva.

Sosial- og helsedepartementet har utarbeida sektorovergripande handlingsplanar for førebyggjande helsearbeid der friluftsliv er eit aktuelt oppfølgingstiltak særleg i høve til barn og unge. Miljøverndepartementet deltar i Sosial- og helsedepartementet sitt informasjonsprosjekt «Barn i bevegelse» som set fokus på barn, leik og natur. Kommunehelsetenestelova gir kommunane eit godt verkemiddel for å koordinere arbeidet innan friluftsliv og det førebyggjande og helsefremjande arbeidet lokalt. Friluftsliv vil vere blant dei tema som blir tekne opp i norsk oppfølging av Helsinkideklarasjonen om helse og miljø.

Barne- og familiedepartementet har gjennom rammeplan for barnehagar utvikla eit godt verkemiddel for å sikre at barn får høve til å vere ute i sunne og utviklande omgjevnader, og departementa samarbeider for å stimulere barnehagane til å bruke naturen. Oppfølging av barnerepresentanten i kommunane vil vere viktig både i høve til barnehage og oppvekstmiljø elles. Driftstilskot til frivillige barne- og ungdomsorganisasjonar med friluftsliv som føremål inngår også i Barne- og Familiedepartementet sitt ansvarsområde.

Det nye læreplanverket for den 10-årige grunnskolen gir godt rom for friluftsliv som ledd i undervisninga, td gjennom praktisering av ein fast utedag i veka. Betydninga av natur i nærmiljø er nedfelt i miljølæresamarbeidet mellom Miljøverndepartementet og Kyrkje-, utdannings- og forskningsdepartementet.

I samband med fordelinga av spelemidlar til idrettsføremål løyver Kulturdepartementet også midlar til anlegg og tiltak for friluftsliv. Kulturdepartementet sine løyvingar er av ein karakter som både direkte og indirekte medverkar til å stimulere og leggje til rette for aktivitetar innan friluftsliv. Dette gjeld ma tilskot til turvegar, orienteringskart og ulike typar nærmiljøanlegg for uorganisert aktivitet. Videre blir det, via Den Norske Turistforening, gjeve tilskot til tilrettelegging for friluftsliv i fjellet. Kulturdepartementet har i tillegg ei tilskotsordning retta mot prosjekt for barn og unge som blir administrert gjennom Friluftslivets Fellesorganisasjon (FRIFO). Miljøvernstyresmaktene og Kulturdepartementet samarbeider om vegleiing.

Gjennom jordbruksoppgjeret blir avsett midlar til spesielle tiltak for kulturlandskapet innan landbruket, under dette tiltak som lettar ferdsle i jordbrukslandskapet. Forskrift etter § 17b i skogbrukslova er viktig for forvaltninga av Oslomarka. Statskog driv eit omfattande arbeid med tilrettelegging for friluftsliv på sine eigedomar. Sidan 1995 har det pågått eit samarbeid mellom Landbruksdepartementet og Miljøverndepartementet om miljøbasert næringsutvikling. I alle fylke er det under utarbeiding strategiplanar for dette feltet, ma for å finne ei optimal kopling av verkemidla for landbruk og miljøvern. Friluftsliv, jakt og fiske er sentrale tema.

Nærings- og handelsdepartementet har ansvaret for reiselivsnæringa og samarbeider med miljøvernstyresmaktene for å fremje eit miljøvenleg reiseliv basert på berekraftig bruk av natur- og kulturminneverdiar.

Gjennom rikspolitiske retningslinjer for samordna areal- og transportplanlegging kan spørsmål om tilgjenge og kvalitet på område for friluftsliv avvegast i høve til samferdsletiltak. Tiltak for trafikktryggleik i bumiljø og langs skuleveg kan betre atkomsten til grøntareal og friluftsområde. Tilrettelegging frå Vegstyresmaktene si side for rasteplassar langs vegar, vedlikehald av historiske vegar mv betyr også mykje for naturoppleving og friluftsliv.

Reglane for fritidsfiske i sjø høyrer inn under saltvannsfiskelova og blir forvalta av Fiskeridepartementet, med unntak for anadrom laksefisk som blir regulert gjennom laks- og innlandsfiskelova.

Forsvarets bygningstjeneste og Kystdirektoratet forvaltar eigedomar som når dei går ut av tradisjonell bruk, representerer eit stort potensiale for friluftsliv langs kysten. Det er etablert eit prøveprosjekt i samarbeid med Forsvarets bygningstjeneste om utvikling av rutinar knytt til avhending av område til friluftsføremål.

2.3 RESULTATOMRÅDE 3 : KULTURMINNE OG KULTURMILJØ

Resultatområdet omfattar forvaltning, bruk og vern av alle lause og faste kulturminne samt kulturmiljø. Hovudkategoriane er arkeologiske kulturminne, bygningar, anlegg og område som er freda etter kulturminnelova, kyrkjer, bygningar og anlegg i statleg eige, og fartøy.

Resultatområdet femner også internasjonalt arbeid med oppfølging av konvensjonar og andre internasjonale prosessar og avtaler for å sikre vern av kulturminne.

Resultatområdet må sjåast i samanheng med resultatområde 1 (vern og bruk av biologisk mangfald), resultatområde 2 (friluftsliv), resultatområde 6 (avfall), resultatområde 8 (internasjonalt miljøvernsamarbeid mv) og resultatområde 9 (regional planlegging).

2.3.1 Tilstandsbeskriving

Kulturminne og kulturmiljø er ressursar av stor verdi når det gjeld kulturhistorie, kunnskap, miljø og økonomi. Ein måte å nytte desse ressursane på er som kunnskapsberarar for å utvikle miljøvenlege og berekraftige løysingar, ma i byggesektoren og når det gjeld berekraftige driftsformer i landbruket. Kulturminne representerer også store samfunnsinvesteringar som det er viktig å sikre berekraftig forvaltning av. Vern og forvaltning av kulturminne er difor ein viktig del av ei heilskapleg miljø- og ressursforvaltning. Ei haldningsundersøking frå 1996 og Kulturminneåret 1997 dokumenterte eit breitt engasjement for kulturminnevern i befolkninga og blant dei som tek avgjerder i stat og kommune.

Bygningar, bygningsmiljø og infrastruktur set rammer for utviklinga i byar og tettstader. Byar, tettstader og kulturlandskap blir i stadig større tempo utsette for omfattande endringar pga omstilling i nærings- og busetjingsmønster og endra samferdslemønster. Endringane skjer i bykjernene og i overgangssonene mellom by/tettstad og landskapet omkring. Strukturelle og funksjonelle endringar fører til at føresetnadene for bruk og vern skifter, med konsekvensar både for enkeltobjekt og større kulturmiljø. Bygningar blir rivne og ombygde, og nye materialtypar innført.

Kulturminne og kulturmiljø blir påverka av samfunnsutvikling og endra arealbruk. Det er viktig å forsøke å styre denne utviklinga slik at verneomsyn blir ivaretekne på best mogeleg måte. Dei fleste kulturminna er også utsette for naturleg nedbryting. Dette gjeld særleg kulturminne som ikkje lenger er i naturleg bruk, og arkeologiske kulturminne. Gjennom ein del år har det difor vore satsa på å ta vare på attverande trebygningar frå mellomalderen gjennom eit eige middelalderprosjekt. Prosjektet vart avslutta i 1998, og om lag 270 bygningar er restaurert. Ruinane og bergkunsten er særleg utsette. Det er viktig å styrkje kunnskapen både om årsakene til nedbrytinga og metodar for å utsetje den.

Det pågår omfattande registrering av kulturminne, kulturmiljø og kulturlandskap. Det er viktig at registreringane blir intensiverte og kulturminnedata systematiserte og gjort tilgjengelege for kommunar og andre brukarar, ma for å sikre at det blir gjennomført ei heilskapleg arealplanlegging som ivaretek omsynet til kulturminne og kulturmiljø. I oppbygginga av den samiske forvaltninga av kulturminne er det viktig å prioritere målretta og strategisk satsing på registrering av samiske kulturminne og kulturlandskap. Det er viktig at samiske kulturminne og kulturlandskap blir forvalta på ein måte som medverkar til å styrkje samisk kultur.

Om lag 300 000 arkeologiske kulturminne er kartfesta og beskrivne. Dette er berre ein liten del av det samla talet. Dei færraste arkeologiske kulturminne er synlege på markoverflata og kan dermed lett gå tapt ved ulike utbyggingstiltak, jordbrukstiltak ol. Store mengder arkeologiske kulturminne forsvinn eller blir skadde kvart år. Til dømes er truleg meir enn 90 % av dei kjende bergkunstlokalitetane skadde. Totalt 11 av våre byar og tettstader har bevarte middelalderlag i grunnen. Fleire av desse ligg i sentrum av byane. Det er svært krevjande å balansere behovet for livskraftige bysentra med bevaringsinteressene som ligg i bygrunnen. Behovet for å ta vare på restane av middelalderbyane aukar.

Brann er eit av dei største trugsmåla mot den freda bygningsmassen. Sidan 1992 er 42 kyrkjer blitt påtent eller forsøkt påtent. Det er naudsynleg med føremålstenlege brannsikringstiltak tilpassa dei uerstattelege bygningane. Stavkyrkjene er ferdig brannsikra. Det blir arbeida vidare med å sikre drift, vedlikehald og oppgradering av sikringsanlegga. Det er behov for å brannsikre trebyar. Verdskulturminnet Røros må ha spesiell prioritet med omsyn til brannsikring.

Tilstanden for den freda bygningsmassen generelt og stavkyrkjene spesielt er dårleg. Tekniske og industrielle kulturminne er komplekse, og istandsetjing, drift og vedlikehald er svært kostnadskrevjande. Åtte utvalte anlegg er prioritert.

Vern av fartøy er spesielt krevjande og utfordrande. Stor slitasje på sjøgåande fartøy og krav til tryggleik fører til at istandsetjinga blir svært kostnadskrevjande. Eit avgrensa tal er prioritert for istandsetjing og vern. Det er oppretta tre fartøyvernsenter som skal sikre spesialkompetanse på feltet.

Kulturminne under vatn - skipsvrak, last, skipsutstyr osb - er underlagt vern dersom dei er eldre enn 100 år. Ved utviding av hamner, bygging av moloar, skjellsandopptak ol, kan desse kulturminna lett bli øydelagt. Det same gjeld automatisk freda kulturminne under vatn, td buplassar frå steinalderen. Ukontrollert dykking er eit særskilt trugsmål for slike kulturminne.

2.3.2 Strategiske mål

Dei strategiske måla er:


- Kulturminne og kulturmiljø skal sikrast som ressurs og som grunnlag for oppleving av kulturhistorisk kontinuitet og arkitektonisk mangfald, attkjenning og tilhøyring i kvardagen for å oppnå ei berekraftig utvikling.
- Kulturminne og kulturmiljø skal forvaltast ut frå ei samla miljø- og ressursmessig livsløps-vurdering.

2.3.3 Status for arbeidet og venta resultat

Nasjonale resultatmål for resultatområde 3 Kulturminne og kulturmiljø

Nasjonale resultatmål	**Resultatindikatorar**	**Status**
A. Det skal sikrast eit representativt utval av kulturminne og kulturmiljø med stor sosial, geografisk, etnisk og tidsmessig breidde.	Tal på objekt og område freda etter kulturminnelova.	Det er sett i gang frednings- og bevaringsplanar for fleire kategoriar kulturminne, sjå under 3.1.
	Endring i talet SEFRAK-registrerte kulturminne og ØK-registrerte kulturminne	Utrekningar indikerer at både det årlege tapet av bygningar frå før år 1900 og tap av automatisk freda kulturminne er på minst 1%.
B. Kulturminne og kulturmiljø skal sikrast og forvaltast som grunnlag for kunnskapsutvikling, stadsidentitet og aktiv bruk.	- Miljøvenlege løysingar innanfor byggesektoren og landbruket basert på tradisjonell teknologi og kunnskap.	Fagleg utviklingsarbeid pågår
	- Gjenbruk av bygningar og bygningsmateriale.	Fagleg utviklingsarbeid pågår
	- Stadsutvikling basert på stadeigen kulturhistorie og byggeskikk.	Fagleg utviklingsarbeid pågår

Figur 2.3.1 Figuren viser dei kommunane som har kartfesta kulturminne



2.3.4 Verkemiddel og samarbeid med andre aktørar

Forvaltning av kulturminne er eit sektorovergripande ansvar. Ei rekkje private og offentlege institusjonar driv forvaltning gjennom bruk og vern av kulturminne.

Tilhøvet til kommunane

Kommunane er planstyresmakt lokalt og deira arbeid med kulturminnevern vart søkt styrka gjennom MIK-reforma. Det vil bli arbeida vidare med å integrere kulturminnevernet betre i den løpande arealplanlegging og i dei overordna styringsdokumenta i kommunane. Det er ma viktig at kommunane tek omsyn til gamle bystrukturar og andre kulturhistoriske verdiar på ein antikvarisk forsvarleg måte innanfor byfornying og byutviklingsprosjekt. Kommunane si rolle vil bli ytterlegare styrka i tida framover, ma gjennom arbeidet med lokal Agenda 21. Satsinga til miljøvernforvaltninga på byar og tettstader krev aktiv medverknad frå kulturminneforvaltninga.

Tilhøvet til fylkeskommunane

Fylkeskommunen er ein regionalpolitisk aktør med tunge ansvarsområde som kan ha konsekvensar for bevaring av kulturminne og kulturmiljø. Fylkeskommunen har mynde etter kulturminnelova og skal utøve styring på kulturminnefagleg grunnlag. Forvaltninga av kulturminne og kulturmiljø skal sjåast i samanheng med andre omsyn, som ein integrert del av fylkespolitikken. Fylkeskommunane vil spele ei viktig rolle i arbeidet med lokal Agenda 21, ma gjennom dei regionale knutepunkt som blir oppbygt i alle fylke. Fylkeskommunen har også ei sentral rolle som plan- og kulturminnestyresmakt med omsyn til lokal byggjeskikk og estetikk.

Samarbeid med andre statlege organ

Verneplanar er viktige verkemiddel for å betre forvaltninga av bygningar, anlegg og område som er eigd av staten. Gjennom utarbeiding av verneplanar blir det skapt oversikt og semje om kva kulturminne og -miljø som skal fredast, eller som den enkelte sektor har ansvar for å halde ved like som *om* dei var freda. Verneplanane har i seg sjølv ingen bindande verknad. Det er difor naudsynt med ei fortløpande vurdering av behovet for å følgje opp med konkrete fredningsforslag for kvart objekt/område. Slike verneplanar er til no utarbeida i samarbeid med forsvaret, NSB, fyrvesenet og Telenor. Verneplan for bruer og vegar og for tekniske anlegg knytt til jernbanedrift er under arbeid. Verneplan for bygningar og anlegg som er forvalta av Statsbygg, er venta igangsett i 1999. Forsvaret og Telenor har etablert eigen antikvarisk kompetanse for oppfølging av verneplanane.

Miljøverndepartementet samarbeider med Landbruksdepartementet om å integrere kulturlandskapet innan landbruket i landbruket sitt sektoransvar. Det er også eit godt samarbeid mellom dei to departementa når det gjeld bruken av tilskotsmidlane over jordbruksavtala til bevaring av freda og verneverdige bygningar innanfor landbruket. Samarbeidet er viktig for ansvars- og rollefordeling når det gjeld verkemiddelbruk og kvalitetssikring av tiltak i jord- og skogbruket. Det blir spesielt arbeida med system og indikatorar for resultatkontroll. I 1998 starta overvakingsprogram for kulturlandskap innan jordbruket. Når det gjeld arbeidet med å bevare kulturlandskap og samarbeid med landbrukssektoren elles, blir det vist til omtale under resultatområde 1 (Vern og bruk av biologisk mangfald).

Vegsektoren gir utfordringar for vern av kulturminne og kulturmiljø, og det er i gang samarbeid mellom Riksantikvaren og Vegdirektoratet ma om utvikling av miljømål, opplegg for miljørevisjon av vegplanar, og utarbeiding av vegleiingsmateriell. Det er utarbeida ein miljøhandlingsplan av første generasjon for samferdslesektoren som også omfattar kulturminne og kulturmiljø.

Miljøverndepartementet samarbeider med Kulturdepartementet om å bevare åtte utvalte tekniske og industrielle kulturminne, gjennom vedlikehald og drift. Vidare er det ein del kontakt dei to departementa imellom vedrørande kulturarvarbeidet internasjonalt, både gjennom Europarådet, EU/EØS og UNESCO.

Miljøverndepartementet har samarbeida med Kyrkje-, utdannings- og forskningsdepartementet om eit nytt rundskriv om forvaltninga av kyrkjer, kyrkjegardar og omgjevnadene rundt kyrkja.

Det er naudsynt at alle departement synleggjer og tek ansvar for kulturminneforvaltning innanfor sitt eige ansvarsområde. Sektorane sitt ansvar for å sikre berekraftig bruk og avgrense tap av kulturminne og kulturmiljø som følgje av eiga næringsverksemd, skal utviklast vidare. Det blir i den samanheng vist til arbeidet i departementet med utvikling og gjennomføring av sektorvise miljøhandlingsplanar.

2.4 RESULTATOMRÅDE 4: UREINING AV HAV- OG VATN

Resultatområde 4 omfattar tiltak for å motverke ureining i ferskvatn og saltvatn på grunn av menneskeskapte utslepp av nitrogen og fosfor, olje og anna organisk stoff, dumping av avfall og tilførsle av jordpartiklar, bakteriar og virus. Resultatområdet bør sjåast i samanheng med resultatområda 1 (Vern og bruk av biologisk mangfald), 2 (Friluftsliv), 3 (Kulturminne og kulturmiljø), 5 (Helse- og miljøfarlege kjemikaliar), 6 (Avfall og attvinning), 8 (Internasjonalt miljøvernsamarbeid, bistand, og polarområda) og 9 (Regional planlegging).

2.4.1 Tilstandsbeskriving

Menneskeskapte utslepp av nitrogen, fosfor, organisk stoff, olje og miljøgifter medverkar til at hav- og vatnmiljøet i fleire norske og tilgrensande område har ein så dårleg tilstand at det er naudsynt med ytterlegare nasjonale og fleirnasjonale tiltak. Miljøproblema i havet har i aukande grad global karakter, ma som følgje av overutnytting av viktige naturressursar og effektar av miljøgifter.

Overgjødsling i ferskvatn og saltvatn skuldast for store tilførsler av næringssalta fosfor og nitrogen og av organisk stoff, og kan i alvorlege tilfelle føre til oppblomstring av giftige algar, oksygensvikt, fiskedød og endringar i økosystema og artsmangfaldet. Saman med utslepp av næringssalt følgjer ofte andre ureiningselement som bakteriar, virus, miljøgifter, organisk materiale, slam og andre partiklar. For å oppnå ønskeleg kvalitet på vatnet, er det svært viktig å løyse også problem knytt til denne delen av utsleppa.

Kommunalt avløp, avrenning frå landbruk, og fiskeoppdrett er dei største kjeldene til tilførsle av næringssalt. Fiskeoppdrett føregår stort sett i område der overgjødsling ikkje er eit regionalt problem, og har difor i hovudsak lokale verknader. Utslepp frå industri utgjer ein liten del av dei totale utsleppa, men kan skape monalege problem lokalt.

Overgjødsling er framleis eit ureiningsproblem i fleire vassdrag i lågareliggjande delar av Sør-Noreg, Midt-Noreg og delvis i enkelte vassdrag i Nord-Noreg. Av kystområda er det Oslofjorden og Skagerrakkysten som er sterkast belasta. I tillegg til norske tilførsler er desse områda utsette for store tilførsler via havstraumane frå den sørlege delen av Nordsjøen og frå Østersjøen.

Den årlege overvakinga av miljøtilstanden langs kysten frå ytre Oslofjord til Bergen, som har føregått sidan 1990, gir grunnlag for å beskrive variasjonen i miljøtilstand med omsyn til overgjødsling på denne strekninga. Undersøkingane viser klår nedgang i artsmangfaldet av botndyr og ein auke i konsentrasjonane av næringssalt frå vest mot aust. Ytre Oslofjord og Skagerrak kan karakteriserast som svakt til moderat overgjødsa, mens områda utanfor Bergen ikkje er overgjødsa.

Oljeureining inkluderer både akutte utslepp og driftsutslepp frå fleire sektorar. Utslepp av olje til det marine miljø skuldast i hovudsak petroleumsverksemd, skipsfart og kjelder på land (td nedgravde oljetankar, industriell verksemd mm). Akutte utslepp og driftsutslepp av olje kan gi miljøeffektar lokalt og regionalt.

Mengda av driftsutslepp frå skipsfart og petroleumsverksemd avheng hovudsakeleg av omfanget av aktiviteten, og for petroleumsverksemda også av tilhøve knytt til feltet, slik som alderen på feltet. Overvakinga i samband med petroleumsverksemda omfattar både havbotnen/botnfaunaen og vatnsøyla lokalt og regionalt. Effektane frå tidlegare utslepp av oljehaldige borevæsker på havbotnen viser seg no å vere større enn ein trudde. Det er ikkje lenger lov å sleppe ut desse borevæskene, men det påverka området vil truleg vekse likevel, ma på grunn av at gammal borevæske blir spreidd vidare ut frå høge konsentrasjonar rundt installasjonane.

Akutt ureining omfattar både olje og kjemikaliar. Arbeidet med akutt ureining inkluderer iverksetjing av førebyggjande tiltak for å hindre at akutte utslepp skjer, og oppbygging og vedlikehald av ein beredskap som effektivt kan avgrense skadeverknadene når dei likevel inntreff. Dei fleste alvorlege akutte utslepp av olje i Noreg har skjedd ved skipsulukker nær kysten. Ulukkene kan skuldast både menneskeleg og skips- og farleiteknisk svikt. Aukande gjennomsnittsalder på skip, auka aktivitet i russiske nordområde og ei utviding av petroleumsverksemda mot meir miljøkjenslege og kystnære område, medfører aukande fare for omfattande miljøskade ved akutte oljeutslepp. Dei vanlegaste kjeldene til akutt ureining frå landbasert verksemd er industri, nedgravde oljetankar, tankanlegg og transport.

Akutte kjemikalieutslepp kan innebere fare for skade på helse og miljø. I Noreg har det vore få alvorlege tilfelle av akutte kjemikalieutslepp, men det er ein god del verksemder der potensialet for utslepp og påfølgjande skadar er stort.

2.4.2 Strategisk mål

Det skal sikrast ein vasskvalitet i førekomster av ferskvatn og i marine område som gjer at artsmangfaldet og økosystema blir haldne oppe, og som ivaretek omsynet til helse og trivsel for menneska.

Dette medfører at vasskvaliteten med omsyn til næringssalt, partiklar, organisk stoff og olje skal tilfredsstille dei brukar- og/eller verneinteresser som er knytt til ferskvatn, fjordar og sjøområde.

2.4.3 Status for arbeidet og venta resultat

Resultatmåltabell for resultatområde 4 Ureining av hav og vatn:

Nasjonale resultatmål:	**Resultatindikatorar:**	**Status:**
A: Utsleppa av næringssalta fosfor og nitrogen i utsette delar av Nordsjøen skal vere redusert med om lag 50 % innan 2005 rekna frå 1985.	- Utrekna tilførsler av fosfor til utsette kystområde i Noreg. - Utrekna tilførsler av nitrogen til utsette kystområde i Noreg.	Totale reduksjonar av fosfor i utsette delar av Nordsjøen var i 1996 44 %. Blir rapportert i neste budsjett.
B: Petroleumverksemd på norsk sokkel skal ikkje ha utslepp av mogeleg miljøfarlege oljekomponentar innan år 2005.	- Dei funna med sjølvstendige utbyggingsløysingar etter 1997 som har 0-utslepp av mogeleg miljøfarlege oljekomponentar. Mengd utslepp av olje frå eksisterande felt.	Ny. Blir rapportert i neste budsjett Totalt 2.448 tonn i 1997 (1.814 tonn i 1996).
C: Det skal innan år 2000 til eikvar tid vere eit akseptabelt beredskapsnivå sett i høve til faren for akutt ureining.	- Talet på godkjende private beredskapsplanar ut frå talet på risikobedrifter. - Talet på regionale beredskapsplanar. - Beredskapsevna i staten. .	Alle operatørane i petroleumsverksemda og 85 % av landbaserte risikobedrifter har godkjende beredskapsplanar. Alle regionar er i ferd med å utarbeide beredskapsplanar. Forslag til system for måling av den statlege beredskapen ligg føre.
D: Utslepp av olje frå skipsvrak langs norskekysten skal ikkje føre til ureining	- Tiltak gjennomført på skipsvrak.	Dei 30 skipsvraka ein meiner representerer størst fare for oljeureining er undersøkt. Vidare undersøkingar av 6 vrak i 1999.

Tabell 2.4.1 Reduksjonar i fosfortilførslene til «utsette område» i Nordsjøen frå 1985 til 1996, prognosar for 1999, og førebelse sektormål for reduksjonar i utsleppa basert på utrekningar av kostnadseffektivitet. (Sektortala er i høve til 100 % utslepp for kvar enkelt sektor, mens totaltala viser den samla reduksjon, jf. resultatmål A.)

Utsleppskjelde	Status	Prognose	Sektorvise arbeidsmål for reduksjonar i utsleppa
	1996 Fosfor	1999 Fosfor	2005 Fosfor
Landbruk	26 %	30 %	40 %
Kommunale avløp	53 %	55 %	54 %
Industri	38 %	40 %	50 %
Totale reduksjonar	44 %	48 %	50 %

Noreg har endra sin definisjon av sårbart område for nitrogen, jf. St prp nr 63 (1996-97). Som følgje av dette må det reknast ut nye sektorvise reduksjonsmål, eit arbeid som enno ikkje er sluttført. Det pågår dessutan eit arbeid med å betre statistikkgrunnlaget for utrekning av nitrogentilførsler frå kommunal sektor. Først når desse arbeida er sluttført vil det vere mogeleg å gi att oppnådde reduksjonar i høve til sektormål. Av denne grunn er

ikkje reduksjon av nitrogenutslepp omtala i tabell 2.4.1. Departementet vil kome tilbake ved eit seinare høve med talmateriale vedrørande reduksjon av nitrogenutslepp.

Lovlege driftsutslepp av olje frå skipsfarten er svært små. Av utsleppa på 2.448 tonn frå petroleumsverksemda kjem rundt 80 % frå olje i produsert vatn. Dette er vatn som følgjer med den produserte oljen frå formasjonen og som difor er ureina av olje og tilsette kjemikaliar. På grunn av aukande produksjon og aukande alder på felta har desse utsleppa auka dei siste åra. Store botnområde er påverka av olje og kjemikaliar, ma på grunn av tidlegare utslepp av oljehaldig borekaks.

Det vart registrert totalt 595 akutte utslepp i 1997. Av desse var 444 akutte oljeutslepp. Volumet som vart sleppt ut ved akutte hendingar fordelte seg på 954 m^3 olje og 682 m^3 andre kjemikaliar. Dei fleste hendingane var relativt små og vart handtert av den enkelte bedrift eller kommune. Majoriteten av utsleppa (419) skjedde til marint miljø og med offshoreverksemda som den største enkeltkjelda, men også utslepp frå skip førekjem hyppig. Påløpne statlege kostnader til dette var i 1997 rundt 8,7 mill kr. I 1992 var kostnadene på 46,2 mill kr. mens dei i 1993-96 årleg låg på rundt 3 mill. kr. Variasjonen i statlege kostnader frå år til år skuldast ikkje variasjonar i talet på hendingar, men snarare om enkelthendingar medfører vesentlege aksjonsutgifter som staten må dekkje.

2.4.4 Verkemiddel og samarbeid med andre aktørar

Miljøvernstyresmaktene samarbeider i stor grad med andre styresmakter og sektorar i arbeidet med å nå resultatmåla for arbeidet mot ureining av hav- og vatn. I tillegg blir det nytta juridiske, økonomiske og administrative verkemiddel som Miljøverndepartementet sjølv rår over, jf. kap. 3 resultatområde 4 under kategori 12.30.

Tilhøvet til kommunane

Kommunane har fleire roller i arbeidet mot ureining av hav- og vatn. Som styresmakt har kommunen gjennom plan- og bygningslova eit viktig verkemiddel for å kunne forvalte vassførekomstar og vassdragsnære areal ved at det i kommuneplanleggingа blir gitt føresegner om bruk og vern av dei aktuelle områda, enten direkte i arealdelen av planen eller i utfyllande føresegner. Arbeidet med å setje miljømål for vassførekomstene blir dermed ein naturlig del av kommuneplanarbeidet.

Kommunale og fylkeskommunale kystsoneplanar etter plan- og bygningslova har vist seg som føremålstenlege verktøy for ei balansert og samordna forvaltning av ulike brukar-interesser i kystsona, og som eit supplement til forvaltning etter sektorlovgjeving. Eit tverr-departementalt prosjekt der kystsoneplanlegging innanfor ramma av fylkesplanleggingа er tema, har fått brei tilslutning både i fylke, kommunar og regionale statsetatar.

Som eigar av kommunale renseanlegg får kommunane pålegg om reinsing osb etter ureiningslova. Vidare er kommunane etter ureiningslova pålagt beredskapsansvar mot akutt ureining.

Ei forskrift om nedgravde oljetankar vart iverksett i 1997 og ansvaret for tilsynet med denne er lagt til kommunane. Forskrift om utslepp av kloakk frå skip vart iverksett i 1998.

Samarbeidet med andre statlege styresmakter

Landbruksstyresmaktene har ansvaret for å iverksetje naudsynte tiltak for å oppfylle landbrukssektoren sin del av miljømåla for overgjødsling. Staten sine kostnader knytt til dette blir i stor grad dekt over budsjettet for Landbruksdepartementet. Miljøverndepartementet medverkar i utforminga av dei ulike tiltaka ma gjennom å delta i dei årlege jordbruksforhandlingane, og disponerer også juridiske verkemiddel.

Utvikling av effektive samarbeidsmodellar mellom landbruks- og miljøvernstyresmakter på kommune- og fylkesnivå har gjennom fleire år vore ei prioritert oppgåve. Målet er å heve kvaliteten på innsatsen som følgje av større lokal kunnskap og større lokalt ansvar for miljøvernarbeidet.

Eit sentralt element i samband med val av kostnadseffektive tiltak og verkemiddel retta mot landbruksureininga har vore etableringa av gode system for overvaking og resultat-kontroll. Desse systema blir forbetra fortløpande. For nærare omtale av mål og verkemiddel på landbrukssektoren, sjå St prp nr 1 (1997-98) for Landbruksdepartementet og Arbeids- og administrasjonsdepartementet sin St prp nr 67 (1997-98) Jordbruksoppgjøret 1998 - endringer i statsbudsjettet for 1998 mm.

Omfang og utbreiing av petroleumsverksemd er regulert etter petroleumslova, som høyrer inn under ansvarsområdet til Olje- og energidepartementet. Utslepp av olje frå den enkelte plattform er regulert av miljøvernstyresmaktene gjennom løyve etter ureiningslova. Arbeidet med å førebyggje akutte utslepp skjer i nært samarbeid mellom fleire instansar. For petroleumsverksemda er samarbeidet med olje- og energistyresmaktene og tryggings-

styresmaktene sentralt. Innan skipsfart blir akutte utslepp førebygde både gjennom tiltak på skipa og gjennom tiltak som ivaretek miljøtryggleik i farleiene. Sjøfartsdirektoratet er utøvande etat når det gjeld tiltak knytt til skipskonstruksjon og -operasjon. Sjøfartsdirektoratet er i hovudsak underlagt Nærings- og handelsdepartementet, men er underlagt Miljøverndepartementet når det gjeld ureining frå skip. Ansvaret for miljøtryggleik i farleiene ligg i hovudsak hos Fiskeridepartementet der Kystverket er utøvande etat. Etableringa av trafikksentralar er eit viktig tiltak for å styrkje tryggleiken i farleiene. Det nyåpna Senter for marint miljø og tryggleik i Horten, som husar Statens forurensningstilsyn og Kystverket, vil styrkje tryggleiken i Oslofjorden med ein ny trafikksentral som vil vere i drift i løpet av 1998.

Miljøvernstyresmaktene har gjennom ureiningslova hovudansvaret for beredskap mot akutt ureining, jf. omtale av resultatområde 4 under kategori 12.30. Beredskapen for offshore-verksemda er basert på miljøvernstyresmaktene sitt felles regelverk med Oljedirektoratet og Statens helsetilsyn.

Integreringa av Forsvaret i oljevernberedskapen er av dei viktige organisatoriske endringane som er gjennomført for å styrkje den statlege beredskapen. Etter at den indre kystvakt vart operativ 1. januar 1996 er faren for miljøskade ved oljesøl redusert både ved betre overvakning og auka beredskapsevne. Det er etablert ein organisasjon for kystberedskap og aksjonsleiing (KYBAL). KYBAL aksjonerer før systemet til Sjøfartsdirektoratet eller til Statens forurensningstilsyn er operative, og vil også kunne yte assistanse ved større ureiningsaksjonar.

Internasjonalt samarbeid

Det internasjonale arbeidet for å redusere belastninga frå utslepp av næringssalt til Nordsjøen, pågår i første rekkje innan Nordsjøkonferansane og OSPAR-kommisjonen. Arbeidet skjer i stor grad under innverknad av EU-direktiv. Av desse er det nitrat- og avløpsdirektiva (91/676/EØF og 91/271/EØF) som gjeld for næringssalt.

Innan oljevernberedskapen er det også utvikla verkemiddel gjennom internasjonalt samarbeid der avtaler om gjensidig varsling og plikt til å hjelpe ved ulukker er sentrale. Slike avtaler er inngått mellom dei nordiske land (København-avtala, 1971), Nordsjø-landa (Bonn-avtalen, 1983), Noreg-Storbritannia (1984), Noreg-Russland (1994) og globalt (Convention on Oil Pollution preparedness, Response and Co-operation, OPRC 1990). Oppfølging av avtalene skjer gjennom teknisk samarbeid, felles øvingar og overvaking. Statens forurensningstilsyn er også engasjert i hjelpearbeid knytt til oppbygging av beredskap i andre land, hovudsakeleg NORAD-prosjekt.

Det internasjonale arbeidet for å redusere utslepp av olje til sjø og skadeleg påverknad av kystsona er sentralt, ma gjennom arbeidet under Nordsjø-konferansane, i Ramsar-konvensjon, i OSPAR-kommisjonen og i MARPOL 73/78.

2.5 RESULTATOMRÅDE 5: HELSE- OG MILJØFARLEGE KJEMIKALIAR

Resultatområde 5 omfattar utslepp av alle typar miljøgifter og andre kjemikaliar.

2.5.1 Tilstandsbeskriving

Helse- og miljøfarlege kjemikaliar kan vere årsak til skadar på forplantningsevna, immunforsvaret, nervesystemet og andre indre organ hos menneske og dyr. I tillegg kan dei vere kreftframkallande og føre til allergiar. Dei farlegaste kjemikaliane, miljøgiftene, kan medføre skadar sjølv i små konsentrasjonar, ved at dei er giftige og vanskeleg let seg bryte ned i naturen, eller ved at dei kan hope seg opp i planter, dyr og menneske.

I følgje ny kunnskap kan enkelte miljøgifter truleg også påverke hormonbalansen hos menneske og dyr. Slike stoff kan ha vore årsak til redusert sædkvalitet, auke i testikkelkreft og visse medfødde misdanningar av kjønnsorgan. Vanlege forbruksprodukt i Noreg inneheld små mengder av denne typen stoff, og for dei kjemikaliane vi har best kunnskap om synest ikkje befolkninga generelt å vere utsett for ei eksponering som skulle tilseie dei nemnde verknader hos menneske i Noreg. På den andre sida er det påvist at høge nivå av det tinnorganiske stoffet TBT, som blir brukt i botnstoff på store fartøy, har ført til at hoer av arten purpursnigel utviklar hannlege kjønnsorgan. Dette fører til sterilitet og kan på lang sikt truge bestandar av purpursnigel langs kysten.

Årleg fører kjemikaliar til mellom 2500 og 3000 akutte forgiftningar i Noreg. Påverknad av helsefarlege kjemikaliar blir rekna som medverkande faktor til at enkelte kreftformer har auka dei seinere år. Strenge krav til merking og omsetjing av kreftframkallande kjemikaliar har likevel ført til betydeleg nedgang i bruken. Andre eksempel på helseskadar er allergi. Ma blir det rekna med at 10-15 % av norske kvinner er allergiske mot nikkel.


I ein del fjordar er miljøgiftinnhaldet i marine organismar så høgt at det kan vere helseskadeleg å ete fisk og skaldyr frå desse områda, jf. figur 3.5.1. I heile landet er innhaldet av kvikksølv i abbor over 25 cm og i gjedde så høgt at styresmaktene åtvarar særleg gravide mot å ete slik fisk. Tidlegare industriutslepp og tidlegare og noverande langtransporterte tilførsler er årsak til at abbor og gjedde inneheld så mykje kvikksølv.

Det er dokumentert høge nivå av bly i lever og nyrer hos orrfugl og lirype i dei sørlege delane av landet, noko som i hovudsak kjem av langtransporterte ureiningar. Blynivåa ligg under dei nivå som kan føre til død eller reproduksjonssvikt hos desse fuglane, men over tilrådd grenseverdi for mat til menneske.

Gjennom overvaking av jordsmon finn ein restar av plantevernmiddel i bekkar og vassdrag nær jordbruksområde i konsentrasjonar som i enkelte tilfelle venteleg kan ha miljøskadeleg effekt. Undersøkingar viser også funn av plantevernmiddel i grunnvatn og mindre brønnar for drikkevatn, men ikkje i konsentrasjonar som ein trur kan medføre helse- eller miljøskade. I nye undersøkingar av innsjøar som blir nytta som drikkevasskjelder har ein no påvist restar av plantevernmiddel, men i låge konsentrasjonar.

Utslepp frå diffuse kjelder, som td produkt, landbruk, avfallsdeponi og transport, utgjer no totalt sett ei større ureiningskjelde enn industri, og problema knytt til slike utslepp aukar stadig. Dei langtransporterte tilførslene av miljøgifter via luft- og havstraumar er også vesentlege. I perioden 1977-1990 vart det registrert vesentleg reduksjon i mengda tungmetall som blir transportert til Noreg via atmosfæren. Denne reduksjonen er no stansa, og for alle tungmetalla med unntak av bly er nivået av langtransporterte tilførsler omtrent uendra sidan 1990. For bly er det registrert ein vesentleg nedgang i perioden 1990 til 1995. Kjemikaliane følgjer i tillegg varestraumane gjennom den omfattande verdshandelen. Figur 2.5.1 viser at tilsiget frå industrien er vesentleg redusert frå 1985 til 1995 for fire prioriterte tungmetall, mens utsleppa av kopar frå produkt har auka sterkt i same periode.

Figur 2.5.1 Kjelder for utslepp av tungmetalla kvikksølv, bly, kadmium og kopar



* Estimat for langtransporterte tilførsler er frå 1993. Ein trur at mengda var noko større i 1985.
** I tillegg inneheld den totale mengda batteri som kvart år endar som avfall om lag 30 tonn kadmium.

2.5.2 Strategiske mål

Utslepp og bruk av helse- og miljøfarlege kjemikaliar skal ikkje føre til helseskadar eller skadar på naturen si evne til produksjon og sjølvfornying. Konsentrasjonane av dei farlegaste kjemikaliane i miljøet skal bringast ned mot bakgrunnsnivået for naturleg førekomande stoff, og til så godt som null for menneskeskapte samansetjingar.

2.5.3 Status for arbeidet og venta resultat

Resultatmåltabell for resultatområde 5 Helse- og miljøfarlege kjemikaliar

Nasjonale resultatmål:	**Resultatindikatorar:**	**Status:**
A. Utslepp av enkelte miljøgifter (jf. prioritetslista i tabell 3.5.1) skal stansast eller reduserast vesentleg innan år 2000, 2005 og 2010.	- Reduksjon i total tilførsle av - tungmetall - ozonreduserande stoff - organohalogene miljøgifter - andre organiske miljø-gifter på prioritetslista (etter kor farlege dei er).	Indikatoren er under utvikling. 1995 vil vere referanseår.
	- Reduksjon i bruk av alkylfenol/-etoksilat.	Bruken vart redusert med 30 % frå 1995 til 1996.
	- Delen av areal i Noreg med kadmium- og bly-konsentrasjonar i mose over ei grense.	Indikatoren blir rekna ut kvart 5. år. For kadmium er delen auka frå 42,5 % i 1990 til 49,5 % i 1995. For bly er delen redusert frå 72 % i 1990 til 49,5 % i 1995.
	-Areal av kystområde/ fjordar omfatta av kosthaldsråd.	Arealet er redusert frå 1008 km^2 i 1991 til 738 km^2 i 1997. Sjå også figur 3.5.1.
B. Utslepp og bruk av kjemikaliar som utgjer eit alvorleg trugsmål mot helse og miljø skal kontinuerleg reduserast med mål å stanse utsleppa innan ein generasjon (25 år).	- Som A for dei kjemikaliar målet vil omfatte.	Det internasjonale arbeidet med å utarbeide ein strategi for å operasjonalisere målet pågår. Eit første framlegg skal vere klart oktober 1998.
C. Risiko for at utslepp og bruk av kjemikaliar er årsak til skade på helse og miljø skal reduserast vesentleg.	- Talet på produkt i ulike fareklassar i produktregisteret (PR).	Talet på dei farlegaste produkta blir redusert. Auken i dei andre fareklassane skuldast i stor grad strengare regelverk. Sjå figur 3.5.2.
	- Talet på og mengda helse- og miljøfarlege stoff i PR.	I 1997 var 2968 stoff og 18,4 mill. tonn registrert i PR. Dette er ein auke på 853 stoff og 2,8 mill. tonn i høve til 1996.
	- Utvikling i totale mengder farlege produkt i PR vege etter kor farlege dei er.	Indikatoren er under utvikling. 1995 vil vere referanseår.

Nærare omtale av kjemikaliar og kjelder omfatta av resultatmål A er gitt i kap. 3 under kategori 12.30.

2.5.4 Verkemiddel og samarbeid med andre aktørar

Miljøvernstyresmaktene forvaltar hovuddelen av verkemidla i arbeidet med å redusere utslepp og bruk av helse- og miljøfarlege kjemikaliar. Verkemidla til miljøvernstyres-maktene er nærare omtala i kap. 3 under kategori 12.30. Ei rekkje andre styresmakter forvaltar verkemiddel i høve til kjemikaliar, men dei fleste av desse ivaretek ikkje omsynet til miljøet. Andre styresmakter sitt arbeid med kjemikaliar blir omtala nedanfor.

Regjeringa vil vere ein pådrivar i det internasjonale arbeidet for å redusere utsleppa av helse- og miljøfarlege kjemikaliar. EØS-avtala, Oslo- og Paris-konvensjonen om vern av det marine miljø i det nordaustlege Atlanterhav og Nordsjø-deklarasjonane har vore og er framleis dei viktigaste avtalene på området. I tillegg deltek Noreg i 3 regionale/globale prosessar for å få betre kontroll med dei globale miljøgiftproblema. Under FNs økonomiske kommisjon for Europa (ECE), vart det i juni 1998 underteikna to protokollar knytt til langtransportkonvensjonen. Desse skal avgrense utslepp av tre tungmetall og 16 tungt

nedbrytbare organiske sambindingar. Protokollane er eit første steg for å redusere grenseoverskridande ureining av helse- og miljøskadelege kjemikaliar. Desse protokollane er viktige i forhandlingsprosessen som starta sommaren 1998 innan FN-programmet for miljø (UNEP) med sikte på ein global konvensjon for regulering av produksjon og bruk av persistente organiske sambindingar.

UNEP-arbeidet med ein global konvensjon om informasjon og samtykkje ved eksport av farlege kjemikaliar er ferdig forhandla og skal underteiknast hausten 1998. Konvensjonen forpliktar partane til å respektere det såkalla Prior Informed Consent-systemet, dvs. at eit importland skal ha rett til å nekte import av ei rekkje svært farlege kjemikaliar, eller setje grenser for import. Konvensjonen vil medverke til å avgrense verdshandelen med kjemikaliar, og medverke til ei meir open haldning.

Plantevernmiddel er regulert gjennom godkjennings- og autorisasjonsordningar som blir forvalta av styresmaktene for landbruket. Disse ordningane er viktige for å redusere helse og miljørisiko ved bruk av plantevernmiddel. Ei evaluering av dei tiltak som er iverksett på dette området og forslag til nye målsetjingar og tiltak for å redusere risiko knytt til bruken av plantevernmiddel, vart ferdigstilt av ei interdepartemental arbeidsgruppe våren 1998. Arbeidsgruppa har føreslått ei målsetjing om å redusere den totale risiko knytt til plantevernmiddel med ytterlegare 25 % dei neste 5 år. Det er også gjort målsetjingar knytt til reduksjon i funn av restar av plantevernmiddel i mat, grunnvatn, drikkevatn og bekkar. Det blir føreslått ei rekkje tiltak for å nå målsetjinga. Sentralt står framlegg om omlegging av avgiftssystemet slik at miljøavgifta på plantevernmiddel blir differensiert etter skadeverknadene på helse og miljø ved bruk. I tillegg blir det gjort framlegg om å auke avgifta vesentleg for å oppnå ein reduksjon i bruken av plantevernmiddel.

Bruk av helsefarlege kjemikaliar i arbeidslivet er regulert av styresmaktene for arbeidsmiljøet. Dei forvaltar saman med styresmaktene for miljø det omfattande systemet for faremerking, registrering av opplysningar, tilsyn og kontroll for å redusere helse- og miljøfaren ved bruk av kjemikaliar. I dette arbeidet ivaretek styresmaktene for arbeidsmiljøet omsynet til arbeidstakarar.

Styresmaktene for helse forvaltar spesiallovgjeving som regulerer bruk av kjemikaliar i legemiddel, kosmetikk og næringsmiddel. Lovgjevinga fokuserer på helseverknader. Miljøverknader av desse produktgruppene er vurdert berre i liten grad. Gjennom WHO sin Helsinki-deklarasjon frå 1994 pliktar helse- og miljøvernstyresmaktene å utarbeide ein felles plan for det nasjonale arbeidet for å redusere miljørelatert medverknad til helseproblem. Sluttrapporten frå dette arbeidet skal føreliggje i 1998.

Forbrukarstyresmaktene kan medverke med informasjon til forbrukarar om eigenskapar ved produkt, slik at forbrukarane kan ta miljøomsyn i sitt val av varer. Forbrukarane har, både i form av si marknadsatferd og ved sitt eige forbruk og produkthandtering, gode høve til å påverke innhald og utslepp av helse- og miljøfarlege kjemikaliar frå produkt.

Styresmaktene for samferdsle forvaltar verkemiddel som kan medverke til å redusere utsleppa av helse- og miljøfarlege kjemikaliar, ma knytt til omfanget på vegtrafikken og avgasskrav til nye køyretøy.

Då kjemikaliefeltet er omfattande og involverer fleire departement og ei rekkje underliggjande direktorat, har Barne- og familiedepartementet, Kommunal- og regionaldepartementet, Landbruksdepartementet, Miljøverndepartementet og Sosial- og helsedepartementet oppretta eit felles prosjekt for å kartleggje og analysere regelverk og administrasjon på området. Kartlegginga blir avslutta i 1998, og det vidare arbeidet vil bestå i å vurdere eventuelle endringar.

2.6. RESULTATOMRÅDE 6: AVFALL OG ATTVINNING

Resultatområde 6 omfattar generering og handtering av alle typar avfall med unntak av radioaktivt avfall.

2.6.1 Tilstandsbeskriving

Årleg blir det generert om lag 23,5 mill. tonn avfall i Noreg. Av dette er 3,1 mill. tonn gruveavfall, 13 mill. tonn er jord, stein og betong frå anleggsverksemd, 1,2 mill. tonn er byggjeavfall, 4,9 mill. tonn stammar frå industri- og anna næringsverksemd og 1,35 mill. tonn kjem frå hushaldningane. Dette talmaterialet kan ikkje samanliknast med tidlegare tal, pga. ei omlegging i metodegrunnlag og nytt kunnskapsgrunnlag når det gjeld byggje- og anleggsavfall. Mengda kommunalt avfall i 1997 var 2,7 mill. tonn. Det er rekna med at det årleg blir generert om lag 650 000 tonn spesialavfall i Noreg.

Det er nær samanheng mellom mengda avfall som blir generert og produksjons- og forbruksaktiviteten i samfunnet. Denne er styrt av fleire ulike tilhøve, ma teknologisk utvikling, prisen på ulike innsatsfaktorar i produksjonen, samansetjing og nivå på forbruket og prisen på avfallshandteringa.

Den avfallshandteringa vi har i dag medfører ei rekkje miljøproblem. Ureina sigevatn frå fyllplassar kan føre til akutte giftverknader og skadar, og kan medverke til overgjødslingsproblem. Nedbryting av avfall er årsak til om lag 12 % av dei samla utsleppa av klimagassar i Noreg, jf. omtale under resultatområde 7 Klimaendringar, luftureiningar og støy. Forbrenning av avfall gir forsurande utslepp og utslepp av helse- og miljøfarlege kjemikaliar. Avfallshandteringa er også årsak til problem med lukt, forsøpling og skadedyr, og representerer dessutan ei sløsing med ressursar.

Monalege mengder helse- og miljøfarlege kjemikaliar er opp gjennom åra blitt lagt i avfallsfyllingar eller tilført grunnen via utslepp og lekkasjar frå offentleg og privat verksemd. Problema knyter seg først og fremst til gamle avfallsdeponi som inneheld spesialavfall, eldre industritomtar og annan grunn som er ureina med miljøgifter, ureina sediment i fjordar, hamner og vassdrag, og ureina område i samband med nedlagte gruver. Slike ureina lokalitetar kan utgjere kjelder til spreiing av miljøgifter i jord, grunnvatn og overflatevatn, og kan medføre fare for akutt ureining eller alvorleg langsiktig ureining.

2.6.2 Strategisk mål

Avfallsproblema skal løysast slik at avfallet gir minst mogeleg skade og ulempe for menneske og naturmiljø, samstundes som avfallet og handteringa av dette legg minst mogeleg beslag på ressursar i samfunnet.

2.6.3 Status for arbeidet og venta resultat

Resultatmåltabell for resultatområde 6 Avfall og attvinning

Nasjonale resultatmål	**Resultatindikatorar**	**Status**
A1. Redusere mengda avfall som oppstår, og mengda helse- og miljøfarlege kjemikaliar i avfallet.	- Generert mengd avfall.	Ny metode og ny kunnskap gjer at for næringsavfall kan tala for 1997 ikkje samanliknast med tidlegare tal. Mengda kommunalt avfall vart redusert med 1,5 % i perioden. Gjennomsmengd hushaldsavfall pr. nordmann auka med om lag 5 % frå 1996 til 1997.
B1. Fremje auka ombruk, materialattvinning og energiutnytting av avfallet.	- Utvikling i behandla mengder, fordelt på behandlingsmåte. - Utvikling av særskilte retur- og attvinningsordningar.	Mengd kommunalt avfall som vart attvunne auka frå 8 % i 1992 til 20 % i 1996 og 25 % i 1997, jf. figur 3.6.1. Separate retur- og attvinningssystem for særskilde avfallsfraksjonar viser aukande innsamling frå 1996 til 1997, jf. tabell 3.6.1.
C1. Sikre ei miljøforsvarleg sluttbehandling av restavfallet.	- Talet på godkjende fyllplassar og forbrenningsanlegg i drift. - Utvikling i utslepp frå fyllplassar og forbrenningsanlegg.	Talet på kommunale forbrenningsanlegg og sjukehusforbrenningsanlegg er redusert frå 48 i 1989 til 15 i 1997. Krav reduserer talet på kommunale fyllplassar frå 395 i 1979 til truleg om lag 150 innan 2000. Skjerpa krav har ført til reduserte utslepp, jf. figur 3.6.2.
D1. Spesialavfall skal enten attvinnast, eller gå til sluttbehandling i godkjende norske anlegg.	- Innsamla mengd spesialavfall i høve til generert mengd spesialavfall. - Norsk behandlingskapasitet for spesialavfall i høve til generert og innsamla mengd spesialavfall.	Mengda spesialavfall har vore konstant på om lag 650 000 tonn årleg. Om lag 20 000 tonn er på avvege. Rundt 30 000 tonn spesialavfall blir eksportert årleg. NOAH sitt anlegg for organisk spesialavfall i Brevik vil auke årleg norsk behandlingskapasitet frå om lag 600 000 tonn til 630 000 innan år 2000.
E1. Sikre at feildisponering i tidlegare tider av spesialavfall o l ikkje skal medføre fare for alvorlege ureiningsproblem ved at det blir gjennomført undersøkingar og naudsynlege tiltak på kjende område med potensiell fare, og ureina område der det er planlagt arealbruksendring.	- Talet på område der det er behov for undersøkingar for å avklare mogeleg fare. - Talet på område som er under undersøking/tiltak. - Talet på område som er avslutta.	Totalt 386 (447 i 1996) 335 ureina grunn 0 sediment 51 Svalbard Totalt 729 (543 i 1996) 281 ureina grunn 0 gruve (stor) 7 gruver (små) 17 marine sediment 407 arealbruksendringar 17 Svalbard Totalt 305 (266 i 1996) 110 ureina grunn 10 gruver (store) 100 gruver (små) 1 marine sediment 84 arealbruksendringar 0 Svalbard jf. figur 3.6.3

2.6.4 Verkemiddel og samarbeid med andre aktørar

Miljøverndepartementet er hovudansvarleg for avfallspolitikken til regjeringa. Ansvaret for innsamling og behandling av forbruksavfall er lagt til kommunane, som organiserer sorterings- og innsamlingsløysingar for avfallet, fastset avfallsgebyr og avfallsplanar og syter for behandling av avfallet. Næringslivet har ansvar for at produksjonsavfall blir levert til godkjende behandlingsanlegg dersom det ikkje blir attvunne eller nytta på annan måte. Eit sentralt element i avfallspolitikken er å gi næringslivet ansvar for avfall frå eigne produkt. I tråd med dette er det etablert ei rekkje særskilte returordningar for enkelte avfallstypar, jf. omtale av resultatområde 6 under kategori 12.30 i kap. 3.

Dei ulike næringssektorar har ansvar for å medverke til avfallsreduksjon i eigen produksjon og for å utforme produkt slik at dei varer lenger og er eigna for reparasjon, ombruk og attvinning for dermed å redusere avfallsmengda. Dei har også ansvar for å utnytte avfallsbaserte råvarer både ved attvinning av material og til energiføremål, og å leggje til rette for ordningar for innsamling og attvinning av ulike typar avfallsfraksjonar.

Forbrukarane har ansvar for å redusere avfallsmengdene og for at avfallet blir disponert på den mest miljøvenlege måten ved ma å nytte tilgjengelege innsamlingsordningar for vanleg avfall og spesialavfall, og gjennom å etterspørje varer som har høgast mogeleg innhald av material som kan attvinnast, minst mogeleg unødig emballasje, lang levetid og som let seg reparere.

I valet mellom ulike tiltak blir føre-var-prinsippet og samfunnsøkonomiske vurderingar lagt til grunn.

2.7 RESULTATOMRÅDE 7: KLIMAENDRINGAR, LUFTUREININGAR OG STØY

Resultatområde 7 er inndelt i følgjande underområde:
- Klimaendringar
- Nedbryting av ozonlaget
- Grenseoverskridande luftureiningar
- Lokale luftureiningar og støy

Resultatområde 7 omfattar utslepp av gassar med direkte og indirekte klimaeffekt som medverkar til den globale drivhuseffekten, og gassar som bryt ned ozonlaget. Området omfattar vidare utslepp av forsurande element og utslepp av gassar som medverkar til at det blir danna bakkenær ozon, og lokale luftureiningar og støy.

Resultatområdet omfattar fagleg samarbeid med andre land, forhandlingar om internasjonale avtaler og nasjonal oppfølging av desse.

2.7.1 Tilstandsbeskriving

Klimaendringar

FNs klimapanel (IPCC) har rapportert at menneskeskapte utslepp av klimagassar, der CO_2, metan og lystgass er dei viktigaste, har ført til auka konsentrasjon av klimagassar i atmosfæren. Dette vil gi eit netto varmetilskot til atmosfæren og føre til at gjennomsnittstemperaturen ved jordoverflata aukar. Det er venta at auken i middeltemperaturen vil føre til endringar i nedbørsmønster og vindsystem, forflytting av klimasoner og heving av havnivået. Desse endringane kan gi store verknader både på naturlege økosystem og dei sosio-økonomiske systema, og auke folkevandringane og fattigdomsproblema i verda.

Førebelse tal viser at det samla utsleppet av klimagassar i Noreg i 1997 var 59,5 mill. tonn[1] CO_2-ekvivalentar, dvs. noko i overkant av det samla utsleppet i 1996. Dette er om lag 4,5 millionar tonn CO_2 -ekvivalentar meir enn i 1990.

Utsleppa av CO_2 som utgjer ca. 70 % av det samla norske utsleppet av klimagassar (figur 2.7.1), var i 1996 41,1 millionar tonn og låg om lag 16 % over nivået i 1990. Auken i utsleppa var spesielt kraftig frå 1995 til 1996 (nær 8 %). Dette skuldast ma at bruken av fyringsolje auka med 30 %. Førebelse tal for 1997 viser at CO_2-utsleppa held fram med å auke. Framskrivingar tyder på at dei samla utsleppa av klimagassar vil auke med om lag 20 % frå 1990 til 2010 dersom ingen nye tiltak blir iverksette og utan bygging av dei to planlagde gasskraftverka på Kårstø og Kollsnes. Dersom ein i tillegg skulle ha bygd dei to gasskraftverka ville dette medført utslepp av ytterlegare 2,1 mill. tonn pr. år, og dei samla utsleppa ville ha auka med 23 % i perioden 1990-2010. Veksten i klimagassutslepp frå 1990 til 2010 skuldast først og fremst CO_2 som isolert ventast å auke med om lag 37 %. Den viktigaste årsaka til denne veksten er auka utslepp innanfor petroleumsektoren. I tillegg er det venta at utsleppa frå transportsektoren og bruken av fyringsolje også vil auke.

Nedbryting av ozonlaget

Ozonlaget vernar menneske, planter og dyr mot skadeleg ultrafiolett stråling. Blir dette svekka, kan det få alvorlege konsekvensar for livet på jorda. Sidan midten av 1980-talet har det i vårmånadene funne stad ei gradvis sterkare menneskeskapt svekking av ozonlaget over Antarktis. I dei siste åra har dette skjedd også i område over Arktis.

Grenseoverskridande luftureiningar

Forsuring blir sett på som det største trugsmålet mot biologisk mangfald i ferskvatn i Noreg. Den mest synlege effekten er store skadar på fiskebestandane, særleg på Sørlandet. Helsetilstanden for skogen i Noreg utviklar seg i negativ retning, med dårlegare krontettleik og aukande tal på misfarga trær. Årsakene til skadane kan vere eit samspel mellom luftureiningar og klimapåverknader. Luftureininga har også ført til fysiske skadar på lavfloraen i det sørlege Noreg.

I 1994 var tolegrensene for forsuring overskredne i 19 % av arealet i Noreg. Meir enn 90 % av det forsurande nedfallet i Noreg (svovel og nitrogenoksid) kjem frå andre land.

Dei internasjonale avtalene om utslippsreduksjonar begynner no å vise resultat. Nedfallet av svovel over Noreg er redusert med 47 % frå 1988 til 1996. I same periode er nedfallet av NOx redusert med 20 %. Areal med overskriding av tolegrensene er redusert med rundt

[1] For utslepp av klimagassane PFK er det brukt utsleppstal for 1996.

10 % frå 1985 til 1994. I mange område har også forsuringa minska. Dei største betringane har skjedd på Austlandet.

Auka tilførsle av nitrogen vil medføre overgjødsling. Dette har allereie ført til endringar i sørvest-norsk kystlynghei dei siste 15-20 åra.

Flyktige organiske sambindingar (VOC) medverkar saman med nitrogenoksid (NO_x) til at det blir skapt bakkenær ozon som ved høge konsentrasjonar kan gi skadar på helsa til menneske, naturleg vegetasjon, avlingar og material. Ein stor del av dei utsleppa som er årsak til slik ozondanning i Noreg, har sitt opphav utanfor landet. Tolegrensene for bakkenær ozon blir overskridne i Sør-Noreg.

Lokale luftureiningar

I ein rekkje byar og tettstader representerer lokal luftureining og støy eit vesentleg helse- og trivselsproblem. Ein stor del av befolkninga i dei største byane i Noreg blir årleg utsett for konsentrasjonar av luftureining som aukar risikoen for ulike helseeffektar som m a luftvegsinfeksjon, lungesjukdommar, kreft og framskunda død. Vintersesongen 1995/96 var til saman om lag 700.000 personar i Oslo, Bergen, Trondheim og Drammen ein eller fleire gonger eksponert for konsentrasjonar av svevestøv og nitrogendioksid over luftkvalitets-kriteria frå Folkehelsa og SFT. Basert på grunnlagsmateriale frå WHO har Folkehelsa og ECON rekna ut at samfunnet blir påført helsekostnader i storleiksordning 3,8 mrd. kr pr år som følgje av dette berre i Oslo og Bergen. Nesten ¼ av befolkninga er plaga av støy ved bustaden sin. Generelt er aukande vegtrafikk den dominerande utsleppskjelda til lokal luftureining og støy, men andre kjelder som vedfyring og nokre stader lokal industri, har også innverknad.

2.7.2 Strategiske mål

- Konsentrasjonen av klimagassar skal stabiliserast på eit nivå som vil hindre skadeleg, menneskeskapt påverknad av klimasystemet, jf. FNs rammekonvensjon om klima-endringar. Forpliktingane i Kyoto-protokollen skal oppfyllast.
- All produksjon og bruk av ozonreduserande stoff skal stansast, jf. Montrealprotokollen om stoff som reduserer ozonlaget.
- Utsleppa av svovel, nitrogenoksid og flyktige organiske sambindingar skal reduserast slik at påverknaden av naturen blir halden innanfor kritiske belastningsgrenser (naturen si tolegrense) og slik at helse og miljø for mennesket ikkje tek skade, jf. protokollar under Konvensjonen om langtransportert grenseoverskridande luftureining.
- Problem med luftureiningar og støy skal forebyggjast og reduserast for å ivareta omsynet til helse og trivsel for menneska.

2.7.3 Status for arbeidet og venta resultat

Nasjonale resultatmål for resultatområde 7 Klimaendringar, luftureiningar og støy:


Najonale resultatmål:	**Resultatindikatorar:**	**Status:**
A. Utsleppa av klimagassar skal i perioden 2008-2012 ikkje vere meir enn 1 % høgare enn i 1990.	Utsleppsnivå i høve til 1990.	Utsleppa var i 1996 6-7 % høgare enn i 1990.
B. Bruk av klorfluorkarbon (KFK) skal reduserast med 100 % innan 1.1.1995.	- Reell reduksjon av produksjon/import/eksport/ bruk av KFK.	Reduksjonsmål er nådd.
C. Bruk av halon skal reduserast med 100 % innan 1.1.1994.	- Reell reduksjon av produksjon/import/eksport/ bruk av KFK halon.	Reduksjonsmål er nådd.
D. Bruk av tetraklormetan (karbontetraklorid) skal reduserast med 100 % innan 1.1.1995.	- Reell reduksjon av produksjon/import/eksport/ bruk av tetraklormetan.	Reduksjonsmål er nådd.
E. Bruk av metylkloroform (1,1,1 - trikloretan) skal reduserast med 100 % innan 1.1. 1996.	- Reell reduksjon av produksjon/import/eksport/ bruk av metylkloroform.	Reduksjonsmål er nådd.
F. Bruk av hydrobromfluorkarbon (HBFK) skal reduserast med 100 % innan 1.1.1996, jf. politisk intensjonserklæring frå 1988 (Sofia-erklæringa).	- Reell reduksjon av produksjon/import/eksport/ bruk av HBFK.	Reduksjonsmål er nådd.
G. For bruk av metylbromid er måla (skjerpa i 1997 i.h.t. Montreal-protokollen og dermed skjerpa i høve til St prp 1 for budsjettperioden 1998). Stabilisering innan 1.1.1995 25 % innan 1.1.1999 50 % innan 1.1.2001 70 % innan 1.1.2003 100 % innan 1.1.2005	- Reell reduksjon av produksjon/import/eksport/ bruk av metylbromid.	Stabilisering er nådd.
H. For bruk av hydroklorfluorkarbon (HKFK) er måla: Stabilisering innan 1.1.1995 35 % innan 1.1.2004 60 % innan 1.1.2007 80 % innan 1.1.2010 95 % innan 1.1.2013 100 % innan 1.1.2015	- Reell reduksjon av produksjon/ import/eksport/bruk av HKFK.	Stabilisering er nådd.
I. Svovelutsleppa skal reduserast til maksimalt 34 000 tonn årleg f.o.m. 2000 (tilsvarer 76 % reduksjon i høve til 1980-nivå)	- Utsleppsnivå.	Utslipp i 1997: 30 400 tonn.
J. NO_x-utsleppa skal maksimalt vere på 1987-nivå, og vidare reduserast med i storleiksorden 30 % i høve til 1986-nivået i år 2010.	- Utsleppsreduksjon i høve til 1987.	Utsleppsreduksjon 1986-1997: 1 %. Utsleppsreduksjon 1987-1997: 2 %.

K. VOC-utsleppa frå heile fastlandet og norsk økonomisk sone sør for 62. breiddegrad skal reduserast med 30 % innan 1999 i høve til 1989-nivå. Utsleppa for heile landet medrekna heile den økonomiske sona skal ikkje vere høgare i 1999 enn i 1988.	- Utsleppsreduksjon i høve til 1988 og 1989.	Utsleppsauke: 1989-1997: 19 % (sokkelutslepp nord for 62. breiddegrad er ikkje med).
L. Døgnmedelkonsentrasjonen av svevestøv (PM_{10}) skal innan 2005 ikkje overskride 50 $\mu g/m^3$ meir enn 25 dagar pr år og innan 2010 ikkje meir enn 7 dagar pr år.	Talet på overskridingar av 50 $\mu g/m^3$ svevestøv som døgnmiddelkonsentrasjon	Ein målestasjon i Oslo viser for dei siste 4 år i gjennomsnitt 47 overskridingar årleg, mens ein målestasjon i Bergen viser i gjennomsnitt for 3 av desse åra 26 overskridingar årleg.
M. Timemedelkonsentrasjonen av nitrogendioksid skal innan 2010 ikkje overskride 150 $\mu g/m^3$ meir enn 8 timar pr år.	Talet på overskridingar av 150 $\mu g/m^3$ nitrogendioksid som timemiddelkonsentrasjon	Målingar viser at målet blir overskride i 2 av dei 4 siste åra i Oslo, og i 2 av dei 3 siste åra i Bergen
N. Døgnmedelkonsentrasjonen av svoveldioksid skal innan 2005 ikkje overskride 90 $\mu g/m^3$.	Talet på overskridingar av 90 $\mu g/m^3$ svoveldiosid som døgnmiddelkonsentrasjon	Målet blir overskride berre unntaksvis i industriområde, og i Pasvik pga. russiske utslepp.
O. Årsmedelkonsentrasjonen av benzen skal innan 2010 ikkje overskride 2 $\mu g/m^3$ som bybakgrunnsverdi.	Årsmiddelkonsentrasjonen av benzen som bybakgrunnsverdi	Førebelse måleresultat frå Oslo, Bergen og Drammen viser vesentlege overskridingar (om lag 5-10 $\mu g/m^3$)
P. Vesentleg reduksjon av støyplager i byar og tettstader innan år 2005 i høve til 1994.	- Talet på personar som blir utsette for støy over tilrådde grenseverdiar i MD sine retningslinjer. - Talet på personar som er sterkt plaga av støy.	Om lag 1 million menneske er utsette for vegtrafikkstøy over grenseverdien, 55 dB(A), Om lag 150.000 personar er utsette for flystøy på same nivå. Om lag 260.000 personar er sterkt plaga av vegtrafikkstøy.

Klimaendringar

Kyotoprotokollen under Klimakonvensjonen vart vedteken 11. desember 1997. Protokollen inneheld forpliktingar om å redusere dei samla utsleppa av klimagassar i industrilanda med minst 5 % i høve til 1990-nivået innan perioden 2008-2012. Noreg har i Kyotoprotokollen forplikta seg til at klimagassutsleppa i den perioden det gjeld ikkje skal vere meir enn 1 % høgare enn i 1990. I St meld nr 29 (1997-98) Noregs oppfølging av Kyotoprotokollen understrekar regjeringa at den vil leggje vekt på fleire dimensjonar ved norsk tilpassing til ein ny situasjon innanfor klimaområdet. For det første vil det bli arbeida for å få på plass dei naudsynte løysingane som gjer at Noreg oppfyller Kyoto-forpliktinga. For det andre vil det i utforminga av politikken bli teke omsyn til den naudsynlege langsiktige tilpassinga til forventa strengare forpliktingar etter 2012. Gjennom å tenkje langsiktig ved utforminga av nasjonal verkemiddelbruk allereie no, vil ein leggje grunnlaget for langsiktige investeringar som er fornuftige i eit samfunnsøkonomisk og miljømessig perspektiv.

Figur 2.7.1. Samla utslepp av klimagassar i 1996 fordelt etter gass. Utviklinga i utsleppa frå 1985 til 1996 og venta utvikling frå 1997 til 2020 utan nye tiltak og med utbygging av dei to planlagde gasskraftverka.
Kjelde: SFT, SSB og Finansdepartementet.




Nedbryting av ozonlaget

Noreg har ingen produksjon av ozonreduserande stoff og har stansa importen av alle desse stoffa, med unntak av HKFK og metylbromid der det blir gitt avgrensa årlege kvotar. Bruken av metylbromid skal utfasast stegvis innan 2010, HKFK innan 2015, jf. Resultatmåltabellen. I 1997 var bruken av metylbromid 43 % under forpliktinga om stabilisering, og bruken av HKFK var 16 % under forpliktinga om stabilisering.

Importen av klimagassen HFK som er eit erstatningsstoff til dei ozonreduserande stoffa KFK og hydroklorfluorkarbon (HKFK), har vakse kraftig frå 1990 og fram til 1997. Det er venta framhalden vekst i bruken av HFK – sjå også omtale i underområdet «klimaendringar».

Grenseoverskridande luftureiningar

Figur 2.7.2 Norske utslepp av SO_2, NO_X og VOC 1973-1997 (1000 tonn). Kjelde: SSB/SFT



Det er rekna ut at dei samla utsleppsreduksjonane i Europa som følgjer av svovelprotokollen av 1994 (jf. resultatmål I) vil meir enn halvere arealet av områda der nedfallet er større enn tolegrensene for forsuring. I 2010, som er året når svovelprotokollen vil vere fullt ut gjennomført, er det venta at overskridingane av tolegrensene i Noreg vil vere redusert til 11% av arealet. Dette betyr at livstilhøva for fisk og andre organismar i elvar og innsjøer bli vesentleg betra, og risikoen for skogskadar blir redusert. Dei norske utsleppa av SO_2 er allereie sterkt redusert, jf. fig 2.7.2.

Sjølv med den venta miljøforbetringa som følgje av reduserte utslepp i Europa, vil Noreg ha eit stort forsuringsproblem også etter 2010, både på Sør- og Vestlandet. I Vest-Agder, der 100 % av arealet i dag er overskride, vil vi i 2010 framleis ha overskriding i 92 % av arealet, dersom ikke ytterlegare tiltak blir iverksett. I Aust-Agder er venta ein tilsvarande reduksjon frå 98 til 64 %.

Avsetjing av svoveldioksid har framleis størst innverknad på forsuringa. Nitrogen medverkar no med mellom 10 og 50 % av forsuringsbelastninga i Noreg (dette varierer geografisk). Både for å redusere forsuringsskadane og av omsyn til andre problem (bakkenær ozon, overgjødsling) er det difor naudsynt å redusere NO_x- og SO_2-utsleppa i Noreg og i Europa ytterlegare (jf. resultatmål I).

Etter 1999 er det rekna med at dei samla europeiske utsleppsreduksjonane som følgjer av VOC-protokollen vil gi ein vesentleg nedgang i talet på episodar med svært høge konsentrasjonar av bakkenær ozon i Noreg. Det generelt høgare bakgrunnsnivået av bakkenær ozon, som også gir skadar, vil bli påverka i lita grad. Det er likevel naudsynt med om lag 70 % reduksjon av både VOC og NO_X i Europa for at dei tilrådde luftkvalitetskriteria for ozon ved bakken i vekstsesongen ikkje skal overskridast.

Lokale luftureiningar og støy

Ut frå omsynet til helse og miljø for bybefolkninga har regjeringa sett nye ambisiøse nasjonale mål for luftkvalitet, jf. resultatmåltabellen ovanfor. Ei realisering av måla vil krevje vesentleg skjerpa verkemiddelbruk og må byggje på samspel mellom aktuelle statlege styresmakter og kommunar og fylkeskommunar om ein heilskapleg verkemiddelbruk som ma vil omfatte piggdekkreguleringar, vegprising, styrka kollektivtilbod, diverse punkttiltak og akutte tiltak mot dei trafikkrelaterte utsleppa, og verkemiddel og tiltak i høve til vedfyring og eventuelle andre stasjonære kjelder. Vidare tek regjeringa sikte på å utvikle nasjonale mål for støy i løpet av 1999.

Nitrogendioksid (NO_2) og svevestøv (PM_{10}) gir dei største og mest utbreidde lokale luftureiningsproblema i Noreg. Også utslepp av det kreftframkallande stoffet benzen, er eit

problem. Utsleppa av benzen stammar først og fremst frå bensin og eksos. Utsleppa av karbonmonoksid (CO) og svoveldioksid (SO_2) er sterkt redusert og gir berre i avgrensa grad lokale ureniningsproblem. Vegtrafikken er den viktigaste kjelda til problema. Norsk veg- og vegtrafikkplan 1998-2007 har som ambisjon å oppnå ein andel piggfrie dekk på om lag 80 % i dei fire største byane innan 2002. Det er rekna ut at dette vil gi vesentleg betre luftkvalitet. Vidare er det no innført avgasskrav for alle typar bilar, som vil få aukande effekt etter som bilparken blir fornya. Etter år 2000 vil det ventelig bli innført nye strengare krav til køyretøy og drivstoff i tråd med det nye regelverket som er under utarbeiding i EU. Dette vil medverke til ytterlegare reduksjon i utsleppa av ma CO, NO_2 og svevestøv. Helse- og trivselsproblema vil likevel framleis vere store, ma fordi gevinsten ved miljøbetringar på drivstoff og køyretøy og andre typar miljøtiltak til dels bli oppvegd av veksten i trafikken. For å oppfylle det nye nasjonale målet for svevestøv, vil det vere naudsynt å oppnå ein vesentleg reduksjon i utsleppa av svevestøv ut over det som følgjer av desse tiltaka. Også vedfyring er ei vesentleg kjelde til lokale svevestøv- og benzenkonsentrasjonar. Her vil betra ovnsteknologi og andre varmesystem kunne medverke vesentlig til å redusere utsleppa.

Særleg i byane er svært mange menneske plaga av støy og utsette for støynivå som ligg over dei tilrådde grenseverdiane i retningslinjene frå Miljøverndepartementet. Undersøkingar om levekår og butilhøve viser at den delen av befolkninga som er plaga av støy ikkje har endra seg vesentleg sidan 1980. Statens forurensingstilsyn har anslått dei årlege samfunnsøkonomiske kostnadene av støybelastning frå vegtrafikk til om lag 2,5 mrd. kr. For å oppnå tilfredsstillande luftkvalitet og støytilhøve i byar og tettstader, er det i første rekkje behov for tiltak som reduserer transportbehovet og legg til rette for auka sykkelbruk og kollektivtrafikk. Forskrift om grenseverdiar for lokal luftureining og støy etter ureiningslova vil medverke til opprydding i dei mest belasta områda, jf. kategori 12.60 - resultatområde 7. Regjeringa arbeider med sikte på å etablere nye nasjonale mål også for støy. I denne samanhengen blir også vurdert naudsynt verkemiddelbruk. Resultata av dette arbeidet er planlagt presentert for Stortinget i løpet av 1999.

2.7.4 Verkemiddel og samarbeid med andre aktørar

Klimaendringar

Noreg var mellom dei aller første landa som nasjonalt la fram ein strategi for å oppfylle Kyotoprotokollen. I St meld nr 29 (1997-98) Norges oppfølging av Kyotoprotokollen varslar regjeringa at den vil arbeide for å få på plass dei naudsynte løysingane som gjer at Noreg oppfyller Kyotoforpliktinga om at klimagassutslippa i den gjeldande periode 2008-12 ikkje skal vere meir enn 1 % høgare enn i 1990. Dette inneber ein reduksjon på 6 % i høve til utsleppsnivået i 1996, og 22 % i høve til framskrivingar for 2010. I politikkutforminga vil det vidare bli teke omsyn til den naundsynte langsiktige tilpassinga til dei strengere forpliktingane som er venta etter 2012. Gjennom å ha eit langt tidsperspektiv ved utforminga av nasjonal verkemiddelbruk, vil ein allereie no leggje grunnlaget for investeringar som er fornuftige i eit langsiktig samfunnsøkonomisk og miljømessig perspektiv.

Regjeringa legg opp til at det innanfor ein relativt kort tidsperiode (2-5 år) blir sett inn verkemiddel som gjer at ein får utløyst dei rimelegaste nasjonale tiltaka. På noko lenger sikt vil det vere behov for ei gradvis utviding av verkemiddelbruken. Stortinget vil bli førelagt ein eigen proposisjon som grunnlag for norsk ratifikasjon av Kyotoprotokollen.

Miljøverndepartementet samarbeider nært med dei andre aktuelle departementa (Finansdepartementet, Fiskeridepartementet, Landbruksdepartementet, Nærings- og handelsdepartementet, Olje- og energidepartementet, Samferdsledepartementet og Utanriksdepartementet) om utforming av verkemiddelbruken. Eit mål for arbeidet er å få fram kostnadseffektive tiltak på tvers av dei ulike gassane og i alle sektorar av samfunnet. For fleire av dei sentrale verkemidla i klimapolitikken er budsjettansvaret plassert i andre departement og blir nærare omtalt i budsjettproposisjonane frå desse departementa.

CO_2-avgifta er hovudverkemidlet for reduksjon av CO_2-utslepp. I samband med handsaminga i Stortinget av St prp nr 54 (1997-98), vart det vedteke ei viss utviding av verkeområdet for avgifta. CO_2-utslepp frå drivstoff nytta i sivil luftfart, godstransport i innanriks sjøfart og supplyflåten, område som tidlegare har vore unntekne for avgift, vil bli pålagt ei CO_2-avgift på 100 kr/tonn for 1999. I samband med revidert budsjett for 1998 vedtok Stortinget å auke CO_2-avgifta for petroleumsverksemda frå 89 til 107 øre pr. liter for olje og kondensat. For verksemder elles blir dei satsar og unntak som gjeld i dag oppretthaldne.

Avgift vil også bli nytta som verkemiddel i høve til andre klimagassar der dette er føremålstenleg. I samband med Stortings-handsaming av St prp nr 54 (1997-98) vart det vedteke innført ei avgift på 300 kr/tonn på sluttbehandling av avfall. Avgifta vil bli

differensiert etter energiutnytting, med ei grunnavgift på 75 kr pr. tonn og ei tilleggsavgift på 225 kr pr. tonn. Regjeringa vil også vurdere å innføre avgift på HFK.

Regjeringa varsla i St meld nr 29 (1997-98) at den ma vil vurdere eit nasjonalt system med omsettelege utsleppskvotar av klimagassar. Ved handsaminga av meldinga vart det bestemt å be regjeringa greie ut og leggje fram for Stortinget framlegg om eit nasjonalt kvotesystem som i alle fall omfattar dei industrielle verksemdene som i dag ikkje er ilagt CO_2-avgift. Komiteen seier vidare at det bør omfatte alle gassar som er omfatta av Kyoto-protokollen. Regjeringa vart beden om å nedsetje eit utval av fagpersonar for å utgreie korleis ei slikt verkemiddel kan iverksetjast. Stortinget ga også retningslinjer som vil vere utgangspunkt for det vidare arbeidet. Mellom anna skal utgreiinga omfatte ei vurdering av korleis andre sektorar kan inkluderast.

Regjeringa vil om kort tid setje ned eit utval som skal utgreie eit nasjonalt kvotesystem for klimagassar i tråd med Innst S nr 247 (1997-98). På grunnlag av ei slik utgreiing vil regjeringa leggje fram eit forslag til oppfølging i høve til Stortinget.

Regjeringa har lagt opp til å nytte avtaler med industrien på område der ein kan rekne med å få utløyst større reduksjonar på denne måten enn ved bruk av andre verkemiddel. Det er aktuelt å nytte slike avtaler, som bør avgrensast i tid, ma på område med eit avgrensa tal aktørar, og der det kan vere tale om å utvikle ny teknologi som inneber ein viss teknisk og økonomisk risiko. Stortinget har peika på at innføring av eit kvotesystem for industrien vil gjere bruk av avtaler overflødig.

Regjeringa vil også ta i bruk fleksible gjennomføringsmekanismar for å oppfylle norske forpliktingar i høve til Kyotoprotokollen. Protokollen slår fast at dette skal kome som eit supplement til nasjonale tiltak. Noreg vil vidareføre arbeidet på internasjonalt nivå for å få på plass eit godt regelverk for bruk av dei fleksible mekanismane. Dette må sikre ma reelle utsleppsreduksjonar, tilstrekkeleg innsyn, gode rapporteringsrutinar og høve til sanksjonar. Regjeringa legg opp til at norsk næringsliv skal involverast i bruken av desse mekanismane.

Regjeringa vil også stimulere forskning og utvikling, forsøksverksemd og investeringar i energieffektive teknologiar, og i marknadsintroduksjon av nye energiløysingar. Informasjon, etterutdanning og kompetanseoppbygging skal også styrkast.

Den sektorovergripande miljøvernpolitikken vil bli styrkja gjennom å innføre sektorvise miljøhandlingsplanar og vidareutvikle eit nasjonalt system for oppfølging av resultat. Her vil dei andre sektorane sitt ansvar for energi- og ressursbruk stimulerast og gjerast synleg.

Regjeringa vil føre ein aktiv politikk for å dempe veksten og flate ut energibruken på sikt. Samstundes vil tilhøva bli lagt til rette for at ny energitilgang i aukande grad kjem frå nye fornybare energikjelder som bio-, vind- og solenergi, og varmepumper. Energiutvalet la fram si innstilling i juni 1998, og regjeringa vil følgje opp med ei eiga energimelding som tek for seg naudsynte verkemiddel og tiltak for å møte utfordringane i energisektoren. Stortinget har i Innst S nr 233 (1997-98) gitt ein del føringar for vidare arbeid og verkemiddelbruk innanfor stasjonær energibruk.

Innanfor transportsektoren ønskjer regjeringa å stimulere til meir energieffektive bilar og overgang til alternative drivstoff med lågare utslepp. Også andre verkemiddel, primært retta mot andre omsyn som lokale miljøproblem, vil medverke til å avgrense utsleppa av klimagassar frå transport. Det vil vidare innanfor energi- og transportområdet bli lagt vekt på å stimulere utsleppsreduserande tiltak regionalt og lokalt som del av regjeringa si oppfølging av lokal Agenda 21.

Nedbryting av ozonlaget

Bakgrunnen for dei gode reduksjonsresultata for ozonreduserande stoff er ein kombinasjon av verkemiddel som har verka styringseffektivt. Forskrifter, informasjon, frivillige tiltak og samarbeid mellom styresmaktene og bransjane har stått sentralt. Alle ozonreduserande stoff i Noreg er regulert gjennom forskrift. Det nasjonale arbeidet på området ozonreduserande stoff vil i 1999 rettast mot kontroll av at vedtektene blir overhaldne, overvaking av miljøsituasjonen og oppfølging av endringar i Montrealprotokollen som vart vedteken hausten 1997. Utsleppsforpliktinga for metylbromid vart skjerpa og det vart vedteke at alle partar skal ha lisensieringssystem for import og eksport av alle regulerte stoff. Hausten 1998 har regjeringa ratifisert endringane i Montrealprotokollen. Dette vil sikre kontroll med oppnådde resultat.

Det blir elles vist til omtale under resultatområde 6 (Avfall og attvinning) vedrørande komande forskrift om innsamling og attvinning av brukte KFK-haldige kuldemøbel.

Grenseoverskridande luftureiningar

Noreg er avhengig av omfattande utsleppsreduksjonar i Europa som heilskap. Formelle forhandlingar om ein protokoll om NO_X og relaterte stoff pågår, samstundes som ein

arbeider med dei modellar og scenaria som skal understøtte forhandlingane. Målsetjinga er, på linje med den nye svovelprotokollen, å kome fram til ei avtale basert på naturlege tolegrenser og som også ivaretek omsynet til kostnadseffektivitet. Noreg medverkar aktivt til det omfattande internasjonale samarbeidet knytt til forskning, utgreiing og kartlegging av luftureiningsproblem og utviklinga av meir avanserte avtaler. Forskningsprogram under Noregs Forskningsråd, samt Miljøverndepartementet sitt program «Naturens tålegrenser», er sentrale for å framskaffe grunnlag for slike nye avtaler. Ein annan viktig pilar i utviklinga av den norske politikken er dei nasjonale overvakingsprogramma som følgjer utviklinga i verknadene av luftureiningar på økosystema.

For å oppfylle forpliktinga om 30 % reduksjon i VOC-utsleppa innan 1999 i høve til 1989, vil ein spesielt fokusere på tiltak for å redusere utsleppa frå lasting av råolje. Det er allereie installert anlegg for å attvinne VOC ved lasting ved oljeterminalen på Sture. Det blir no utprøvd teknologi som skal attvinne VOC ved bøyelasting. Innføring av denne teknologien på bøyelasteskipa vil venteleg redusere VOC-utsleppa med i storleiksorden 100 000 tonn årleg. Dette vil vere det viktigaste enkelttiltaket for å oppfylle norske forpliktingar når det gjeld reduksjon. Miljøvernstyresmaktene fører no forhandlingar med petroleumsindustrien med sikte på å inngå ei tidsavgrensa avtale om reduksjon av VOC-utsleppa frå denne sektoren. Det blir teke sikte på at avtala på eit seinare tidspunkt skal avløysast av reguleringar etter ureiningslova. Noreg er vidare i ferd med å implementere eit EU-direktiv om å redusere VOC-utsleppa frå lagring og distribusjon av bensin frå terminalar til bensinstasjonar.

I tråd med Stortings-vedtak i samband med behandlinga av St prp nr 54 (1997-98) "Grønne skatter" gjer regjeringa framlegg om at det for 1999 blir fastsett ei SO_2-avgift på 3 kroner pr. kg SO_2 på bruk som i dag er friteken for avgift. For NO_x-utsleppa blir lagt til grunn prioriteringa av verkemiddel framlagt i St meld nr 41 (1994-95), med sikte på å utløyse ma enkle motortekniske tiltak på skip i kysttrafikk, ferjer og fiskefartøy, og innføring av låg-NO_X-brennarar ved installering av nye gassturbinar, der dette er teknisk mogeleg.

Lokale luftureiningar og støy

Ei mer miljøvenleg utvikling i byar og tettstader tangerer mange ulike fagfelt, aktørar og nivå. Det er viktig å utvikle samarbeidsmodellar og stimulere heilskapleg tenking. Døme på nye samarbeidsmodellar er TP10-arbeidet, samordna areal- og transportplanar, sykkelbyar og miljøbyarbeid. Lokalbefolkning, næringsliv og frivillige organisasjonar har viktige roller i samband med gjennomføring av enkelttiltak for meir miljøvenlege byar og tettstader, m a gjennom utvikling av lokale Agenda 21. Gjennomføring av krava i forskrift om grenseverdiar for lokal luftureining og støy vil medverke til opprydding i dei mest belasta byområda gjennom eit samarbeid mellom dei som medverkar mest til problema. EU er i ferd med å vedta strengare grenseverdiar som etter kvart vil bli gjort gjeldande i Noreg gjennom EØS-avtala.

2.8 RESULTATOMRÅDE 8 : INTERNASJONALT MILJØVERNSAMARBEID, -BISTAND, NORD- OG POLAROMRÅDA

Resultatområde 8 har følgjande underområde:

- Samarbeid med utviklingsland
- Samarbeid med Sentral- og Aust-Europa
- Nord- og polarområda
- Multilateralt samarbeid

Samarbeid med utviklingsland

Underområdet omfattar bilateralt miljøvernsamarbeid og ei generell integrering av miljøomsyn i bistandspolitikken (både bi- og multilateral bistand). Grunnlaget for arbeidet er strategien for miljøretta utviklingssamarbeid utvikla i fellesskap mellom Utenriksdepartementet/Norad og Miljøverndepartementet, der hovudmåla er å medverke til ei forsvarleg forvaltning av miljøet på jorda og det biologiske mangfald. Tiltaka under det bilaterale miljøvernsamarbeidet blir i hovudsak finansiert over bistandsbudsjettet.

Samarbeid med Sentral- og Aust-Europa

Underområdet omfattar bilateralt og multilateralt miljøvernsamarbeid der dei aktuelle prosessane/avtalene ivaretek saksområde innan heile miljøvernfeltet. I dette inngår samarbeidsavtaler Noreg har med Polen, Tsjekkia, Slovakia og Ungarn, og prosjektsamarbeid med dei tre baltiske landa. Det bilaterale miljøvernsamarbeidet vil også i 1999 bli konsentrert om Estland, Latvia og Litauen. Miljøvernsamarbeidet med Russland er omtala under delområde Nord- og polarområda. Det bilaterale samarbeidet blir koordinert innanfor ramma av det regionale miljøvernsamarbeidet under «Environment for Europe»-prosessen, Barents-samarbeidet, samarbeidet under Arktisk råd og Østersjø-samarbeidet ma innanfor Agenda 21 for the Baltic Region og Helcom Pitf («Helcom» er forkorting for Helsinkikommisjonen og «Pitf» refererer til Programme Implementation Task Force).

Nord- og polarområda

Underområdet omfattar dei norske arktiske polarområda Svalbard og Jan Mayen, det nordlege Barentshavet, Barentsregionen og Komirepublikken, Kaliningrad og Leningrad fylke og Antarktis. Miljøproblem der kjeldene finst innanfor grensene til fastlands-Noreg er ikkje omfatta av dette. Årsaka til at resultatområdet er geografisk definert er at ein av miljøfaglege, utanrikspolitiske og praktiske årsaker har behov for ei spesiell koordinering av tiltak i desse områda.

Resultatområdet omfattar følgjande arbeidsområde: område- og artsforvaltning, biodiversitet, kulturminnevern, ureining inklusive radioaktiv stråling, klimaendringar og reduksjon av ozonlaget, og kart og geodata. Resultatområdet må sjåast i samanheng med resultatområda: 1 (vern og bruk av biologisk mangfald), 2 (friluftsliv), 3 (kulturminne og kulturmiljø), 4 (ureining av hav og vatn), 5 (helse- og miljøfarlege kjemikaliar), 7 (klimaendringar, luftureining og støy), 9 (regional planlegging og 10 (kart og geodata), og delar av Svalbardbudsjettet under Justisdepartementet og kap. 0197 Bistand til Sentral og Øst-Europa og internasjonale miljøtiltak under Utanriksdepartementet.

Multilateralt samarbeid

Underområdet omfattar miljøvernsamarbeid der dei aktuelle prosessane/avtalene ivaretek saksområde innan heile miljøvernfeltet, som td bistand til å betre miljøet i aust-europeiske land og i utviklingsland. Området omfattar miljøvernsamarbeid innanfor Nordisk Ministerråd, EFTA/EØS, OECD, FNs økonomiske kommisjon for Europa (ECE), FNs miljøprogram (UNEP) og Miljøverndepartementet sitt arbeid med FN-kommisjonen for berekraftig utvikling (CSD), FNs globale finansieringsordning (GEF), matvareprogrammet i FN (FAO), Verdas handelsorganisasjon (WTO) mv.

2.8.1.Tilstandsbeskriving

Samarbeid med utviklingsland

Typisk for mange utviklingsland er svake og einsidig utvikla økonomiar, ein råvarebasert eksportsektor, mangelfullt utbygt infrastruktur, og dårleg handheving av miljøkrav. Størstedelen av befolkninga i desse landa lever i fattigdom, og livskvaliteten deira er truga av forringing av land- og vassressursar. Andre typar ”moderne” ureiningsproblem og større miljø-

inngrep som trugar klima og biodiversitet på globalt nivå er også til stades i mange av desse landa.

I 1997 gjennomførde FN gjennom sitt miljøprogram UNEP ei evaluering av det globale miljøet. Denne konkluderte med at utviklingsmønsteret i dag i stor grad må karakteriserast som ikkje berekraftig, til trass for enkelte positive utviklingstrekk. Dei enorme skogbrannane som har rast i så vel Asia som Latin-Amerika dei to siste åra er ein god illustrasjon på at utviklinga ikkje er under kontroll.

Etter kvart som miljøbelastninga aukar og ressursgrunnlaget blir overbelasta er miljøtrugsmåla i fleire regionar også i ferd med å medverke til sosial uro og væpna konflikt. Klårast ser ein kanskje dette m.o.t. vassressursar. Å stimulere til forsvarlege forvaltningsregime for naturressursar i og mellom u-landa er difor eit viktig tiltak for å førebyggje konfliktar.

Samarbeid med Sentral- og Aust-Europa

Miljøproblema i dei baltiske landa er så store at det ikkje er mogeleg for dei gjeldande land å påta seg ansvaret for den naudsynte oppryddinga i miljøproblema på eiga hand. Miljøvernforvaltninga i desse landa har som følgje av ma stramme økonomiske vilkår svake føresetnader for å sikre berekraftig forvaltning av miljøet. Behovet for norsk støtte til berekraftig ressursforvaltning, regelverk og miljøvernforvaltning er difor framleis stort.

Nord- og polarområda

Ikkje berekraftig hausting av biologiske ressursar, fysiske naturinngrep og ureining frå industrien i Nordvest-Russland utgjer saman med regionale klimaendringar, reduksjon i ozonlaget, faren for radioaktiv ureining og langtransporterte tilførsler av miljøgifter dei viktigaste trugsmåla mot det biologiske mangfaldet, den urørte villmarka og mot helse og livsgrunnlag for befolkninga i nordområda.

Over polkalotten er det observert ei viss oppvarming i dette hundreåret. Klimaendringane vil på lengre sikt føre til vesentlege miljøendringar i polarområda. På same måte som i Antarktis er det også påvist svekka ozonlag og auka UV-stråling i vinter- og vårmånadene i Arktis.

Arktis er utsett for ureining frå lokale, regionale og meir fjerntliggjande kjelder via luft- og havstraumar. Ureiningsnivåa både når det gjeld radioaktivitet og tungmetall er likevel låge i dei norske områda i Arktis. Eit unntak er PCB som er funne i langt høgare konsentrasjon i isbjørn ved Svalbard enn i isbjørn i Alaska og Canada. Utslepp frå industrien i Barents-regionen har medført opphoping av tungmetall i plante- og dyrelivet i Nord-områda. Forsuringsproblema i Sør-Varanger er i hovudsak knytt til utslepp frå nikkelverka i Nikel og Zapoljarnij.

Dei største potensielle kjeldene til radioaktiv ureining er i Russland, herunder reaktorar i fartøy og kraftverk, lagra fast og flytande radioaktivt avfall, atomdrivne u-båtar som er tekne ut av drift, dumpa radioaktivt avfall, mogelege tilførsler frå atomanlegg i Sibir, og eventuelle auka utslepp frå anlegg i Vest-Europa. Kartlegging av dumpa radioaktivt avfall i Karahavet og bukter på austsida av Novaja Zemlja viser enkelte lekkasjar nær noko av det dumpa avfallet. Det er ikkje registrert spreiing til hovudvatnmassane i Karahavet og Barentshavet.

Dei siste tiår har dei urørte villmarksområda i nord blitt sterkt redusert i omfang. Dette skuldast ikkje minst naturinngrep og terrengslitasje i samband med leiting og utvinning av petroleum i Nordvest-Russland. Petroleumsaktivitetane har også ført til skadar på skog og beiteressursar, og ureining av vassdrag med olje. Storstilt utvikling av offshore energiressursar i Barentshavområdet og dei nordlegaste landområda i Russland og Vest-Sibir representerer eit alvorlig trugsmål mot sårbare arktiske økosystem på hav og land. Det finst i dag på russisk side ikkje ressursar innan oljevernberedskap som kan dekkje så store oppgåver i desse havområda.

Dersom eit finsk initiativ om etablering av ein «nordleg dimensjon» som i hovudsak omfattar Nordvest-Russland blir godkjent av EU-kommisjonen, vil russiske miljøvernstyresmakter få eit forsterka behov for støtte og teknisk bistand med det mål å imøtekome utfordringane som eventuelle omfattande investeringar i ressursutnytting i nordområda vil kunne medføre.

På Svalbard er store delar av landområda verna og såleis sikra mot industriell utvikling, auka ferdsel og utvikling av infrastruktur. Men dei biologisk viktigaste landområda ligg utanfor verneområda, og blir i aukande grad påverka av motorisert ferdsle. På Svalbard har det vore ein auke i nesten alle dyrebestandar som tidlegare var gått kraftig tilbake som følgje av overbeskatning. Fleire arter må ein likevel framleis sjå på som truga, og mange arter ligg vesentleg under normalbestanden.

Noreg gjennomfører miljøovervaking i Antarktis gjennom programmet for marin overvaking under CCAMLR (Convention on the Conservation of the Antarctic Marine Living Resources).

Multilateralt samarbeid

Noreg står på linje med andre industrialiserte land for ein stor del av dei globale og regionale miljøproblema rekna pr. innbuar. Regjeringa legg difor vekt på den nasjonale oppfølging av internasjonale forpliktingar. Kontakten med utviklingsland i dei ulike FN-organisasjonar, samfunnsendringane i Aust-Europa og auka merksemd kring spørsmålet om europeisk integrasjon gjennom EØS/EU, har på kvar sin måte understreka behovet for å vidareutvikle internasjonalt miljøvernsamarbeid, både m.o.t. plikter og former for samarbeid.

Internasjonal handel har stor innverknad på produksjons- og forbruksmønster, som igjen kan medføre uopprettelege miljøskadar dersom det ikkje blir teke omsyn til miljøet. Det er ei stor utfordring å få betre kunnskap om korleis handelssystemet og -reglane verkar inn både på miljø og på utvikling, og ikkje minst å bli samde internasjonalt om korleis handels- og miljøomsyn best kan sameinast.

FN-programmet for miljøvern, UNEP, er berebjelken i arbeidet med miljøspørsmål innan FN-systemet. Noreg gir eit særskilt tilskot til industrikontoret i UNEP, som særleg satsar på kompetansebygging for reinare produksjon i utviklingsland. Multilateralt miljøpolitisk samarbeid for å redusere lokale og globale skadar frå dei moderniserte sektorane i utviklingslanda er svært vanskeleg. Dette skuldast mellom anna frykt for at strengare miljøkrav skal medføre redusert konkurranseevne. Samstundes har i-landa viktige erfaringar som utviklingslanda kan bruke for å unngå mange av dei problema vi har stått overfor i vår utviklingsprosess. Norske miljøstyresmakter samarbeider difor både direkte og med miljøstyresmakter i andre land og innanfor FN-kommisjonen for berekraftig utvikling (CSD), dels for å finne felles løysingar der dette er naudsynt, dels som ledd i norsk satsing på å betre levekåra og framtidsutsiktene for utviklingslanda. I 1999 vil drøfting av berekraftig produksjon og forbruk forutan havmiljø vere miljøpolitisk viktig.

Ei sentral oppgåve for norske miljøvernstyresmakter har vore deltakinga til miljøministeren i ei spesialgruppe nedsett av generalsekretæren i FN for å vurdere ei betre koordinering og organisering av FN-arbeidet med miljø- og busetjingspørsmål.

Miljøverndepartementet har hatt eit nært samarbeid med Utanriksdepartementet om effektivisering og påfylling av nye midlar til det globale miljøfondet (GEF) som dekkjer omforeina tilleggskostnader for prosjekt som kan sikre globale miljøfordelar.

Omstillingsprosessen i Aust-Europa tek lang tid, og det er store skilnader mellom landa. Russland og dei baltiske land er mellom dei som har kome kortast i sin omstillingsprosess. Søkjarlanda til EU har motteke vesentlege midlar både til harmonisering av EU sitt miljøregelverk og til konkrete tiltak. EØS-avtala medfører at EU er ein svært viktig samarbeidspartnar for Noreg på miljøvernområdet. Nye miljøvernreglar som blir vedtekne i EU blir fortløpande sett på EØS-dagsorden med sikte på innarbeiding i avtala og i det nasjonale lovverk.

Det nordiske miljøvernsamarbeidet er viktig i arbeidet med å løyse miljøutfordringane og medverke til stabilitet i nærområda til Noreg. Det er også innanfor dette samarbeidet ønskjeleg å samordne synspunkta til dei nordiske landa når det gjeld miljøvernarbeidet i internasjonale organisasjonar, spesielt med tanke på EØS/EU-samarbeidet.

Strategiske mål

Samarbeid med utviklingsland

- Styrkje evne og vilje i utviklingslanda til å ta ansvar for sin del av dei globale miljøproblema og å løyse sine eigne miljøproblem.
- Støtte mottakarlanda sitt arbeid med å implementere internasjonale miljøforpliktingar og andre nasjonale miljøprioriteringar.
- Integrere miljøomsyn i all norskstøtta bistand der dette er relevant, og opprette miljøspesifikke program. Prioriteringsområde er utvikling av berekraftige produksjonssystem, vern og berekraftig bruk av biologisk mangfald, redusert ureining av jord, luft og vatn, og kulturminnevern og forvaltning av dei kulturelle verdiane i naturmiljøet. For å oppnå dette er det viktig å medverke til ei styrking av miljøforvaltninga og frivillige organisasjonar.

Samarbeid med Sentral- og Aust-Europa

- Styrkje landa si evne til å løyse miljøvernproblema på eiga hand.

- Bistå landa med å gjennomføre effektiv miljøvernlovgjeving, som grunnlag for utforming og oppfølging av miljøvernpolitikken.

Nord- og polaromåda

- Medverke til berekraftig utvikling gjennom ei forvaltning som gir reint miljø, vern av økosystema og styrt hausting av dei levande ressursane.
- Sikre norsk polarforskning på eit høgt internasjonalt nivå som gjer at den kan medverke til eit godt kunnskapsgrunnlag og ivareta nasjonale interesser i polarområda.

Multilateralt samarbeid

- Medverke til at relevante internasjonale avtaler og internasjonal samordning av miljøvernpolitikken blir retta inn mot ei global berekraftig utvikling og samstundes redusere miljøpåverknadene i Noreg av grenseoverskridande ureiningar.

2.8.3 Status for arbeidet og venta resultatat

Nasjonale resultatmål for resultatområde 8 Internasjonalt miljøvernsamarbeid, -bistand, nord- og polarområda.

Nasjonale resultatmål:	**Resultatindikatorar:**	**Status:**
Samarbeid med utviklingsland A. Best mogeleg integrering av miljøomsyn i norsk bistand (bi- og multilateral).	- Måloppfylling i.h.t. Strategien for miljøretta utviklingssamarbeid. - Norskstøtta prosjekt skal ikkje ha store negative miljøfølgjer.	Nærare samarbeid mellom bistands- og miljøstyresmaktene, gjennom ma implementering av Miljøprosjektet (Norad).
B. Miljøretta bistand og anna samarbeid med u-landa som medverkar til å førebyggje global miljøforringing og forbetre lokal miljøtilstand.	- Oppfølging av inter-nasjonale konvensjonar gjennom realisering av miljøsamarbeidsavtaler med utvalte land. - Redusert ureining av jord, luft og vatn, samt bevaring av biologisk mangfald og kulturminne.	Miljøsamarbeid med Kina, Indonesia og Sør-Afrika.
Samarbeid med Sentral- og Aust-Europa C. Vidareføre bilateralt miljøvernsamarbeid med dei baltiske republikkane og Russland for å utvikle deira evne til å ta hand om miljøutfordringar i dag og i framtida.	- Evaluering av prosjekt og samarbeidsprogram og evaluering av resultata frå oppfølging av Århus-konferansen. - Utvikling av russisk forvaltning og lovverk i samsvar med miljøutfordringane i landet	Igangsette miljøtiltak med tilhøyrande program for kompetanseutvikling.

Nord- og polarområda D. Redusere dei grenseoverskridande ureiningane som har innverknad på norsk natur i nord.	- Registrering av kjeldeutslepp og nivå av luftureiningar - Førekomst av miljøgifter i naturmiljøet under tolegrensa.	AMAPs hovudrapport frå 1997 avslører lokalt uakseptable nivå av miljøgifter i området. Konsentrasjonen av PCB i isbjørn er 6 gonger høgare ved Svalbard enn Alaska og 3 gonger høgare enn i Canada. På Svalbard er tolegrensene for sur nedbør overskridne i 5 % av dei isfrie områda. I Sør-Varanger er tolegrensa overskriden for 70 % av arealet, men det er førebels ikkje registrert omfattande fiskeskadar.
E. Medverke til å sikre ei berekraftig utvikling i Arktis gjennom samarbeidet under Arktisk råd.	- Tilstand og utvikling for sårbare indikatorarter og naturområde. - Omfanget av urørde naturområde - Grad av habitatfragmentering. - Grad av belastning på naturressursar og naturmiljø som følgje av økonomisk aktivitet.	Det er rekna med at urskog framleis utgjer om lag 20 % av skogarealet i Nordvest-Russland, mot om lag 1 % i dei skandinaviske landa. Ingen marine område i nord er til no gitt vernestatus, og i Russland er berre 2-3 % av dei arktiske landområda verna.
F. Verne helse, miljø og næringsverksemd i nord mot radioaktiv ureining.	- Utslepp frå radioaktive kjelder og førekomsten av radioaktiv ureining i naturmiljøet.	Målingar av radioaktivitet i fisk og havvatn i Barentshavet viser låge verdiar, i storleiksorden 10 gonger lågare enn i Skagerak/Kattegat. Det er gjennomført risikovurdering av faren for utslepp ma frå dumpa radioaktivt avfall, og overvakingsprogram er under førebuing.
G. Verne villmarkskarakteren og det biologiske mangfaldet i Antarktis.	- Omfanget av aktivitet og miljøskadar, bestands-utvikling og fangst rapportert gjennom internasjonale samarbeidsorgan.	I praksis er Antarktis freda som ein naturpark for ein periode på minst 50 år.
H. Svalbard skal framstå som eit av dei best forvalta villmarksområda i verda.	- Omfanget av «uberørt» arktisk natur blir oppretthalde over tid. - Områdevernet sin representativitet, og vernestatus for biologisk viktige landområde.	I hovudsak intakt som villmarksområde og 50 % av landområda er verna. På Svalbard har det vore ein auke i nesten alle dyrebestandar som tidlegare gjekk kraftig tilbake. Fleire arter må likevel framleis sjåast på som truga og mange arter ligg vesentleg under normalbestanden.
I. Styrkje norsk forskning i polarområda og i Barentsregionen gjennom faglege prioriteringar og økonomiske og organisatoriske tiltak.	- Kontinuitet, kvalitet og kvantitet for forskninga. Polarforskninga sin del av dei samla FoU-midlane.	Auka økonomisk innsats. Prioritert satsingsområde i NFR. Nye forsknings-program er igangsett i regi av NFR. Auka satsing på Svalbard. Polaria og Polarmiljø-senteret vart opna i 1998.

Multilateralt samarbeid J. Arbeide for at EØS-reglar på miljøvernområdet tek omsyn til norsk vernenivå og norske naturtilhøve.	- Evaluering av norske miljøvernreglar som må endrast som følgje av EØS-vedtak.	Implementering av EØS-reglar har i nokre tilfelle ført til ei skjerping av norske miljøvernreglar. Noreg har ikkje endra nasjonale reglar der vi har strengare regelverk enn EU.
K. Bruke det nordiske samarbeidet som kanal for å påverke vedtak i EU og løyse problem i nærområda til Norden, samordne innspel til internasjonale prosessar, og løyse saker av felles nordisk interesse.	- Status og resultat for det nordiske miljøvern-samarbeidet blir rapportert årleg i St meld nr 30, Nordisk samarbeid.	Utstrekt formell og uformell kontakt med andre nordiske land i.s.m. inter-nasjonale prosessar. Teke initiativ til tverrsektorielt arbeid om berekraftig utvikling og sysselsetjing.
L. Arbeide for at rammevilkår for handel og miljø innanfor WTO medverkar til ei berekraftig utvikling, og at miljøkonsekvensar blir analysert for dei sektorar som blir vidare liberalisert.	- Oppfølging av tilrådingar frå arbeidet i WTO-komiteen med handel og miljø, og oppfølging av komande forhandlingsresultat.	Har sett i gang eit analytisk arbeid for å kartleggje korleis miljøomsyn bør integrerast i komande forhandlinger.
M. Medverke til at OECD integrerer miljøomsyn i sitt arbeid og utarbeider analysar og retningslinjer som kan fremje ei berekraftig utvikling.	- Oppfølging av tilrådingane frå miljøvernministermøtet i 1998.	Arbeidet med ein strategi for OECDs arbeid med berekraftig utvikling har starta. Miljøkomiteen skal involverast i dette arbeidet.
N. Vidareutvikle det regionale samarbeidet innanfor «Environment for Europe»-prosessen, der det er venta at fokus i aukande grad blir retta mot dei tidlegare sovjetrepublikkane.	- Oppfølging av tilrådingane frå Århus-konferansen i 1998.	Arbeidet med ratifikasjon og implementering i norsk rett av rettsinstrument, som vart underteikna på Århus-konferansen, er starta. Auka vektlegging på dei tidlegare sovjetrepublikkane vart understreka på Århus-konferansen.
O. Utvikle UNEP til eit effektivt instrument for viktige globale miljømålsetjingar.	- Medverke til betre koordinering av internasjonalt miljøvernarbeid, og til å leggje til rette for å inngå og styrke implementeringa av internasjonale konvensjonar.	Delteke i FN si spesialgruppe for å vurdere organiseringa av FN-arbeidet med miljø- og busetjingsspørsmål. Rapporten frå gruppa blir behandla av Generalforsamlinga i FN hausten 1998.
P. Utvikle CSD til eit effektivt instrument for ei berekraftig utvikling internasjonalt.	- Igangsette politiske prosessar på grunnlag av CSDs arbeidsprogram, som vektlegg konkret oppfølging av berekraftig produksjon og forbruk.	Industri, inklusive reinare produksjon, handsama i 1998. Samarbeid med fagforeiningar og forbrukarorganisasjonar etablert innanfor ramma av CSD. Berekraftig forbruk blir behandla i 1999, og er ma førebudd ved eit eige internasjonalt seminar i Kabelvåg i juli 1998.
Q. Sikre at GEF medverkar til ei berekraftig utvikling og effektiv oppfølging av internasjonale miljøkonvensjonar.	- Grad av styrking av arbeidet med klima, biologisk mangfald, internasjonale vatnspørsmål og ozon.	GEF-regelverket for samarbeid med miljøkonvensjonane ferdigstilt og fondet påfylt våren 1998.

Samarbeid med u-land

I 1999 vil vi leggje særleg vekt på å støtte opp om dei globale miljøavtalene, arbeidet med å fase ut miljøgifter og på å fremje meir berekraftig produksjon og forbruk.

Det blir også lagt vekt på at vedkomande land er ein sentral aktør innan internasjonale forhandlingar og/eller at landet er prioritert i bistandspolitikken.

Samarbeid med Sentral- og Aust-Europa

Noreg har hatt suksess med overføring av kompetanse innan reinare produksjon til fleire aust-europeiske land. Leiande ingeniørar får opplæring i og gjennomfører miljøanalysar av eigne verksemder under vegleiing av norske rådgjevarar. Målsetjinga er at dei land som har inngått i Reinare produksjon-programmet skal vidareføre dette på eiga hand.

I 1998 er samarbeid innan kulturminnevern starta med estiske og latviske styresmakter. Innan vatn- og avløpssektoren blir vidareført prosjekt der målsetjinga er overføring av kompetanse og organisasjonsutvikling.

Nord- og polarområda

I det bilaterale miljøvernsamarbeidet med Russland blir det fokusert på kunnskapsutvikling og prosjektsamarbeid innanfor områda ureining frå landbaserte kjelder, herunder miljøgifter som PCB, havmiljø, radioaktiv stråling, biomangfald og naturvern, og vern av kulturminne. Programmet om reinare produksjon med opplæring av russiske ingeniørar held fram og hjelp til å betre oljevernberedskapen er planlagt trappa opp etter ønskje frå russisk side.

I tråd med handlingsprogrammet, som er vedteke av miljøvernministrane i Barentsrådet, har Noreg i samarbeid med ma Verdsbanken igangsett eit program for å styrkje russisk miljøvernkompetanse. Programmet er iverksett i Murmansk fylke. Seinare vil Den karelske republikk og Arkhangelsk fylke bli trekt med.

Barents-samarbeidet er også godt utbygt på regionalt nivå, og Barents Regionråd har ma vedteke at programmet skal vere grunnlaget for det regionale miljøvernsamarbeidet i tida framover. Rådet har også starta å utforme eit program for lokal Agenda 21 i regionen.

Samarbeidet under Arktisk Råd omfattar ma arbeid mot ureining, beredskap mot miljøuhell, naturvern og naturforvaltning. Konklusjonane i AMAP-rapporten (Artic Monitoring Assessment Programme), som vart lagt fram i 1997, vil bli følgde opp ma gjennom ein handlingsplan for å hindre ureining av det marine miljøet i Arktis, og eit internasjonalt samarbeidsprosjekt for kartlegging og utfasing av PCB i Russland.

For å styrkje miljøvernforvaltninga, er det ma under utarbeiding ei ny miljøvernlov for Svalbard, ein plan for å opprette fleire verneområde, eit program for miljøovervaking og ein samla miljøforvaltningsplan for Svalbard.

Det er utarbeida statusbeskriving for naturmiljøet på Bjørnøya og Jan Mayen, og evaluering av verneverdiar på Svalbard vil bli fullført i 1999. Det er også under utarbeiding bestandsstatus for dei mest interessante dyreartene.

Klimautviklinga i Arktis blir følgd gjennom langsiktige måleprogram som overvakar dei mest sentrale klimaparametera.

Multilateralt samarbeid

Innan EØS har Noreg framleis overgangsordningar på enkelte felt innanfor kjemikalielovgjevinga, der nasjonalt regelverk er strengare. Situasjonen skal vurderast på nytt innan 1999.

Noreg gjekk inn i styret for UNEP 1.1.98. Ein stor del av aktiviteten i høve til UNEP har i 1998 knytt seg til eksekutivdirektørskiftet og reform av UNEP innanfor ramma av den breiare reformprosessen i FN. Det er i 1998 halde eit ekstraordinært styremøte og to møte i den underliggjande høgnivågruppa der ma spørsmål knytt til organisasjon og oppgåver for UNEP har stått sentralt.

Ei anna sentral oppgåve for norske miljøvernstyresmakter har vort deltakinga til miljøvernministeren i ei spesialgruppe nedsett av FNs generalsekretær for å vurdere ei betre koordinering og organisering av FN-arbeidet med miljø- og busetjingspørsmål.

Norske miljøstyresmakter medverka aktivt til førebuingar og forhandlingar under 6. sesjon i FN-kommisjonen for berekraftig utvikling (CSD), som produserte eit sluttdokument med vekt på ferskvatn og industri.

WTO førebur no eit multilateralt forhandlingsgrunnlag om handel og miljø før dei forhandlingar som vil skje i WTO rundt år 2000. Desse forhandlingene vil omfatte emne som er viktige for miljøet. Dette gjeld særleg jordbruksektoren, visse tenestesektorar og immaterielle rettar (patentering av levande organismar). Noreg vil arbeide for at miljøkonsekvensane av vidare liberalisering på dei sektorar som det blir forhandla om blir

grundig vurdert, for at miljøomsyn blir effektivt integrert i forhandlingane, og for at miljø kjem opp som eige forhandlingstema.

OECD har dei siste par år arbeida for å styrkje den tverrfaglege miljøintegreringa i organisasjonen. Noreg har, ma gjennom sitt formannsverv i Miljøkomiteen, gitt viktige bidrag i denne prosessen. Våren 1998 slutta både miljøvern-, finans- og utanriksminstrane seg til at berekraftig utvikling skal vere eit hovudmålsetjing for organisasjonen. Eit arbeidsprogram for miljøintegrering er igangsett.

Arbeidet innanfor «Environment for Europe» føregår i ein brei samarbeidsprosess som involverer ECE-landa, internasjonale organisasjonar (særleg OECD, Europakommisjonen, ECE, UNEP, WHO og Europarådet), internasjonale finansieringsinstitusjonar (særleg EBRD, NEFCO og Verdsbanken) og ikkje-statlege organisasjonar. Det blir lagt vekt på å styrkje eksisterande konvensjonssamarbeid, utarbeide nye konvensjonar og protokollar, styrkje miljøvernforvaltninga og finansiering av miljøvernprosjekt i dei aust-europeiske landa, og å styrkje offentleg deltaking i avgjerdsprosessar som kan påverke miljøet. Eit miljøvernministermøte for dei 55 ECE-medlemslanda vart halde i Århus, Danmark, i juni 1998, der det særleg vart lagt vekt på miljøvernproblema i NIS-landa (tidlegare republikkar i Sovjetunionen). I Århus vart det vidare underteikna ein ny konvensjon om tilgang til miljøinformasjon, allmenn deltaking i avgjerdsprosessar og tilgang til rettsmiddel i saker vedrørande miljø. Dessutan vart det underteikna to protokollar til konvensjonen om langtransportert grenseoverskridande luftureining, ein om tungmetall og ein om vanskeleg nedbrytbare organiske sambindingar.

I det nordiske miljøvernsamarbeidet har Noreg i 1998 lagt vekt på å følgje opp og vidareføre initiativ frå den norske formannskapsperioden i 1997. Dette gjeld spesielt arbeidet med berekraftig produksjon og forbruk, integrering av miljøomsyn i sektorsamarbeidet, og løysing av miljøproblema i nærområda til Norden og Arktis. I 1998 er det teke initiativ til at tverrsektorielt arbeid med berekraftig utvikling og sysselsetjing skal vere hovudprioriteringar i Nordisk Ministerråd.

2.8.4 Verkemiddel og samarbeid med andre aktørar

Samarbeid med utviklingsland

Gjennom St meld nr 19 (1995-96) En verden i endring vart det mellom anna oppretta eit nytt program for utvida samarbeid retta mot miljøproblem. Utanriksdepartementet/Norad og Miljøverndepartementet har i høve til prinsippa i meldinga utarbeida ein heilskapleg strategi for miljøretta bistand. Strategien vart sluttført i april 1997, og samarbeidet blir vidareført ma i kontaktutvalet mellom Utanriksdepartementet, Norad og Miljøverndepartementet og i ei referansegruppe for vidareføring av miljøprosjektet i Norad. Kompetansen innan miljøvernforvaltninga vil bli brukt systematisk i gjennomføringa av strategien, ma når det gjeld oppbygginga av institusjonar for forvaltningssystem innan miljøvern i utviklingsland.

Bilaterale miljøvernavtaler medverkar til å etablere miljøpolitisk dialog og institusjonelt samarbeid som kan styrkje miljøforvaltninga i samarbeidslandet. Det vil bli vurdert om det er føremålstenleg å inngå nye samarbeidsavtaler.

Miljøvernsamarbeidet med Indonesia har pågått sidan 1990 og hausten 1995 vart eit nytt arbeidsprogram utarbeida. Tredje arbeidsprogram er venta fullført hausten 1999. Samarbeidet omfattar prosjekt innan kystsoneforvaltning, biodiversitet, utvikling av institusjonar og forvaltning av naturressursar.

Første 2-årige arbeidsprogram med Kina vart utarbeida i 1996 og underteikna i 1997. Det blir samarbeida nært med Norad m.o.t. programinnhald og -gjennomføring. Nytt arbeidsprogram vart utvikla hausten 1998 og blir venteleg underteikna i mars 1999. Sidan 1996 har det vore ein eigen miljøråd ved ambassaden i Beijing. Miljørådene er sentral i vidareutviklinga av det bilaterale miljøvernsamarbeidet med Kina. Tilsvarande har ein stor nytte av å ha plassert ein miljøråd ved ambassaden i Nairobi.

Miljøvernavtala med Sør-Afrika vart inngått vinteren 1996. Eit 3-årig arbeidsprogram er no under gjennomføring. Arbeidsprogrammet femner ma kulturminnevern, klima og energi, biologisk mangfald og utarbeiding av miljøstatusrapportar. Riksantikvaren er programkoordinator for miljøsamarbeidet på norsk side.

Samarbeid med Sentral- og Aust-Europa

Miljøvernsamarbeid med land i Aust-Europa skjer i nært samarbeid med Utanriksdepartementet. Hovuddelen av løyvingane går over regjeringa sitt samarbeidsprogram med Sentral- og Aust-Europa på Utanriksdepartementet sitt budsjett.

Andre verkemiddel for miljøvernsamarbeidet med land i Aust-Europa er internasjonale finansinstitusjonar som Det nordiske miljøfinansieringsselskapet (NEFCO), Nordisk

Investeringsbank (NIB), Den europeiske bank for gjenoppbygging og utvikling (EBRD) og Verdsbanken.

Gjennomføringa av tilrådingane frå miljøvernministermøtet under «Environment for Europe»-prosessen i Århus i 1998, vil få prioritet i 1999. Nordisk Råd oppretta i 1995 eit nordisk fond for gåvefinansiering av miljøvernprosjekt (Det nordiske miljøutviklingsfondet, tidlegare mjukgjeringsfasiliteten). Ordninga er administrert av NEFCO. Ei evaluering av prøveperioden 1996-1998 for ordninga låg føre i starten av 1998. Denne konkluderer med ei tilråding til Nordisk Ministerråd om at ordninga bør videreførast i perioden 1999-2003.

Det er no også oppretta ei miljølåneordning i NIB på 100 mill. ECU. Høvet for NIB til å gi lån til miljøprosjekt i Norden sine nærområde er difor betra. I tilknyting til ordninga blir det stilt ein 100 % garanti med tilhøyrande tapsfond (som blir bygd opp over 3 år) finansiert av dei nordiske landa. Verkeområda vil vere Polen, Estland, Latvia, Litauen og Nordvest-Russland. Prioritet skal gjevast til Nordvest-Russland, Litauen og Latvia. Ordninga er meint å finansiere miljøvernprosjekt der låntakar etter nærare fastsette vilkår kan tilbakebetale lånet til NIB.

Nord- og polarområda

Den bilaterale miljøvernavtala mellom Noreg og Russland av 1992 er i dag utvikla til å omfatte russisk del av Barentsregionen og i nokon grad russisk del av Østersjøregionen. Miljøvernsamarbeidet føregår i Den blanda norsk-russiske miljøvernkommisjon som er leia på politisk nivå av Miljøverndepartementet og Statskomiteen for miljøvern i Russland. Det bilaterale miljøvernsamarbeidet med Russland er no reorganisert og vidareutvikla slik at det i tillegg til ei atomekspertgruppe er etablert faste arbeidsgrupper der alle dei ytre etatane i departementet deltek saman med tilsvarande styresmakter sentralt og lokalt i Russland.

Andre viktige aktørar i tillegg er dei andre arktiske statane gjennom samarbeidet i ma Arktisk råd, og deltakarane i Barents-samarbeidet. Vidare vil samarbeidet innanfor internasjonale konvensjonar og miljøvernavtaler vere sentralt. På enkelte område vil IAEA, EU og USA bli spesielt viktige samarbeidspartnarar, men også finansieringsinstitusjonar som NEFCO, NIB og Verdsbanken.

Når det gjeld arbeidet i Barentsregionen, herunder arbeidet med radioaktiv ureining, vil ei rekkje andre departement og etatar vere sentrale aktørar i tillegg til Miljøverndepartementet, som Utanriksdepartementet, Forsvarsdepartementet, Fiskeridepartementet og Sosial- og helsedepartementet. Det er vidare også eit mål å få til engasjement frå EU-fondet for teknisk assistanse til landa i tidlegare Sovjetunionen (TACIS) og for samarbeid i grenseområda (Interreg) til prosjekt i russisk del av Barents-regionen.

Det vesentlege av midlane til gjennomføring av prosjekt under miljøvernsamarbeidet med Russland blir dekt over Utanriksdepartementet sitt kap. 0197 Bistand til ikkje ODA-godkjende land og internasjonale miljøtiltak.

Miljøvernsamarbeidet i Arktis (AEPS) er frå 1997 integrert i Arktisk Råd. Arktisk Råd/AEPS vil vere eit viktig verkemiddel for både å løyse eksisterande internasjonale miljø-problem i Arktis og for å hindre framtidige miljøproblem som følgje av ny økonomisk aktivitet i området.

Multilateralt samarbeid

Gjennom norsk tilslutning til EØS-avtala fekk vi nye rammevilkår for vårt nasjonale og internasjonale miljøarbeid. Miljøverndepartementet gir økonomisk støtte til utgreiingar og seminar som medverkar til å auke vårt kunnskapsnivå om arbeidet med miljøvernspørsmål i EU. Det gjeld ma konsekvensar for Noreg av den siste EU-konferansen om traktatendring, dei pågåande forhandlingane om utvidingar, nye miljøprogram, høve til påverknad mv.

Under Det Europeiske Miljøvernbyrået (EEA) er det for dei ulike delområda innan miljøvern bli etablert europeiske temasenter. Frå norsk side vil NILU, NIVA, NINA-NIKU og Havforskningsinstituttet vere involvert. SFT er utpeika av Miljøverndepartementet til å vere nasjonalt kontaktpunkt for EEA-arbeidet.

For omtale av dei nordiske finansieringsordningane, jf. omtalen av Samarbeidet med Sentral- og Aust-Europa.

Miljøverndepartementet gir økonomisk støtte til internasjonale prosessar som aukar kunnskapen om og forståinga av problemstillingar relatert til handel og miljø og til prosjekt som ser på miljøkonsekvensane av vidare handelsliberalisering.

Innanfor OECD-samarbeidet har det vore aktuelt å finansiere prosjekt som fremjar norske interesser på område som klima, berekraftig forbruk og produksjon og reinare produksjon.

Innanfor ECE-samarbeidet har Noreg, i tillegg til sur nedbør-samarbeidet, særleg medverka til finansiering av eit program for miljøeksaminasjonar av austeuropeiske land. Programmet viser seg å vere eit eigna verkemiddel for å styrkje miljøvernforvaltninga i

desse landa. Med same føremål har vi vidare lagt særleg vekt på forhandlingane om ein konvensjon om tilgang til miljøinformasjon og offentleg deltaking i miljørelaterte avgjerdsprosessar (nemnt ovanfor), som har sitt utgangspunkt i Bergens-konferansen i 1990.

Når det gjeld globale spørsmål har Noreg gjennom fleire år arbeida med å få til internasjonal semje om eit minimumsnivå for det nasjonale miljøregelverket i alle land. Dette arbeidet føregår i mange ulike fora ut frå kva type problem som blir handsama, men felles for alle sakene er den sterke koplinga til globale økonomiske og politiske tilhøve og frykta for konkurransevridning og handelspolitiske følgjer av miljøkrav. Det er difor naudsynt å handsame miljø- og utviklingsspørsmål i samanheng og å koordinere arbeidet mellom internasjonale konvensjonar og organisasjonar.

Koordinering må i første rekkje skje ved at medlemslanda har felles syn på samanhengen mellom oppgåvene og dei måla ein vil nå.

For å føre dei vanskelege drøftingane om utviklingslanda si tilslutning til miljøkrav over i eit meir positivt spor har Noreg gjennomført ein serie internasjonale møte om meir berekraftige produksjons- og forbruksmønster, for å kople drøfting av miljøpolitisk reform og verdiskaping saman med mobilisering av næringsliv og forbrukarinteresser.

2.9 RESULTATOMRÅDE 9: REGIONAL PLANLEGGING

Resultatområdet omfattar kommunal, fylkeskommunal og statleg planlegging etter plan- og bygningslova. Nasjonale interesser og rikspolitiske retningslinjer blir lagt vekt på. Avgjerder om bruk og vern av areal etter plan- og bygningslova og konsekvensutgreiingar for store tiltak står sentralt. I tillegg omfattar resultatområdet utvikling av miljøkonsekvensvurderingar knytt til planar og program, modellar og verkemiddel for planlegging i tettstader, byar og byregionar, og samordna areal- og transportplanlegging. Resultatområdet må sjåast i samanheng med resultatområde 1 (Vern og bruk av biologisk mangfald), 2 (Friluftsliv), og 3 (Kulturminne og kulturmiljø).

2.9.1 Tilstandsbeskriving

Kravet om ei berekraftig utvikling, effektiv næringsutvikling, demokrati og betre samordning av samfunnsstyringa, forsterkar kravet til kommuneplanen som strategisk plan for utvikling av kommunen. Dette gjeld dei tema planane bør ta opp og korleis planleggingsprosessen blir driven. Kunnskapsutviklinga og endra føresetnader og retningslinjer for den kommunale planlegginga gjer at mange kommuneplanar i dag er forelda og bør reviderast. Det er viktig å få langsiktig førebyggjande miljøvernarbeid inn i den kommunale og regionale planlegginga. Dette skjer ma gjennom ei satsing på Agenda 21 lokalt og regionalt (LA 21). Dette byggjer vidare på reforma Miljøvern i kommunane (MIK). I samarbeid med Kommunenes sentralforbund (KS) er det oppretta regionale LA 21-knutepunkt som skal dekkje heile landet. Dei regionale knutepunkta skal ha ei formidlingsrolle og kople saman viktige aktørar som fylkeskommunen, dei regionale ledda i KS, fylkesmannen, kommunane, ulike organisasjonar, regionale næringslivsaktørar og andre fagmiljø. Føremålet er å utvikle arenaer for informasjonsspreiing, samarbeid, utveksling av erfaring og læring i LA 21-arbeidet i fylka. Innanfor LA 21-satsinga til departementet og kopla til det arbeidet som blir gjort innan by- og tettstadutvikling vil det bli igangsett eit forprosjekt på tema "funksjonelle og attraktive tettsteder i distriktene". Dette er ein delstrategi for å motverke fråflytting og stimulere tilflytting til distrikta. Arbeidet skal skje i samarbeid med Kommunal- og regionaldepartementet, Barne- og familiedepartementet og Kulturdepartementet.

Kommuneplanen sin arealdel er ein langsiktig plan for utvikling av arealbruken i kommunen. Planen gir rettsverknad i høve til grunneigarar, offentlege styresmakter og andre. Det er eit behov for å få meir kunnskap om utviklinga av arealbruken i Noreg. Som eit ledd i dette er det ma sett i verk eit program for arealdokumentasjon på fylkesnivå (AREALIS), som arbeider med å tilretteleggje ein digital kunnskapsbase om arealverdiar. I dei seinare år er det lagt vekt på å betre det forsknings- og erfaringsbaserte kunnskapsgrunnlaget om utforming og praktisering av plansystemet. Spesielt blir vegleiing og opplæring i høve til kommunar, fylkeskommunar og statlege regionale etatar i bruk av arealvedtektene i plan- og bygningslova prioritert. Det er fokusert spesielt på å førebyggje dispensasjonar og klager. Auka kunnskap bør redusere behovet for å bruke ressursar på handsaming av protestar mot og klager på planar. Større innsats kan dermed brukast til medverknad og konfliktavklaring i planprosessen. Det er starta eit prøveprosjekt i Akershus der fylkeskommunen får delegert mynde til å avgjere motsegnsaker. Forsøket går ut på å sjå om dette vil styrkje fylkeskommunen som regionalpolitisk organ og om handsaminga av protestar kan bli effektivisert. Det er også igangsett eit 4-årig prosjekt for å styrkje interessene til funksjonshemma i planlegginga.

To rundskriv er sendt ut for å gi føringar og rammer for arbeidet med fylkesplanlegging for neste periode. Erfaringar viser at dei fleste kommunar gjer eit seriøst planarbeid på arealsida, men det er likevel ikkje sikkert at summen av politikken i enkeltkommunane skaper det mest føremålstenlege utbyggingsmønsteret når ein ser større område i samanheng. Det er difor viktig at det blir lagt vekt på ein aktiv bruk av fylkesdelplanar og regionale retningslinjer som verkemiddel for å samordne og styre bruken av areal og naturressursar over kommunegrenser.

Det er lagt til grunn at plan- og bygningslova i hovudsak fungerer etter føremålet. Samstundes må lova sikre at det er eit lovgrunnlag for planlegginga som kan fange opp og handtere utviklings- og endringstakten i samfunnet. Særleg viktig for effektiviteten er godt og lett tilgjengeleg kunnskapsgrunnlag, gode prosessar og klåre spelereglar for medverknad og deltaking frå private og offentlege aktørar.

Riksrevisjonen si avdeling for forvaltningsrevisjon undersøkte i 1997 føresegnene om konsekvensutgreiingar etter Plan- og bygningslova. Rapporten, som byggjer på undersøking av 5 tiltak som har gjennomgått konsekvensutgreiingar, konkluderer med at konsekvensutgreiingar fører til:

– grundigare planlegging
– endringar av gjennomføring og utforming for å oppnå miljøforbetringar
– klårare fokus på miljø, meir engasjement hos dei involverte

Riksrevisjonen påpeikar også at det er uvisse rundt ansvaret for oppfølging av konsekvensutgreiingar. Arbeid med denne problemstillinga er igangsett.

9.2 Strategiske mål

Den regionale planlegginga skal medverke til utvikling av eit samfunn som ivaretek viktige felles verdiar og grunnleggjande levekår for ulike grupper innan dei rammer som ei berekraftig utvikling set. Det strategiske målet er nedfelt i St meld nr 29 (1996-97) Regional planlegging og arealpolitikk.

2.9.3 Status for arbeidet og venta resultat

Resultatmåltabell for resultatområde 9 Regional planlegging:

Nasjonale resultatmål:	**Resultatindikatorar:**	**Status:**
A. Planlegginga i kommunane skal samordne den fysiske, økonomiske, sosiale, estetiske og kulturelle utvikling innanfor kommunen sitt område. Denne planlegginga skal leggje til rette for ei berekraftig utvikling og byggje på dei prinsipp som er nedfelt i LA 21.	- Kommunar med vedteken kommuneplan i siste kommuneval-periode. - Kommunar som arbeider etter prinsippa i LA 21, ved revisjon av kommuneplanen og gjennom utviklings-prosjekt på prioriterte tema.	Opplegg for løpande registrering er utarbeida. Meir enn 50 kommunar har gjennom politisk fatta vedtak slutta seg til prinsippa i Fredrikstad-erklæringa om lokal Agenda 21.
B. Fylkesplanlegging skal samordne staten, fylka og hovudtrekka i kommunane si fysiske, økonomiske, sosiale og kulturelle verksemd retta inn mot regional utvikling. Denne planlegginga skal leggje til rette for ei berekraftig utvikling og byggje på dei prinsipp som er nedfelt i LA 21.	- Deltaking frå statlege regionale etatar og kommunane i planlegging og oppfølging. - Fylke som arbeider etter prinsippa i Agenda 21 i eiga verksemd, i fylkes-planlegginga og gjennom vegleiing i høve til kommunane.	Rundskriv om nasjonale mål og interesser i fylkesplan-legginga T2/98 er ferdigstilt. Rundskriv om deltakinga til statlege regionale etater i fylkesplanlegginga T3/98 er ferdigstilt. 3 fylkeskommunar har slutta seg til Fredrikstad-erklæringa. 6 fylkeskommunar har planar om å utarbeide eigen Agenda 21.
C. Kommunal arealplanlegging skal skje innan ramma for nasjonal politikk, slik den kjem til uttrykk i St.meld nr 29 (1996-97) Regional planlegging og arealpolitikk med særleg vekt på rikspolitiske retningslinjer.	- Arealbruksutviklinga lokalt. - Talet på kommunar som har teke i bruk AREALIS. - Talet på fylke og kom-munar som arbeider med forsøk med funksjons-hemma sin medverknad i planlegginga.	Det er igangsett program for arealdokumentasjon. I oppstartfylket Vestfold er 6 kommunar i gang. 5 fylke er i gang. 50 kommunar er i gang.

D. Fylkesplanlegginga skal samordne og styre bruk og vern av areal og naturressursar over kommunegrensene.	- Arealbruksutviklinga regionalt.	Alle fylke vil i løpet av 1998 vere i gang med fylkesvise arealinformasjonssystem. Det er laga fleire fylkesdelplanar der arealbruken står sentralt. Sjå nærare omtale under programkategori 12.50, res.omr. 9.
E. Plan- og bygningslova skal vere eit effektivt verktøy for samordning mellom sektorar og forvaltningsnivå underlagt folkevalt styring.	- Relevante avgjerder og rett bruk på alle forvaltningsnivå og innanfor alle sektorar.	Det er nedsett eit planlovutval som skal vurdere behovet for endringar av føresegnene.
F. Alle viktige vedtak etter plan- og bygningslova skal baserast på kunnskap om konsekvensar for miljø og samfunn.	- Kunnskap om konsekvensar for miljø og samfunn skal utgjere premissar for vedtak.	Evaluering frå Riksrevisjonen konkluderer med at konsekvensutgreiingar gir: - grundigare planlegging - endringar av gjennomføring og utforming for å oppnå miljøforbetringar - klårare fokus på miljø, meir engasjement hos involvert. Det blir arbeida med korleis ein kan sikre oppfølging av konsekvensutgreiinga.

2.9.4 Verkemiddel og samarbeid med andre aktørar

Regional planlegging føreset samordning av den offentlege innsatsen mellom forvaltningsnivå, sektorar og næringar. Behovet for slik planlegging er spesielt tydeleg når utfordringar i samfunnsutviklinga krev at tiltaka blir sette inn i ein annan sektor enn den som vil ha mest nytte av tiltaket.

A. Resultatansvaret for kommuneplanlegginga ligg i den enkelte kommune. I samband med arbeidet med å vidareutvikle kommuneplanen som verktøy for utvikling av kommunen som samfunn, er Kommunal- og regionaldepartementet og Kommunenes sentralforbund viktige samarbeidspartnarar for Miljøverndepartementet.

B. Resultatansvaret for fylkesplanlegginga ligg hos den enkelte fylkeskommune. Statlege regionale etatar er, saman med kommunane, viktige aktørar både i planlegging og gjennomføring. Utviklingsarbeidet tilknytt fylkesplanlegginga som verktøy for regional samordning og utvikling skjer no i samarbeid mellom fleire departement.

C. Resultatansvaret for den kommunale arealplanlegginga ligg hos den enkelte kommune, mens fylkeskommunen og statlege regionale etatar har ansvaret for å formidle nasjonale og regionale mål tidleg inn i planprosessane. Integrering av berekraftperspektivet i kommunal planlegging krev samarbeid på tvers av departement. Fylkeskommunen har vegleiingsplikt. Fylkesmannen og Miljøverndepartementet er tilsynsstyresmakt.

D. Resultatansvaret for overordna arealplanlegging ligg hos den enkelte fylkeskommune. Arealplanlegginga til fylkeskommunen bør avgrense seg til arealspørsmål som ikkje kan avklårast av den enkelte kommune, som td store samanhengande naturområde, store infrastrukturtiltak, hovudtrekk i utbyggingsmønsteret, herunder store lokaliseringar, ma utbygging av kjøpesenter med regionale verknader. Denne type utfordringar krev eit breitt samarbeid på tvers av sektorar, forvaltningsnivå og med ulike brukarinteresser. Det er føresetnaden at statlege etatar på regionalt nivå deltek aktivt. Dette gjeld særleg Statens vegvesen og fylkesmannen si landbruks- og miljøvernavdeling.

E. Effektiv praktisering av plan- og bygningslova krev kapasitet og kompetanse på alle forvaltningsnivå. Føresetnaden er også god samordning mellom plan- og bygningslova og anna lovverk som vedkjem arealbruk. Det er også viktig at ulike høyrings- og klageinstansar har tilstrekkeleg ressursar, slik at desse ikkje blir eit seinkande ledd i planprosessane.

F. Etter dei nye forskriftene om konsekvensutgreiingar, iverksett 1. juli 1997, ligg ansvaret for at konsekvensane for miljø og samfunn blir utgreidd hos ansvarleg styresmakt, som etter forskrifta kan vere kommune, fylkeskommune eller ansvarleg departement. Tiltakshavar er ansvarleg for å utarbeide konsekvensutgreiing.

2.10 RESULTATOMRÅDE 10: KART OG GEODATA

Resultatområdet omfattar etablering og forvaltning av geografisk basisinformasjon, dvs. kart og elektronisk baserte tenester som tilfredsstiller *felles* behov i ulike brukargrupper for geografisk informasjon og fastlegging av posisjon (landet sin geografiske informasjons-infrastruktur).

Dette omfattar også standarder, regelverk og fagleg samarbeid og samordning med andre land på området, forhandlingar om internasjonale avtaler og oppfølging av desse, stimulering av norsk næringsutvikling innanfor geografisk informasjonsteknologi (GIT), forskning og utvikling, og sikring av historisk geografisk informasjon.

Resultatområdet må sjåast i samanheng med resultatområda 1 (Vern og bruk av biologisk mangfald), 2 (Friluftsliv), 3 (Kulturminne og kulturmiljø), 4 (Ureining av hav og vatn), 8 (Internasjonalt miljøvernsamarbeid, bistand, nord og polarområda), og 9 (Regional planlegging). Kartlegging av polare landområde høyrer til resultatområde 8.

2.10.1 Tilstandsbeskriving

Kart og annan geografisk informasjon er naudsynte hjelpemiddel for planlegging, drift og som avgjerdstøtte i mange sektorar i samfunnet. Det gjeld ma for næringsutvikling og byggjeverksemd, miljø- og ressursforvaltning, offentleg planlegging og utbygging, suverenitetshevding og beredskap, og for dokumentasjon av eigedomstilhøve. Gode kart og posisjonsdata er naudsynt for sikker ferdsle på land, i sjø, og i lufta.

Geografisk informasjon står sentralt for offentleg forvaltning. Undersøkingar har td vist at minst halvparten av aktivitetane innanfor kommunal forvaltning krev tilgang til geografisk informasjon.

Profesjonelle kartbrukarar har i aukande grad behov for kart i digital (edb-leseleg) form, som td elektroniske sjøkart til skipsfarten. Etablering av databasar og produksjon av kart i digital form har lenge vore den store utfordringa, og vil bli det i fleire år framover. Krava til kvalitetsheving og raskare ajourføring aukar når brukarane no går over til datastøtta planleggings- og avgjerdssystem.

Med tilgang til kart og geografisk informasjon i digital form, kan data utnyttast betre og i fleire samanhengar enn før. Mange ulike brukarar ønskjer å kombinere kartdata med annan informasjon i integrerte brukarsystem, for betre informasjon og meir effektive avgjerdsprosessar.

All privat og offentleg oppmåling, kartlegging og navigasjon føreset eit korrekt geodetisk grunnlag (kartreferanse). Det geodetiske grunnlaget er bygt opp over mange år, og er mange stader ikkje så nøyaktig og påliteleg som kravet er. Grunnlaget er heller ikkje tilpassa bruk av satellittsystem. Nytt landsomfattande overordna grunnlag basert på internasjonal standard (EUREF89) kom på plass i 1997. Det står att eit stort arbeid i kvar enkelt kommune før dette grunnlaget kan takast i bruk i det daglege arbeidet.

Landet er rimeleg godt dekt av tradisjonelle papirkart, men oppdateringa av karta er varierande og i fleire tilfelle ikkje tilfredsstillande, med over 20 år gammal informasjon. Førsteutgåva av økonomisk kartverk står att for nokre kommunar i Nordland, men er under sluttføring. Overgang til digitalt kartgrunnlag er den store utfordringa både for stat og kommunar.

Norskekysten er dekt med papirkart som stort sett fyller krava til sikker navigasjon ut frå vanleg fartsnivå og dei tradisjonelle navigasjonsmetodane. To tredelar av karta langs norskekysten er likevel basert på gamle oppmålingsarbeid, til dels heilt tilbake til førre århundre. Desse målingane tilfredsstiller på langt nær krava frå moderne sjøfart. Karta kan ikkje utan vidare brukast saman med elektroniske navigasjonshjelpemiddel. Det står att å kartleggje tre firedelar av kystområda på Svalbard. Mellombelse elektroniske sjøkart vart tilgjengelege for heile kysten i 1997, med unntak av Sørlandskysten, ved at eksisterande papirkart vart overført til digital form.

Gjennom etableringa av Grunneigedoms-, adresse- og bygningsregisteret (GAB) og Den elektroniske grunnbok og samordninga av de to registera i Eiendomsregisteret (EDR), har landet eit godt system for informasjon om eigedom. GAB-registeret manglar likevel i mange tilfelle tilstrekkeleg kvalitet, særleg når det gjeld bygningar eldre enn 1983.

Offentleg stadfesta informasjon og avgjerdsgrunnlag er i dag spreidd i ulike arkiv og register, og mellom ulike etatar. Det er vanskeleg tilgjengeleg både for planleggjarar, politikarar og publikum. Utveksling av informasjon mellom offentlege etatar ved hjelp av moderne geografisk informasjonshandtering kan føre meir av denne informasjonen saman i eit felles kunnskapsgrunnlag.

Gode geografiske databasar med felles grunnlagsinformasjon og felles temainformasjon om areal- og naturressursar, er viktig for god arealplanlegging. For miljøvernet vil det vere viktig at stadfesta informasjon om naturressursar og kulturminne kan gjerast tilgjengeleg for arealplanleggjarar og utbyggjarar på eit tidleg tidspunkt i planprosessen. Pålitelege, tilrettelagte og allment tilgjengelege register er avgjerande verkemiddel for natur- og kulturminneovervaking og -forvaltning, og som grunnlag for informasjon og formidling.

2.10.2 Strategiske mål

Landet skal ha ein tenleg infrastruktur for geografisk informasjon, herunder eit tilfredsstillande geodetisk grunnlag for kartlegging, oppmåling og satellittbasert stadfesting. Geografiske data skal vere lett tilgjengelege og kunne nyttast effektivt på tvers av sektorar og forvaltningsnivå. Det er viktig å utvikle gode standarder for geodata, både tilpassa internasjonalt samarbeid, nasjonale behov og lokal tilpassing.

I St meld nr 29 (1996-97) Regional planlegging og arealpolitikk, vart det sett fokus på behovet for auka basiskartlegging, og organisering av felles dataforvaltning i kvart fylke.

2.10.3 Status for arbeidet og venta resultat

Resultatmåltabell for resultatområde 10 Kart og geodata

Nasjonale resultatmål	**Resultatindikatorar**	**Status**
A. Etablere satellittilpassa geodetisk grunnlag i alle kommunar i landet.	- Talet på kommunar som har teke i bruk nytt grunnlag for kart og databasar.	- Arbeid har starta i nokre få kommunar. Venta fullføringstidspunkt er usikkert.
B. Etablere og forvalte grunnleggjande geodata i standard digital form.	- Data etablert av kommunar og/eller Statens kartverk i samsvar med felles standard.	- 7 % av arealet i landet er dekkja med FKB-data (FellesKartBase). Venta fullføring 2010.
C. Etablere og forvalte nasjonale kartseriar og register.	- Ma landet sin hovudkartserie for land og sjø, GAB-registeret, m m.	- Sjå kap 3.10.
D. Geografiske data skal vere lett tilgjengelege og kunne nyttast effektivt på tvers av sektorar og forvaltningsnivå.	- Samarbeid om etablering og drift av geodata.	- Lokale geodataprosjekt «Geovekst» i samarbeid med kommunar, tele-, el-, veg- og landbrukssektor. Samarbeidet omfattar 313 kommunar. Samla verdi av pågåande prosjekt er vel 200 mill kr. Dei aller fleste prosjekta gjeld dataetablering.
	- Bruk av aksepterte nasjonale og internasjonale standarder.	- Noreg er aktive i utvikling og bruk av felles standarder. Noreg har formannsvervet og sekretariatet for aktuell teknisk komite i den internasjonale standardiseringsorganisasjonen (ISO).

2.10.4 Verkemiddel og samarbeid med andre aktørar

Ansvaret til Miljøverndepartementet innan resultatområdet blir i hovudsak utøvd av Statens kartverk. I dette inngår ansvaret for regelverk og standardisering på området, det landsomfattande geodetiske grunnlaget, og for digitale primærdatasett for djubder og høgder, vegar, bygningar mv.

Andre statlege etatar med oppgåver innan geografisk informasjonsinnhenting er ma Norsk Polarinstitutt (under Miljøverndepartementet), Norges geologiske undersøkelse (under Næringsdepartementet) og Norsk institutt for jord- og skogkartlegging (under Landbruksdepartementet).

Ansvaret for den geografiske informasjonsinfrastrukturen er i hovudsak delt på kommunane og på Statens kartverk, jf. resultatmål A og B. Kommunane si verksemd er særleg knytt til teknisk kartlegging (målestokk 1:1000) og eigedomsregistrering. Kartverket har eit særleg ansvar for å etablere og forvalte visse nasjonale kartseriar og register, ma hovud-

kartseriane i målestokk 1:50.000 for sjø og land, økonomisk kartverk (målestokk 1:5000) og landet sitt offisielle register for grunneigedoms-, adresse- og bygningsdata (GAB-registeret), jf. resultatmål C.


Når kart og stadfesta informasjon blir forvalta i digital form, er ikkje informasjonen lenger knytt til ein bestemt kartmålestokk. Data samla inn til bruk for eit føremål, td lokalt i ein kommune, kan vere velegna som ajourhaldsdata for landsomfattande kartseriar. For å kunne utnytte innsamla data på tvers av forvaltningsnivåa, blir det stilt krav til samarbeid om felles dataforvaltning spesielt mellom stat og kommune, jf. resultatmål D.

Gjennom «Geovekst», eit avtaleregulert samarbeid om lokale geodataprosjekt, samarbeider Statens kartverk, Statens vegvesen, landbruksavdelinga til fylkesmennene, Telenor, dei fleste energiverka og dei fleste kommunane om etablering, drift og finansiering av eit felles digitalt kartgrunnlag på standardisert form (FKB - Felles Digital KartdataBase).

Figuren nedanfor viser at arbeidet har kome best i gang i sentrumsområde, særleg byområde med høg utnyttingsgrad der etterspørselen og finansieringshøva er størst. Desse områda krev samstundes meir detaljert kartlegging, og er difor også meir kostnadskrevjande. Sjølv om berre 7 % av arealet hittil er dekt med data, tilsvarer dette difor 21 % av dei venta samla kostnadene. Mangelen på data utanfor sentrumsområda er eit særleg problem for miljø- og landbruksforvaltninga.

Departementet arbeider med ei eiga stortingsmelding om norsk kartpolitikk. Ei drøfting av oppgåvefordeling og samordning mellom statlege etatar sentralt og regionalt og kommunane står sentralt i dette arbeidet.

Fig. 2.10.1 Status etablering av grunnleggjande geodata (FKB-standard)



2.11 RESULTATOMRÅDE 11: ORGANISASJON OG ØKONOMI

Det blir vist til omtale under kapittel 3 «Miljøverndepartementet sin mål, verkemiddel og budsjettframlegg» der resultatområde 11 er omtala.

3. MILJØVERNDEPARTEMENTETS MÅL, VIRKEMIDDEL OG BUDSJETTFORSLAG

Miljøverndepartementets regnskap og budsjett fordelt på resultatområder i årene 1997, 1998 og 1999:

Resultatområde	Regnskap 1997	Planlagt 1998, jf. St prp nr 1 (i S III-tall)	Planlagt disponert 1999
1 Vern og bruk av biologisk	472 109	448 348	498 575
2 Friluftsliv	66 396	68 425	74 145
3 Kulturminner og kulturmiljøer	210 020	154 462	157 565
4 Hav- og vannforurensing	331 793	236 915	228 228
5 Helse- og miljøfarlige kjemikalier	109 435	160 362	141 490
6 Avfall og gjenvinning	488 083	329 919	305 241
7 Klimaendringer, luftforurensning og støy	96 818	663 494	265 752
8 Internasjonalt miljøvernsamarbeid, -bistand, nord- og polarområdene	223 371	201 300	192 487
9 Regional planlegging	116 167	107 821	113 943
10 Kart og geodata	294 256	316 896	331 216
11 Organisasjon og økonomi	418 238	416 131	426 162
Sum	2 826 686	2 992 092	2 734 805

Programkategori 12.10 Fellesoppgaver, forskning og administrasjon

Kategoritabell 12.10 Kapitler

(i 1 000 kr)

Kap.	Betegnelse	Regnskap 1997	Vedtatt budsjett 1998	Forslag 1999	Pst. endr. 98/99
1400	Miljøverndepartementet (jf kap. 4400)	114 330	111 610	122 460	9,7
1401	Opplysningsvirksomhet, tilskudd til organisasjoner	27 757	33 186	33 887	2,1
1402	Miljøvern i kommunene	3 620			-0,0
1406	Miljøvernavdelingene ved fylkesmannsembetene (jf kap. 4406)	312 178	266 523	273 627	2,6
1410	Miljøvernforskning (jf kap. 4410)	220 225	231 835	228 835	-1,2
	Sum kategori 12.10	678 110	643 154	658 809	2,4

Kategoritabell 12.10 Postgrupper

(i 1 000 kr)

Post-gruppe	Betegnelse	Regnskap 1997	Vedtatt budsjett 1998	Forslag 1999	Pst. endr. 98/99
01	Driftsutgifter	197 692	280 124	305 109	8,9
11-23	Varer og tjenester	92 507			-0,0
30-49	Nybygg, anlegg m.v.	6 838			-0,0
50-59	Overføringer til andre statsregnskaper	200 225	211 835	188 884	-10,8
60-69	Overføringer til kommuner	3 620			-0,0
70-89	Overføringer til private	177 228	151 195	164 816	9,0
	Sum kategori 12.10 Fellesoppgaver, forskning, administrasjon	678 110	643 154	658 809	2,4

RESULTATOMRÅDE 11: ORGANISASJON OG ØKONOMI

Den statlige miljøvernforvaltningen er delt inn i tre nivåer: departement, direktorat og fylkesmannsembetene. I tillegg er fylkeskommunene tillagt et selvstendig oppfølgings- og resultatansvar innen spesielle deler av kulturminnesektoren.

Miljøvernforvaltningens administrative virksomhet skal tilrettelegge for følgende hovedfunksjoner under resultatområde 1 til 11:

- Sekretariat for politisk ledelse med fokus på de politiske saker og prosesser som retter seg mot regjering og Storting.
- Gjennomføring av miljøvernpolitikken innenfor politisk opptrukne rammer, f.eks gjennomføring av meldinger og handlingsprogrammer.
- Påvirkning og samordning overfor andre offentlige og private organer og arbeid med internasjonale saker.
- Ivaretakelse av forvaltningsoppgaver ved å primært treffe avgjørelser under utøvelse av offentlig myndighet, enten gjennom forskrifter eller enkeltvedtak.
- Styring og oppfølging av underliggende virksomheter, herunder styring av Direktoratet for naturforvaltning, Norsk polarinstitutt, Riksantikvaren, Statens kartverk, Statens forurensingstilsyn, og fylkesmannsembetene hvorav fylkesmannsembetene styres av Direktoratet for naturforvaltning og Statens forurensingstilsyn, samt oppfølging og kontroll av flere stiftelser og aksjeselskaper.
- Forvaltning og oppfølging av ulike tilskuddsordninger.

– Intern administrasjon som hovedsakelig omfatter det interne hjelpe- og serviceapparatet, herunder løpende organisasjons-, ledelses- og kompetanseutvikling, virksomhets-planlegging, drift- og utvikling av IT, personal-, økonomi-, informasjon- og eiendomsforvaltning m.m.

Tilstandsbeskrivelse

Miljøverndepartementet har utviklet en strategi og overordnede plan- og styringsdokumenter for å styre miljøvernforvaltningen på en mer effektiv og målrettet måte. For å sikre en helhetlig organisasjon- og personalforvaltning legges det likevel vekt på å sette i gang analyser og prosesser for i enda større grad å bidra til at oppgaver utføres på riktig måte, til rett tid og på riktig nivå i miljøvernforvaltningen.

Det er etablert en god IT-infrastruktur i miljøvernforvaltningen. Arbeidet med utvikling av IT og ulike styringssystemer vil fortsatt bli prioritert med hensyn til arbeidet med å sikre organisasjonens - og medarbeidernes effektivitet. År 2000-problematikken krever visse omprioriteringer av innsatsen, både i departementet og i underliggende etater. Det er opprettet et eget år 2000-prosjekt med representanter fra alle underliggende etater.

De problemer årtusenskiftet representerer for sektoren og de tjenester og funksjoner sektoren dekker, håndteres innenfor ordinære budsjettrammer. I noen etater forventes det ekstraordinære utgifter til planlegging, utskifting og utbedringer fram mot årtusenskiftet. Disse etatene vil bli pålagt å sette av øremerkede midler.

Det gjennomføres nå risiko- og sårbarhetsanalyser i hele miljøvernforvaltningen. Departementet vil sette av noe midler sentralt til nødvendige tiltak (katastrofeberedskap, alternative samband etc.) i departementet og underliggende etater, mens øvrige kostnader vil måtte dekkes av den enkelte etat gjennom omprioriteringer innenfor budsjettet.

Miljøverndepartementet har god kontroll med bruk av bevilgninger og er kommet langt i forhold til de kravene som er gitt i det nye økonomireglementet for staten. I tråd med dette og for å legge grunnlaget for en effektiv miljøvernpolitikk, legges det vekt på å få mål og resultatkrav i miljøvernforvaltningen utformet slik at regjeringens og Stortingets politikk blir iverksatt på en god og fleksibel måte i forhold til de ulike styringsdokumenter og berørte sektorer.En sentral utfordring i miljøvernpolitikken er å integrere miljøhensyn i alle sektorer i samfunnet. Innsatsen for å tydliggjøre sektorenes ansvar er ytterligere forsterket ved at de første sektorvise miljøhandlingsplanene nå er utarbeidet for hhv. samferdselssektoren og Forsvaret. For å bedre beslutningsgrunnlaget i miljøvernpolitikken, er det iverksatt et arbeid med å bygge opp et nasjonalt resultatoppfølgingssystem innenfor miljøvernpolitikken. Overvåkning av miljøtilstanden og påvirkningsfaktorer utgjør et nødvendig grunnlag for et slikt system og betydelige midler under Miljøverndepartementets budsjett benyttes til dette. For å redusere de direkte miljøbelastningene som driften av statlig virksomhet medfører, er prosjektet «Grønn Stat» startet.

Det er dokumentert et stort behov for miljøvernforskning. Miljøverndepartementet har et eget sektoransvar for denne forskning, og et pådriveransvar for integrering av miljøvernhensyn i andre sektorers forskningsengasjement. Dette forutsetter et nært samarbeid mellom brukerne av kunnskapen og forskerne. Miljøvernforvaltningen samarbeider med Norges forskningsråd både når det gjelder behovsanalyse og problemløsning for å legge forholdene til rette for at kunnskapsproduksjonen blir målrettet og at forskningsresultatene formidles slik at de mest mulig optimalt kan nyttes i forvaltning og hos beslutningstagere for øvrig. Forskningarbeidet er et viktig virkemiddel i oppnåelse av miljøvernpolitikken, og resultatet av forskningsinnsatsen som finansieres av Miljøverndepartementet er omtalt under de enkelte resultatområder.

Miljøverndepartementet utvikler og forvalter en rekke lover, regler og instrukser som har betydning for miljøsektoren, f.eks. plan- og bygningsloven, forurensingsloven m.m. Et viktig element for å utføre forvaltningsoppgaver på en tilfredsstillende måte, er å legge til rette for systemer og prosesser som bidrar til å sikre at rettssikkerheten ivaretas på en god måte ved at restanser og antall klager holdes på et lavt nivå. Sentralt i dette arbeidet er å sikre at forvaltningen og aktører innehar riktig og god kunnskap innen de enkelte områder. Departementets innsats innen forskning, analyse og informasjonsarbeide er her viktige virkemidler.

Strategisk mål for resultatområdet er:

– Miljøvernhensyn skal integreres i alle samfunnssektorer og miljøvernforvaltningen skal innrette virksomheten slik at målene i miljøvernpolitikken nås mest mulig formåls-, styrings- og kostnadseffektivt.

- Gjennom miljøvernforskningen skal kunnskapsgrunnlaget for en bærekraftig utvikling styrkes og det skal utvikles virkemidler for å omsette kunnskapen til handling.
- Gjennom informasjonsforvaltningen skal kunnskapsgrunnlaget for et effektivt miljøvernarbeid og bærekraftig ressursforvaltning styrkes. Viktige målgrupper skal påvirkes i miljøvennlig retning og deltakerdemokratiet og vesentlige rettigheter skal styrkes gjennom tilgjengelighet til informasjon og kunnskap om miljøvern.

Resultatmåltabell for resultatområde 11 Organisasjon og økonomi:

Miljøvernforvaltningens resultatmål:	**Resultatindikatorer**	**Status**
Sikre at organisasjonen arbeider effektivt og mot riktige mål.	Initiering og gjennomføring av utredninger/ evalueringer/ -oppfølginger knyttet til forbedringer innen miljøvernområdet Antall forskningsprogrammer	Organisasjonsutviklings-arbeidet har medført gode omstillinger internt i departementet, samt at direktoratene videreutvikler metoder for å samordne og samhandle saker mellom forvaltningsnivåene. Det legges vekt på å utvikle en bedre rapportering om Rikets miljøtilstand. Miljøverndepartementet finansierer 20 forskningsprogrammer, jf kap 1410 post 51
Sikre at miljøvernhensyn blir integrert i alle samfunnssektorer	Antall sektorvise handlingsplaner	Det er utviklet 2 sektorvise handlingsplaner, henholdsvis for Samferdsels- og Forsvarsdepartementet. Miljølære er integrert i de nye læreplanene på alle trinn i skoleverket
Sikre at økonomiforvaltningen er i henhold til økonomireglementet for staten.	Bruk av statens konsernkonto, utarbeidede retningslinjer, rutiner og kontrollfunksjoner Oppfølging og kontroll av foreliggende instrukser og annet regelverk, samt utvikling av nødvendig supplerende regler	Alle virksomheter under departementet har nå innført nye økonomisystem og er tilknyttet statens konsernkonto. Det er fastsatt hovedinstrukser om økonomiforvaltningen i departementet og underliggende virksomheter. Utforming av nye regler for tilskuddsforvaltningen er godt i gang. Reglene må bl. a. ses i lys av de årlige budsjettforslag.
Øke tilgjengeligheten av miljøinformasjon via Internett	Antall treff på miljøvernforvaltningens internettsider	Store mengder miljødata er gjort tilgjengelige via internett. Det arbeides videre med samordning av all miljøinformasjon på nettet.

I forbindelse med beskrivelse av miljøprofilen i statsbudsjettet legger samtlige departementer fram oversikter over miljøproblemer innen vedkommende sektor, mål for departementets arbeide med disse utfordringene, tiltak som vil være aktuelle på kort og lang sikt og finanisering av disse og rapport om resultater fra forrige år innen de nye og forbedrede resultatområder. I tråd med forslagene i St meld nr 58 (1996-97) Miljøvernpolitikk for en bærekraftig utvikling skal det utarbeides flere sektorvise miljøhandlingsplaner og utvikles sektorvise resultatrapporteringssystem. Miljøovervåkning er sentralt for å fremskaffe det

nødvendige beslutningsgrunnlaget i miljøvernpolitikken og bevilgningene til miljøovervåkning foreslås økt i 1999. Utviklingen i miljøvernpolitikken og miljøstatus vil bli presentert årlig i dokumentet «Regjeringens miljøprofil og rikets miljøtilstand». Dette vil medføre en omlegging av St prp nr 1.

Departementet legger stor vekt på å øke tilgjengeligheten av miljøinformasjon og vil benytte Internett som en sentral informasjonskilde. Det vil bli etablert en hjemmeside i miljøvernforvaltningens regi som inneholder en beskrivelse av miljøstatus for Norge, samt et referansesystem for miljøinformasjon.

Arbeidet med å iverksette det nye økonomireglementet er godt i gang. Departementets rutiner vedrørende etats- og virksomhetsstyring er i samsvar med kravene i det nye økonomireglementet for staten. Det er fastsatt regler for forvaltning av flere tilskuddsordninger. Siden dette dreier seg om utforming av viktige virkemidler, må det ses som en del av arbeidet med de årlige budsjettforslag. Videre framover vil det i tillegg til regler for tilskuddsordningene bli arbeidet med interne økonomiinstrukser, nødvendige utfyllende bestemmelser, retningslinjer o.l. som utfylling av hovedinstruksene i miljøvernforvaltningen.

Administrative virkemidler

Intern administrasjon av statlig forvaltning er et nødvendig verktøy for å kunne iverksette regjeringens politikk, samt for å sikre en effektiv og målrettet organisasjon. Miljøvernforvaltningen har i lang tid ført en offensiv linje på informasjonsteknologiområdet. Gjennom et utstrakt samarbeid om løsninger og verktøy gir dette et godt grunnlag for en effektivitet og omstillingsevne i organisasjonen. I tillegg er organisasjonsutvikling og kompetanseutvikling av personale, internadministrasjon m.m. sentrale funksjoner. Som et ledd i å påse at miljøvernforvaltningen utvikler og rekrutterer godt kvalifisert personale legges det vekt på kompetanseutvikling ved etatsopplæring, løpende bemanningsvurderinger og organisasjons- og lederutviklingstiltak for å få en stadig bedre utnyttelse av personalressursene. Departementet legger vekt på å sikre at forvaltningen og aktører innehar riktig og god kunnskap innen de enkelte områder, hvor departementets innsats innen forskning, analyse og informasjonsarbeide er viktige virkemidler. Et bredt utvalg av miljøinformasjon er gjort tilgjengelig både gjennom internett, papirbasert informasjon, kurs, seminarer og annen virksomhet. Tilskudd til miljøvernorganisasjoner er også et viktig virkemiddel for å styrke medvirkning og engasjementet omkring ulike miljøspørsmål, jf kap 1400, post 70.

KAP. 1400 MILJØVERNDEPARTEMENTET
(jf. kap. 4400)

(i 1 000 kr)

Post	Betegnelse	Regnskap 1997	Vedtatt budsjett 1998	Forslag 1999
01	Driftsutgifter	76 603	111 610	122 460
11	Varer og tjenester	37 727		
	Sum kap. 1400	114 330	111 610	122 460

Planlagt disponering av kap. 1400 og prosentvis finansiering av aktuelle resultatområder :

(i 1000 kr)

Resultatområde	Regnskap 1997	Planlagt 1998, jf. St prp nr 1 (i S III-tall)	Planlagt disponert 1999	Pst.-vis finan-siering
1. Vern og bruk av biologisk mangfold	5 961	4 911	5 382	1,1
2. Friluftsliv	3 783	3 906	4 286	0,9
3. Kulturminner og kulturmiljøer	917	1 116	1 225	0,2
4. Hav og vannforurensing	2 522	1 451	1 592	0,3
5. Helse- og miljøfarlige kjemikalier	5 617	3 237	3 551	4,8
6. Avfall og gjenvinning	3 210	3 683	34 041	2,6
7. Klimaendringer, luftforurensing og støy	9 170	558	612	0,3
8. Internasjonalt miljøvernsamarbeid, -bistand og polarområdene	917	7 478	8 205	5,8
9. Regional planlegging	9 514	8 594	9 429	3,1
10. Kart og geodata	917	446	490	0,2
11. Organisasjon og økonomi	71 802	76 230	83 640	43,5
Sum planlagt disponert fra kap. 1400	114 330	111 610	122 460	-

Kapitlet dekker Miljøverndepartementets lønns- og driftsutgifter, samt midler til utredninger og konsulentbistand.

I forbindelse med St prp nr 65 for 1997-98 foreslo regjeringen sammenslåing av en del kapitler og poster i statsbudsjettet. Dette har medført at deler av driftspostene som Miljøverndepartementet disponerer på fagkapitlene er omdisponert til kap 1400 post 01 og utgjør størsteparten av økningen. I tillegg er det lagt inn midler for priskompensasjon og midler til renovering av departementets bygningsmasse.

Postmerknader

Post 01 Driftsutgifter

Posten dekker utgifter Miljøverndepartementet har til lønn og godtgjørelser for faste og midlertidige tilsatte. Bevilgningen dekker også departementets ordinære driftsutgifter, bl.a. reiseutgifter, IT-anskaffelser og -drift, kontortjenester, husleie og faglige utredninger/ konsulentbistand.

Mindreinntekter under kap. 4400 post 09 medfører tilsvarende mindreutgifter under denne posten.

KAP. 4400 MILJØVERNDEPARTEMENTET
(jf. kap. 1400)

(i 1 000 kr)

Post	Betegnelse	Regnskap 1997	Vedtatt budsjett 1998	Forslag 1999
02	Ymse inntekter	2 427	103	703
09	Internasjonale oppdrag			607
15	Refusjon arbeidsmarkedstiltak	17		
16	Refusjon av fødselspenger/adopsjonspenger	2 837		
	Sum kap. 4400	5 281	103	1 310

Post 02 Ymse inntekter

Miljøverndepartementet har etablert en ordning med kompetansehevende tiltak overfor de tilsatte i miljøvernforvaltningen (etatsopplæringen). Beløpet utgjør refusjon fra underliggende etater. Tilsvarende beløp er budsjettert under kap. 1400, post 11 Varer og tjenester. Det er i tillegg budsjettert med 0,6 mill kroner i refusjon fra Utenriksdepartementet i forbindelse med utgifter til medlemskap i Internationale Union Conservation of Nature som utgiftsføres over 1470 post 71.

Post 09 Internasjonale oppdrag

Posten er ny. Midlene ble tidligere budsjettert under kap. 4470 post 01 og skal finansiere de utgifter til virksomhet tilknyttet kompetansenettverket i forbindelse med miljørettet bistand. Eventuelle mindreinntekter medfører tilsvarende mindreutgifter under kap. 1400 post 01.

KAP. 1401 OPPLYSNINGSVIRKSOMHET, TILSKUDD TIL ORGANISASJONER

(i 1 000 kr)

Post	Betegnelse	Regnskap 1997	Vedtatt budsjett 1998	Forslag 1999
01	Driftsutgifter	247	7 092	9 122
11	Varer og tjenester	6 321		
70	Driftstilskudd til frivillige miljøvernorganisasjoner	21 189	24 685	24 765
72	Tilskudd til informasjonsprosjekter i regi av frivillige organisasjoner		1 409	
	Sum kap. 1401	27 757	33 186	33 887

Planlagt disponering av kap. 1401 og prosentvis finansiering av aktuelle resultatområder:

(i 1000 kr)

Resultatområde	Regnskap 1997	Planlagt 1998, jf. St prp nr 1 (i S III-tall)	Planlagt disponert 1999	Pst.-vis finan - siering
1. Vern og bruk av biologisk mangfold	500	1 925	2 035	0,4
2. Friluftsliv	0	6 875	6 875	1,4
3. Kulturminner og kulturmiljøer	400	3 675	3 675	0,7
5. Helse- og miljøfarlige kjemikalier	0	600	600	0,8
6. Avfall og gjenvinning	200	0	0	0,0
7. Klimaendringer, luftforurensing og støy	400	1 075	1 075	0,5
8. Internasjonalt miljøvernsamarbeid, - bistand og polarområdene	600	400	400	0,3
9. Regional planlegging	1 500	1 400	1 400	0,5
11. Organisasjon og økonomi	24 157	17 236	17 827	9,3
Sum planlagt disponert fra kap. 1400	27 757	33 186	33 887	-

Postmerknader

Post 01 Driftsutgifter

Posten dekker lønn til stipendiater og ekstrahjelp innenfor informasjonsvirksomheten foruten utgifter til sakkyndig hjelp til konkrete informasjonstiltak.

Bevilgningen dekker utgifter til departementets egen informasjonsvirksomhet, bl.a. informasjonssenteret og biblioteket. Posten brukes videre til pressetiltak, som kurs og reiser for å styrke pressens innsikt i miljøvernspørsmål. Utviklingskostnader til audiovisuelle produkter, elektronisk publikasjonsvirksomhet via ODIN/Internett og utvikling av intranett for oppdatert intern informasjonsformidling. Analyse- og evalueringstiltak og utvikling og implementering av departementets informasjonsstrategier dekkes også over denne posten.

For 1998 vil informasjonstiltak knyttet til biologisk mangfold, klima og energi, helse- og miljøfarlige kjemikalier og lokal Agenda 21 være prioriterte satsingsområder.

Utgifter til miljølæretiltak går delvis fra denne posten og delvis fra kap 1406 til oppfølging av miljøvernavdelingenes arbeid med lokale miljølæreprosjekter.

Post 70 Driftstilskudd til frivillige miljøvernorganisasjoner

Posten omfatter alle driftstilskudd til frivillige miljøvernorganisasjoner som gis over Miljøverndepartementets budsjett. Det er tatt inn to nye organisasjoner for tildeling av driftsstøtte fra denne posten i 1999. Samarbeidsrådet for biologisk mangfold (SABIMA) er en paraplyorganisasjon for 13 fagbiologiske foreninger med tilsammen 14.500 medlemmer. Norges Miljøvernforbund har 1.200 medlemmer.

Midler som tidligere ble tildelt fra kap 1401 post 72 Tilskudd til informasjonsprosjekter i regi av frivillige organisasjoner er fordelt til andre fagkapitler.

Mål:

Tilskuddsordningen skal bidra til å opprettholde en bredde av demokratisk oppbygde, landsomfattende organisasjoner med miljøvern som hovedarbeidsfelt, for å sikre frivillig engasjement og styrke medvirkningen i miljøvernspørsmål lokalt og sentralt, basert på faglig innsikt. Fastsetting av størrelsen på driftstilskuddene bygger bl.a. på en vurdering av organisasjonenes aktivitetsnivå sentralt og lokalt, deres økonomi og alternative finansieringsmuligheter, og ikke på medlemstall alene. Det gis ikke driftsstøtte til private stiftelser over denne posten.

Oppfølging og kontroll

Oppfølging og kontroll foregår ved generell formalia- og rimelighetskontroll av innsendte årsmeldinger og revisorbekreftede regnskap.

Organisasjon	Regnskap 1997	Vedtatt budsjett 1998	Forslag 1999 (i 1000 kr)
Miljøheimevernet	5 400	6 750	6 750
Norges Naturvernforbund	3 100	3 400	3 400
Framtiden i våre hender	1 020	1 180	1 180
Den Norske Turistforening	1 935	2 125	2 125
Norges Jeger- og fiskerforbund	2 880	3 150	3 150
Fortidsminneforeningen	1 650	1 825	1 825
Friluftslivets fellesorganisasjon	1 000	1 500	1 500
Norges Velforbund	875	1 000	1 000
Norsk Ornitologisk Forening	720	900	900
Norsk forening for fartøyvern	300	700	700
Forbundet Kysten	650	715	715
Natur og Ungdom	550	605	605
Norsk forening mot støy	430	475	475
Kulturvernets fellesorganisasjon	195	235	235
Samarbeidsrådet for biologisk mangfold		50*	50
Norges miljøvernforbund			30
Norsk Biologforening	20	25	25
Norsk Zoologisk Forening	20	25	25
Norsk Entomologisk Forening	20	25	25
Norsk Botanisk Forening	20	25	25
Foreningen Våre Rovdyr	20	25	25
Sum	20 805	24 735	24 765

** SABIMA fikk driftsstøtte fra kap 1422 i 1998.*

KAP. 1406 MILJØVERNAVDELINGENE VED FYLKESMANNSEMBETENE
(jf. kap. 4406)

(i 1 000 kr)

Post	Betegnelse	Regnskap 1997	Vedtatt budsjett 1998	Forslag 1999
01	Driftsutgifter	120 842	161 422	173 527
11	Varer og tjenester	48 176		
22	Flomskader, *kan overføres*	283		
32	Skjærgårdsparker mv, *kan overføres*	6 838		
70	Tilskudd til kalking og lokale fiskeformål, *kan overføres*	126 507	105 101	100 100
71	Tilskudd til viltformål	9 532		
	Sum kap. 1406	312 178	266 523	273 627

